

---

# **MUSIKKTERAPEUTISK KOMPETANSEOVERFØRING PÅ ALDERSINSTITUSJON**

EI KVALITATIV STUDIE OM KORLEIS TO PLEIARAR  
OPPLEVER DELTAKINGA I EIN LÆRINGSMODELL FOR Å BETRE KREVANDE  
SAMHANDLING MED BEBUARAR

---

**Camilla Hay**



Masteroppgåve i musikkterapi  
Griegakademiet, Institutt for musikk  
Universitetet i Bergen  
2017

## **Forord**

---

### **Takk til...**

Mine kjære foreldre – for ei oppfostring full av kjærleik og haldninga om at ”*du kan få til akkurat det du vil i livet*”. Dykk har gjeve meg mot til å brette opp ermene for å kjempe dei eldre sin sak.

Dykk frå den eldre garde – gjennom mine år som pleieassistent har de lært meg kor fantastisk sårbart livet er. Takk for gode og såre samtalar og varme klemmar. Takk for dykker milde blikk som har fått meg til å kjenne meg så inderleg trygg og elskar. Eg er evig takksam.

Mine kollegaer i eldreomsorga – dykker omsorg for dei eldre har synt meg betydinga av det å vere eit raust medmenneske. De er mine heltar.

Pleiarane som deltok i forskingsstudia mi – de utvida horisonten min på ein utfordrande og god måte.

Rettleiar Brynjulf Stige – takk for god oppfølging, med spennande samtalar prega av eit gjensidig engasjement og god sans for humor.

Mastergradprosjektet mitt – allereie før du blei formulert i ord var du mitt hjartebarn. Me har stått saman i mange solskinsdagar, samt nokre regntunge kveldar. Takk for inspirasjon og lidenskap.

## **Abstract**

---

### **Music therapeutic knowledge transfer in institution for elderly: A qualitative study of how two health care professionals experience participation in a learning model to ease challenging interaction with residents**

**Objective:** This thesis presents an evaluation of a learning model developed from person-centered values, built to learn carers to use musical tools to better challenging interactions with residents. The evaluations were based on the carers experiences by participating over a month period.

**Method:** The learning model was used as a practical working-method, and focus groups as data collection method.

**Results:** Person-centered care happens through the carers use of music, the tools give them energy and joy in their work, although time is a challenge. Music has multiple functions, by fostering emotions, memory, bodily improvement and inner processes in residents. It also makes a deeper connection between the carers and the residents.

**Conclusions:** Carers use of music at their working-place is vulnerable for them, which points at the necessity of carers self-care. The learning model had benefits for the carers and residents, but didn't succeed to be implemented at the institution. Further research is needed to develop adequate learning models that are possible to implement on long basis and different institutions.

# Innhaldsliste

---

<b>Forord .....</b>	<b>i</b>
<b>Abstract.....</b>	<b>ii</b>
<b>Innhaldsliste .....</b>	<b>iii</b>
<b>1 INTRODUKSJON .....</b>	<b>1</b>
<i>1.1 Motivasjon for val av tema .....</i>	2
<i>1.2 Musikkterapi som tilnærming i eldreomsorga.....</i>	2
<i>1.3 Musikkterapeutisk kompetanseoverføring i eldreomsorga.....</i>	5
1.3.1 Doktorgrad (Ottesen, 2014) .....	5
1.3.2 Ressurshefte (Stige, 2014) .....	7
1.3.3 Bok (Stige & Ridder, 2016c) .....	8
1.3.4 Oppsummering av litteraturgjennomgangen.....	9
<i>1.4 Læringsmodellen sin oppbygging.....</i>	10
<i>1.5 Problemstilling .....</i>	13
<i>1.6 Struktur for avhandlinga .....</i>	13
<b>2 LÆRINGSMODELLEN SITT TEORETISKE RAMMEVERK.....</b>	<b>14</b>
<i>2.1 Personsentrert omsorg .....</i>	15
2.1.1 Samhandling gjennom personstatus .....	15
2.1.2 Kitwood sine to omsorgsnivå .....	16
<i>2.2 Musikalske relasjoner .....</i>	18
2.2.1 ”Kommunikativ musicalitet” .....	19
2.2.2 ”Musicking” .....	20
<i>2.3 Teorien om situert læring .....</i>	21
2.3.1 Læring gjennom praksisfellesskap .....	21
<b>3 METODE.....</b>	<b>24</b>
<i>3.1 Bakgrunn for val av metode .....</i>	24
<i>3.2 Kunnskapssyn .....</i>	25
<i>3.3 Utval og rekruttering .....</i>	26
<i>3.4 Læringsmodellen som praktisk arbeidsmetode .....</i>	27
<i>3.5 Fokusgruppeintervju som datainnsamlingsmetode .....</i>	29
3.5.1 Første fokusgruppeintervju .....	30
3.5.2 Andre fokusgruppeintervju .....	30
3.5.3 Tredje fokusgruppeintervju .....	31

<i>3.6 Transkribering, analyse og fortolking</i> .....	31
3.6.1 Transkriberingsprosessen .....	32
3.6.2 Analyseprosessen .....	33
<i>3.7 Konfidensialitet, informert samtykke og konsekvensar</i> .....	35
<b>4 PRESENTASJON AV FUNN</b> .....	<b>38</b>
<i>4.1 Eit narrativ frå gjennomføringa av læringsmodellen</i> .....	39
<i>4.2 Pleiarane sine opplevingar av å delta i læringsmodellen på arbeidsplassen</i> .....	44
<i>4.3 Pleiarane sin bruk av musikk i krevande samhandling med bebuarar</i> .....	48
4.3.1 Individnivå .....	48
4.3.2 Dyadenivå .....	51
4.3.3 Gruppenivå .....	54
<i>4.4 Tilbakemeldingar ved oppfølgingsmøte</i> .....	55
<b>5 DRØFTING</b> .....	<b>57</b>
<i>5.1 Arbeidsplassen som læringsarena</i> .....	58
<i>5.2 Pleiarane sin musikkbruk med bebuarar har ulike funksjonar</i> .....	61
<i>5.3 Ivaretaking av pleiarane sin eigenomsorg i pleiekvarden</i> .....	63
<i>5.4 Implikasjonar for praksis og forsking</i> .....	66
<i>5.5 Kritisk blikk på eiga forsking</i> .....	68
<b>6 AVSLUTNING</b> .....	<b>69</b>
<b>7 LITTERATURLISTE</b> .....	<b>70</b>
<b>Vedlegg 1: Kvittering for prosjektgodkjenning frå NSD</b> .....	<b>78</b>
<b>Vedlegg 2: Tekstmelding (SMS) som rekrutteringsform</b> .....	<b>79</b>
<b>Vedlegg 3: Førespurnad om deltaking i forskingsstudie</b> .....	<b>80</b>
<b>Vedlegg 4: Samtykkeskjema</b> .....	<b>82</b>
<b>Vedlegg 5: Intervjuguide 1</b> .....	<b>83</b>
<b>Vedlegg 6: Intervjuguide 2</b> .....	<b>84</b>
<b>Vedlegg 7: Intervjuguide 3</b> .....	<b>85</b>

## 1 INTRODUKSJON

---

*Det er morgen på aldersinstitusjonen og Johanna ligg i senga. Laila, pleiar ved institusjonen er på veg inn døra. Ho veit at Johanna ofte blir sint på pleiarane, men har samtidig vissheita om at Johanna er svært glad i musikk, og då særleg "Den fyrste song" av Per Sivle. Laila byrjer å syngje denne songen medan ho nærar seg senga. Johanna smiler bredt, medan Laila gjer seg ferdig med første verset. "God morgen" kvitrap Laila, og spør Johanna om ho vil være med på badet. Medan dei held kvarandre sitt blikk held Laila fram med å syngje. Johanna svingar beina sakte utfor sengekanten, grip Laila si hand og stemmar i: "... du synte meg ein fager veg...". Når dei kjem til tredje verset opnar dei døra til badet og morgonstellet er i gong.*

Fortellinga ovanfor er teke frå ein pleiesituasjon eg hadde med ein av mine bebuarar. Skildringa er eit av mange døme på samhandlingssituasjoner eg ved mi åtte års erfaring som pleiar på ulike aldersinstitusjonar har hatt med bebuarar. I mi samhandling med "Johanna" tok eg i bruk musikk for å betre samhandlinga, ved å prøve å skape tryggleik og ei roleg atmosfære. Denne og liknande erfaringar er årsaken til mi drivkraft i å utvikle eit musikkterapeutisk kompetanseoverføringstiltak, som denne avhandlinga handlar om. I denne forbindning utvikla eg ein læringsmodell som to pleiarar på ein aldersinstitusjon deltok i, der eg sjølv var fasilitator. Målet var å gje pleiarane musikalske verktøy dei kunne nytte for å betre krevjande samhandling med bebuarar. I denne læringa var teori om personsentrert omsorg og musikalske relasjoner sentral, og desse vil bli meir utdjupa både seinare i dette kapittelet, så vel som i kapittel to der eg tek føre meg læringsmodellen sitt teoretiske rammeverk.

Læringsmodellen bestod av tre refleksjonsmøter, og to mellomperiodar der pleiarane prøvde ut musikken i pleiekvarden. I gjennomføringa av læringsmodellen fungerte refleksjonsmøta også som fokusgruppeintervju, der samtalane vart teke opp på lydopptakar. Dette då eg ville laga ei studie som fokuserte på korleis pleiarane opplevde å delta i læringsmodellen eg hadde utarbeidd, i høve til å betra krevjande samhandling med bebuarane deira. Meir om oppbygging av læringsmodellen kjem i punkt 1.4, men først vil eg i dei neste punkta sette læringsmodellen inn i ei større kontekst. Dette inneber å presentere utfordringar i dagens norske eldreomsorg, musikkterapi som ei hensiktsmessig tilnærming, og gje ei litteraturoversikt over musikkterapeutisk kompetanseoverføring i eldreomsorga.

## **1.1 Motivasjon for val av tema**

Livskvaliteten til eldre pleietrengande har vore eit heitt emne i ei rekke mediediskusjonar i Noreg. ”Ein verdig alderdom” deklarerast det frå talarstolen på Stortinget. Denne setninga er samstundes attgjeve i forskrifta om ein verdig eldreomsorg (2011). Ut ifrå mi eiga pleieerfaring har eg fleire gonger kjend at det kan være krevande og utfordrande å finne ut korleis eg kan bevare kvar einskild bebuar sin livskvalitet på best mogleg måte. Dette kan skuldast tidspress, for mange arbeidsoppgåver, eller ei kjensle av å ikkje ha nok kompetanse til å møte enkelte situasjonar med bebuarane. Dette har ofte resultert i eit därleg samvit både under og etter vakt.

Desse opplevingane samsvarer med svært mange av mine kollegaer sine forteljingar rundt det å være pleiar i eldreomsorga. Dette set også sosialantropolog Halvard Vike (2007) lys på når han skildrar eldreomsorga som ein dugnadskultur der det blir stilt svært høge krav til pleiarane sin effektivitet. Etter gjentakande slike samtalar har eg blitt både motlaus og oppgitt, men deretter svært kampvillig for å kunne bidra til ei endring av noverande praksis.

I denne kampånda byrja eg for rundt seks år sidan å stille spørsmålet om korleis musikken kunne bidra. Allereie før eg byrja på musikkterapistudiet hadde eg som pleiar erfart korleis song og musikk hadde oppløftande og roande verknad på bebuarane mine. Dette skjedde gjennom at eg heilt enkelt nynna og song på melodiar, utan å ha noko særleg musikkfagleg bakgrunn. Som musikkterapistudent har eg dei siste fem åra stadig lært nye musikalske verktøy som har vore nyttige for å byggje gode relasjonar og få til god kommunikasjon med bebuarane eg har jobba med. Desse erfaringane har gjort at eg i situasjonar der eg før blei motlaus no har aktive reiskap som eg nyttar meg av. Dette motiverte meg til å byggje ein læringsmodell som forhåpentlegvis kunne hjelpe fleire pleiarar i krevande samhandling med bebuarar.

## **1.2 Musikkterapi som tilnærming i eldreomsorga**

Før eg går i gong med å gje eit bilet av konteksten for læringsmodellen, er det naudsynt å klargjere nokre omgrep som er særleg sentrale i denne avhandlinga. Når eg tek i bruk ordet aldersinstitusjon meiner eg institusjonar kor eldre får døgnpleie, i hovudsak aldersheim og sjukeheim. Eldregruppa som bur på slike institusjonar kallar eg bebuarar. Dette er bevisst valt framfor ordet pasient, då eg synest ordet bebuar er meir nøytralt. Samhandling er eit anna sentralt omgrep, som eg vil forstå synonymt med interaksjon. Her har eg valt å knytte meg til

den personsentrerte tilnærminga, som er ei relasjonell omsorgstilnærming. Primært er tilnærminga meint for demensomsorga, men med perspektiv om korleis alle menneske er unike, og at det er viktig å fokusere på heile menneskjer, og ikkje berre diagnosen, ser eg det som ei tilnærming relevant i møte med alle eldre. Kitwood (1997) beskriv at interaksjon ikkje handlar om å respondere til signal, men om å dele meningar som blir formidla, som inneber refleksjon, forventing og kreativitet. I teksten vil fokuset vere på samhandlinga mellom pleiarane og bebuarar på aldersinstitusjon. Slik samhandling kan også være krevande, dersom den ber preg av misforståingar og ueinigkeit, opplevd av ein eller begge partar. Typiske slike samhandlingssituasjonar er ved morgen- og kveldsstell, ved måltidsassistanse, og elles i andre aktivitetar i kvardagen.

Ei av årsakene til at samhandlinga mellom pleiarar og bebuarar kan være krevande, er fordi bebuarar på norske aldersinstitusjonar i dag har meir samansette og komplekse sjukdomsbileter enn før. Her inngår sjukdomar som funksjonell svikt, eksempelvis ved alderssjukdomar som aldersdemens, parkinsons, beinskjørheit og hjerneslag (Engedal, 2014). Særleg dominerande er demens, som 70-80 % av alle bebuarar ved aldersheim er ramma av (Berentsen, 2008). Denne diagnosen er kjenneteikna av kognitiv svikt, minnetap og reduksjon av andre mentale funksjonar som dømekraft, evne til å planlegge og tenke abstrakt, slik at kvardagssysselar blir vanskeleg å meistre (Langballe & Hånes, 2015).

Demens er ei av dei leiande årsakene til eldre si uførheit og avhengigheit av hjelp i heile verda (World Health Organisation, 2016, april ). Rapport om demens frå Folkehelseinstituttet uttrykker at auka levealder fører til at samfunnet i framtida vil møte utfordringar, då auka levealder vil føre til ei auke i menneske med demens (Skirbekk, Strand & Tambs, 2015).

Desse komplekse sjukdomsbileta skaper behov for fleire alternative behandlingstilbod, der musikkterapi kan være eit slikt alternativ (Erlandsen, 2014). Det har den siste tida blitt meir etterspurnad slike musikkterapeutiske tiltak på norske aldersinstitusjonar, og Kvamme (2013) meiner dette kan ha samanheng med den stadig meir etablerte musikkterapeutiske evidensbaserte forskinga på effekten av musikkterapi som tilnærming på aldersinstitusjon (Livingston et al., 2014), i samanheng med eit pasientsentrert fokus<sup>1</sup> i eldreomsorga. Det er

---

<sup>1</sup> Dette omgrepet er i tråd med teori om personsentrert omsorg om å ta pasienten på alvor, gje rom for brukarmedverknad, og prøve å forstå kva som er viktig for pasienten (Johannessen, 2015).

gjennomført studier som syner at musikkterapi på individnivå i ulik grad kan ha påverknad på åtferda, psykologiske symptom og agitasjon hos menneske med demens, betre minnet og ha effekt på sinnstemningar og symptom på depresjon hos eldre (Choi, Soo Lee, Cheong & Lee, 2009; Kvamme, 2013; McDermott, Crellin, Ridder & Orrell, 2013; Ridder, 2011; Ridder, Stige, Qvale & Gold, 2013).

Det er også gjort internasjonal forsking på helsepersonell sin bruk av musikk med bebuarar (Skingley & Vella-Burrows, 2010), der det er vist at song og bakgrunnsmusikk i møte med bebuarar med demens reduserer behavioristiske og psykologiske symptom (Götell, Brown & Ekman, 2002, 2003, 2009; Hammar, Emami, Götell & Engström, 2011). Å hjelpe pleiepersonell til å nytte musikk som ein del av miljøbehandlinga er også gjennom ei nasjonal føring kome som eit pålegg frå den norske regjeringa. Helsedirektoratet har sett dette på prioriteringslista ved å gje ut midler til miljøbasert behandling for eldre, i tilknytting til Kompetanseløft 2020 (Helsedirektoratet, 2017). Helsedirektoratet administrerer også Nasjonalt kompetancesenter for kultur - helse og omsorg, som driver opplæringsprogram i musikk som miljøbehandling (Nasjonalt kompetancesenter for kultur - helse og omsorg). Nasjonalt kompetancesenter for aldring og helse (2017) syner også til tilsvarande tilbod, mellom anna ”ABC musikkbasert miljøbehandling”. Ein forløpar for mange av desse tiltaka er Audun Myskja, allmennlege med doktorgrad i musikkterapi.

Tiltaka i denne regien er derimot ikkje musikkterapeutiske, med bruk av utdanna musikkterapeutar. I introduksjonen til eit ressurshefte for musikkterapeutar i eldreomsorga, basert på prosjektet ”*Musikk og eldre 2008-2014*” (Stige, 2014), skriv Stige at det å bruka musikkterapeutar til slikt arbeid kan sikre kvaliteten i overføringa av kunnskapen. Musikkterapi er ei femårig universitetsutdanning kor studentane får både ei musikalsk, relasjonell og akademisk kompetanse. Difor kan det garanterast høg kompetanse ved å nytte utdanna musikkterapeutar i dette arbeidet.

Musikkterapeutisk kompetanseoverføring er også lagt vekt på i boka *Musikkterapi og eldrehelse* (Stige & Ridder, 2016c). Ved at musikkterapeutar som arbeider i eldreomsorga vekslar mellom å bruke ein indirekte arbeidsmetode, ved kompetanseoverføring, i supplering til direkte musikkterapeutisk arbeid vil ein slik kunne arbeide på fleire nivå samtidig. Musikken kan då få eit utvida sosio-musikalsk uttrykk ved å omhandle møtet mellom musikken og heile institusjonen, både enkeltmennesket og konteksten (Pavlicevic et al., 2015).

Til no er det ikkje etablert mange læringsmodellar for musikkterapeutisk kompetanseoverføring i eldreomsorga, med unntak av Aase Marie Ottesen (2014). Danske musikkterapiprofessor Hanne Mette Ridder, saman med doktorstipendiat Orii McDermott, gjennomfører også for tida (2015-2019) eit forskingsprosjekt kalla PAMI (Person Attuned Musical Interaction in Dementia Care) (Ridder, 2016c). Dette prosjektet består av to ledd. I første leddet søker dei å identifisere kjernekomponent i vellukka samhandling, som i andre ledd skal brukast i kompetanseoverføring. Utover desse har eg ikkje funne fleire modellar for musikkterapeutisk kompetanseoverføring. I neste punkt vil eg gje ei oversikt over litteraturen om musikkterapeutisk kompetanseoverføring i kontekst av eldreomsorga.

### **1.3 Musikkterapeutisk kompetanseoverføring i eldreomsorga**

I litteratursøket mitt har eg teke utgongspunkt i tilgjengelege studiar skrivne på engelsk eller skandinavisk. Eg starta først med å handsøke sentral musikkterapeutisk litteratur (Ottesen, 2014; Stige, 2014; Stige & Ridder, 2016c). Der fann eg kjelder, så vel som nykkelord som eg vidare nytta i eit elektronisk databasesøk i PsycINFO, PubMed, Embase, RILM og Oria.no. Søket innebar følgende nykkelord med ulike kombinasjonar: music therap\*, knowledge transfer\*, consultation\*, supervision\*, advice\*, nursing home\*, dement\*. I det elektroniske søket fekk eg ingen treff. Dette samsvarar med Ottesen (2014), som skriv at hennar søk om musikkterapeutisk kompetanseoverføring for pleiarar i demensfeltet heller ikkje gav treff.

Difor valte eg å ta utgongspunkt i den handsøkte litteraturen (Ottesen, 2014; Stige, 2014; Stige & Ridder, 2016c), og utdjupa denne ytterlegare. Eg valte dette framfor å utvide søket mitt, då eg var særleg interessert i å peike på kor mykje litteratur som er skriven om musikkterapeutisk kompetanseoverføring i eldreomsorga.

#### **1.3.1 Doktorgrad (Ottesen, 2014)**

I 2014 blei i doktorgradsavhandling av den danske sjukepleiaren Aase Marie Ottesen (2014) publisert med tittelen *"Anvendelse af musikterapi og Dementia Care Mapping i en læringsmodel til udvikling af musiske og interpersonelle kompetencer hos omsorgsgivere til personer med demens. Et casestudie med en etnografisk tilgang"*. Avhandlinga omfatta eit musikkterapeutisk kompetanseoverføringstiltak i demensomsorga. Målet var å utvikle

kommunikasjons- og omsorgsmetodar som kunne bidra til ei auka livskvalitet og trivsel hos bebuarar med demens. Dette ved å styrke dei musiske og interpersonlege kompetansane til pleiarane, slik at dei betre kunne møte bebuarane sine psykososiale behov.

Prosjektet hadde også fokus på implementering av læringsmodellen, som foregjekk gjennom eit kryss-disiplinært samarbeid mellom autorisert musikkterapeut, forskar (Aase Marie Ottesen), og helsepersonell i demensomsorga. Studien fann stad på ein bustad for menneske med demens, der det blei nytta ein personsentrert læringsmodell. Over eit års periode deltok fire pleiarar og fire bebuarar på ni gruppemusikkterapitimar. Musikkterapien fungerte som hovudlæringsarena for pleiarane, saman med refleksjonsmøter der Dementia Care Mapping<sup>2</sup> blei nytta. Musikkterapitimane blei også filma, og videoopptak blei slik ein del av pleiarane sine læringsprosessar. Samtidig blei helsepersonellet også introdusert for eit spenn av teoriar. Forskar hadde ansvaret for vidarelæringa av teoriane, og var slik også fasilitator for pleiarane sine læringsprosessar.

Implementering av læringsmodellen på bustaden var også ein vesentleg del av prosjektet, og i relasjon til dette blei det laga ein aksjonsplan med 15 punkt. Dette gjennom samarbeid mellom forskar/fasilitator og pleiarane. Ein viktig del av dette arbeidet var at pleiarane som deltok i læringsmodellen også fungerte som ambassadørar. Dette innebar å dele deira nye kunnskap og kompetanse med kollegaer, og sjølv omsette læringa slik at dei kunne nytte den i pleiesituasjonar med bebuarar i kvardagen.

Som forskingsmetode brukte Ottesen (2014) ei blanding av både kvalitative og kvantitative data, med hovudvekt på kvalitativ tilnærming. Forskinsstrategien omhandla eit kasusstudie med ei etnografisk tilnærming. Her blei dei kvantitative dataa innsamla gjennom måleinstrumenta ADRQL (Alzheimer Disease-Related Quality of Life) og CMAI (Cohen-Mansfield Agitation Inventory). Målingane blei gjort før og etter musikkterapiprosessen. Samtidig blei DCM observasjons- og tilbakemeldingsmetoden brukt både for innsamling av dei kvantitative og kvalitative dataa, der dette blei gjort før og etter musikkterapiprosessen, i tillegg til i tredje og sjuande musikkterapitimen.

---

<sup>2</sup> Dementia Care Mapping (DCM) er ein observasjons- og tilbakemeldingsmetode som ser på grad av aktivitet og tilfredsheit hjå menneske med demens, og korleis pleiarane si samhandling påverkar denne åferda (Høstmælingen, 2009, juni).

Funna til Ottesen (2014) viser at tiltaket hadde positive utfall for bebuarane sin livskvalitet og velvære, der dette blei tolka ut ifrå at bebuarane verka å vere meir til stades, deltok meir, og framstod gladare i kvardagen. Funna viste også at implementeringa av læringsmodellen bidrog til at helsepersonellet sine interpersonlege og musikalske kompetansar blei utvikla. Dette innebar ei utvikling av deira perspektiv når det gjaldt deira relasjonelle møter med bebuarar, og at dei tileigna seg nye åtferdsmønstre, der dei hadde lært å integrere ulike musikalske og musikkterapeutiske element.

Dei relasjonelle møta med bebuarar hadde som følge av læringsprosessen bore preg av helsepersonell sine endra perspektiv og forståing. Desse endringane hende ved at deltakarane i studien lærte gjennom eit praksisfellesskap, der pleiarane reflekterte fagleg og slik utfordra kvarandre. Desse prosessane hende også gjennom at helsepersonellet opplevde vellukka samhandlingssituasjonar, og fekk tilbakemeldingar i løpet av læringsprosessen. Som implikasjon for forskinga skriv Ottesen (2014) at det i framtida kan vere gunstig å prøve ut læringsmodellen på andre bustadar for demens, og her nytte andre metodar.

### **1.3.2 Ressurshefte (Stige, 2014)**

Det dansk-norske fagnettverket ”Nettverket musikk og eldre: Samarbeid for forsking og kunnskapsutvikling om musikk, musikkterapi og eldre” koordinert av GAMUT (Grieg akademiets musikkterapeutiske forskingssenter) har utvikla eit ressurshefte kalla ”Ressurshefte for musikkterapeuter i eldreomsorgen” (Stige, 2014). I dette heftet handlar del to og tre om indirekte arbeid og opplæring av helsepersonell og andre samarbeidspartnarar som del av dette arbeidet (Bøysen & Salhus, 2014; Sandve & Enge, 2014).

I del to skriv Sandve og Enge (2014) at indirekte musikkterapiarbeid kan forståast som eit ytterpunkt av direkte arbeid, der musikkterapeuten dynamisk flyttar seg på linja mellom direkte og indirekte. Her blir indirekte arbeid definert slik:

*”...en samlebetegnelse for det musikkterapeuten gjør av undervisning og rådgiving til annet helsepersonell. Det kan for eksempel være konkret rådgiving i forhold til praktisk arbeid, ulike typer kurs eller modellæring, hvor musikkterapeuten gir råd om hvordan musikk kan innndrages i pleie og aktiviteter.”*

Definisjonen rommar ulike tilnærmingar til indirekte arbeid der målet er å gje andre faggrupper ei musikkkompetanse, i form av musikalske reiskap dei kan ta i bruk saman med si allereie gode relasjonskompetanse, for å møta pasientar sine psykososiale behov. Sandve og Enge (2014) presiserer også viktigheita av at musikkterapeutar har direkte erfaring før dei driv indirekte arbeid, då ein gjennom direkte musikkterapeutisk arbeid utviklar ei musikalsk relasjonskompetanse, som er viktig i det indirekte arbeidet.

Det finnast ulike måtar å gjera slikt arbeid, og Sandve og Enge (2014) skriv at ein både kan lære opp pleiarar til å nytte musikk på ein relasjonell måte i enkeltilfelle i særleg krevande omsorgssituasjoner, så vel som å rådgje helsepersonell i å kartlegge, planlegge og utføre ulike gruppetilbod, eksempelvis allsong, musikklytting og musikk til rørsle.

Det er viktig at musikkterapeutar prioriterer indirekte arbeid, skriver Sandve og Enge (2014). Dette då det er få musikkterapeutar sett opp mot talet på sjukeheimar i Noreg, og grunna det uttalte ønskje og behovet for at fleire sjukeheimar skal få tilbod om musikkterapeut som gjev råd og rettleiar pleiarar sin bruk av musikk med bebuarar. Samtidig er indirekte arbeid viktig dersom bruken av musikk og song skal bli tilstrekkeleg implementert på aldersinstitusjonar som ein del av miljøbehandlinga.

I del to i ressursheftet framhever Bøysen og Salhus (2014) viktigheita av at musikkterapeuten deltek i tverrfagleg arbeid, for å kunne utveksle informasjon og kunnskap med andre fagprofesjonar. Forfattarane skildrar også viktigheita av at musikkterapeuten arbeider på fleire plan, ved direkte og indirekte arbeid. Bøysen og Salhus (2014) skriv også om ulike måtar musikkterapeuten kan lære opp helsepersonell i systematisk bruk av musikk. Dette kan vere i form av kurs og undervisningstimar både ved skular og aldersinstitusjonar. Har ein kurs på institusjonar, presiserer forfattarane at det er ei føresetnad at opplæringa foregår over tid, slik at kunnskapen kan reflekterast rundt og slik modnast gjennom ei læringsprosess hjå dei ein lærer opp.

### **1.3.3 Bok (Stige & Ridder, 2016c)**

Boka ”Musikkterapi og eldrehelse” spring ut ifrå nettverket som er beskriven i punktet ovanfor (Stige, 2014). I fleira av kapitla i denne boka har indirekte arbeid fått fokus. I eit av kapitla av Ridder (2016a) skriv ho om det å lære opp mellom anna pleiarar til å nytte tilrettelagt musikk med bebuarar, der ho presenterer ei oversikt over musikkaktivitetar helsearbeidarar kan

nyttiggjera seg av. I eit anna kapittel skriv Ridder (2016b) om korleis musikkterapi gjennom tverrfagleg samarbeid kan bidra til ei betre avslutning på livet for den eldre, ved ei personsentrert omsorg, der musikk blir brukt med relasjonen i sentrum. Her trekker Ridder mellom anna fram ein kontinuum modell ved å syne til Bunt & Stige (2014), der kontinuum er ei illustrasjon av korleis musikkterapeuten arbeider både direkte og indirekte på aldersinstitusjonen. Ridder skriv at musikkterapeuten i det indirekte arbeidet arbeider med relasjonen mellom den enkelte person og vedkommande sitt nettverk.

Ridder forklarer at musikkterapeuten i indirekte arbeid bygger på det direkte arbeidet, og korleis ein slik vidareformidlar erfaringar og kunnskap til personale og pårørande. Her fungerer musikkterapeuten som rettleiar i korleis andre kan nytte musikkopplevelingar, for å møte personar med demens sine psykososiale behov i daglege situasjoner.

Eit av kapitla er skrive av Ottesen og Jacobsen (2016), og omhandlar kompetanseutvikling av omsorgsgjevarar. Dette er ei skildring av forskingsprosjektet som kom ut ifrå doktorgraden til Ottesen (2014). Forfattarane fokuserer på dei ulike læringsmetodane og læringsromma som inngjekk i kompetanseutviklinga i doktorgraden sitt forskingsprosjekt. Her skriv dei om korleis målretta musikkbruk som kommunikativ intervensionsform i demensomsorga kan bidra til utvikling av relasjonelle møter mellom omsorgsgjevarar og personar med demens. Dei påpeiker også at læringsmetoden er viktig, der dei skriv at *"en faciliterende tilgang, der er støttende, udvidende, udfordrende og har et procesorientert fokus, kan virke fremmende på omsorgsgivernes lærings- og utviklingsproses"*.

Åse Hyldgaard (2016) er også forfattar i eit av kapitla. Ho fortel mellom anna om omsorgssong, der ho forklarer ein modell kalla Music Therapeutic Caregiving (MTC), etablert av Eva Gøtell. Modellen inneber at pleiarar syng for, eller saman med, demensramma personar i pleiesituasjoner, der musikkterapeuten fungerer som rettleiar. Musikkterapeuten med denne rollen i omsorgssong kan vere eit nyttig bidrag i eit tverrfagleg samarbeid, for at ei forsvarleg omsorg skal oppretthaldast ovanfor personar med demens på aldersinstitusjonar.

### **1.3.4 Oppsummering av litteraturgjennomgangen**

Litteraturen peiker på viktigeita av at musikkterapeuten arbeider på fleire plan, med eit spenn mellom direkte og indirekte arbeid. Her er det ein føresetnad at musikkterapeuten har erfaring frå direkte musikkterapeutisk arbeid før vedkommande går i gong med indirekte arbeid. I

litteraturen blir både ordet indirekte arbeid og kompetanseoverføring brukt for arbeid der musikkterapeuten driv opplæring og rådgjeving for pleiarar. Slikt arbeid kan også omfatte det å delta i det tverrfaglige samarbeidet, der musikkterapeuten overfører så vel som dreg nytte av kunnskap frå andre fagdisiplinar, for vidare bruk i det direkte musikkterapeutiske arbeidet. Litteraturen syner, som tidlegare nemnd, at det til no er utvikla få modellar for musikkterapeutisk kompetanseoverføring for pleiarar i eldreomsorga. Læringsmodellen min har som mål å vere eit slikt bidrag, og eg vil no forklare oppbygginga av den.

## 1.4 Læringsmodellen sin oppbygging

I oppbygginga av læringsmodellen tok eg aktivt i bruk musikkterapeutisk litteratur. Særleg innebar dette Ottesen (2014) sin læringsmodell, då dette var den einaste etablerte læringsmodellen eg kunne finne. I likskap med Ottesen (2014) valde eg å ha den personsentrerte tilnærminga som verdigrunnlag, grunna verdiane om å ha eit heilskapleg syn på menneske. Samtidig støtta eg meg til den musikkterapeutiske litteraturen som blei presentert i litteraturgjennomgangen. Mi eiga pleieerfaring var også sentral i denne prosessen, då eg slik hadde ei forståing av kva ein som pleiar kunne ha nytte av å læra.

På bakgrunn av dette bygga eg ein læringsmodell som innanfor tidsramma for eit masterprosjekt kunne vere mogleg å gjennomføre, kor eg nytta ei forenkla versjon av Ottesen sin læringsmodell. Dette var eit bevisst val då eg ville sjå om ein mindre ressurskrevande modell ville ha nytte for pleiarane. Om dette blei utfallet, ville læringsmodellen min kunne bli implementert på eit større tal institusjonar utan å vere for krevande å gjennomføre. Med dette som utgangspunkt bygde eg opp læringsmodellens struktur og innhald som vist i figur 1. Figuren illustrerer tiltaksperioden, der radene øvst til nederst symboliserer tidsperioden på ein månad, tida då tiltaket pågjekk.

Den enkelte rada skildrar dei ulike delane av læringsmodellen, som i grove trekk inneber ei veksling mellom å delta på tre fokusgruppeintervju, to mellomperiodar der pleiarane tek i bruk musikk i pleiekvarden. I tillegg kjem ein etterperiode etter tiltaksslutt, før eit oppfylgingsmøte meint for å høyre korleis tida etter deltakinga har vore i høve til bruken av musikk med bebuarane. I resten av avhandlinga vil fokusgruppeintervjua også bli omtala som

refleksjonsmøter, møter og samlinger, dette grunna flyten i teksten. Her meinast tida då pleiarane og eg er samla for samtale i forbindning med tiltaket.

Læringsmodellen blei gjennomført på arbeidsplassen til pleiarane, og eit fokus i læringa var slik at den skulle væra situert, altså ut ifrå pleiarane sin kontekst (Lave & Wenger, 2003). Sjølve strukturen i læringsmodellen blei satt i forkant av gjennomføringa, som også innebar ei teoretisk ramme som del av læringsopplegget. Denne ramma vil eg presentere i kapittel to. Sjølv om denne ramma var satt, valde eg å ha ei framme eit ønskje om pleiarane sine bidrag til å påverke innhaldet på refleksjonsmøta, og kome med tilbakemeldingar på om teorien var nyttig for dei.

I gjennomføringa av læringsmodellen var eg både forskar og fasilitator for pleiarane. Denne doble rollen vil eg reflektera over i metodekapitlet. Som fasilitator var målet å nytta min kompetanse som musikkterapistudent og pleiar for å leggja til rette for læring hjå pleiarane. Samtidig ville eg i høgst grad i læringa ta utgangspunkt i deira kompetanse. Fokuset var her å få til ein dialog kor alle partar kunne ta i bruk sin kompetanse i læringa om korleis nytte musikk i krevande samhandling. Siktemålet for gjennomføringa av tiltaket var slik å prøve ut og evaluere læringsmodellen, og eg var her særleg interessert i pleiarerfaringar.

Første fokusgruppeintervju	<ul style="list-style-type: none"> <li>Presentasjon av tiltaket, og felles drøfting rundt dette.</li> <li>Presentasjon av teori, og felles drøfting rundt dette.</li> <li>Felles drøfting over konkrete samhandlingssituasjoner, og korleis ta i bruk musikalske element.</li> <li>Felles drøfting rundt forventingar og praktiske aspekt av tiltaket.</li> </ul>
Mellomperiode	<ul style="list-style-type: none"> <li>Pleiarane testar ut musikkbruk i arbeidskvardagen.</li> </ul>
Andre fokusgruppeintervju	<ul style="list-style-type: none"> <li>Felles drøfting over korleis mellomperioden har vore.             <ul style="list-style-type: none"> <li>Utgangspunkt i konkrete samhandlingssituasjoner, der fasilitator knytter dette opp mot teorien introdusert på første fokusgruppeintervju.</li> </ul> </li> </ul>
Mellomperiode	<ul style="list-style-type: none"> <li>Pleiarane testar ut musikkbruk i arbeidskvardagen.</li> </ul>
Tredje fokusgruppeintervju	<ul style="list-style-type: none"> <li>Felles drøfting over korleis mellomperioden har vore.             <ul style="list-style-type: none"> <li>Utgangspunkt i konkrete samhandlingssituasjoner, der fasilitator knytter dette opp mot teorien introdusert på dei tidlegare fokusgruppeintervjuia.</li> </ul> </li> <li>Drøftingar over forventningar til vegen vidare etter tiltaksslutt.</li> </ul>
Ettertid	<ul style="list-style-type: none"> <li>Perioden etter tiltaksslutt.</li> </ul>
Oppfølgingsmøte	<ul style="list-style-type: none"> <li>Drøftingar over korleis perioden etter tiltaksslutt har vore, med tanke på bruken av musikk i arbeidskvardagen.</li> <li>Drøftingar over læringsmodellen som heilheit.</li> <li>Innvendingar på det som blei sagt på fokusgruppeintervjuia, etter å ha fått lese analysearbeidet.</li> </ul>

Figur 1: *Læringsmodellen*

## **1.5 Problemstilling**

I dette kapittelet har omfatta ei presentasjon av læringsmodellen eg utvikla for å læra pleiarar musikalske verktøy å nytte i krevande samhandling med bebuarar. Læringsmodellen har eg sett inn i aldersinstitusjonskonteksten og musikkterapeutisk kompetanseoverføring, og relatert til teorien om personsentrert omsorg. Dette har leia fram til problemstillinga som eg no vil presentera og bruke resten av denne avhandlinga på å svare:

*"Musikk som personsentrert omsorg i krevande samhandling med bebuarar på aldersinstitusjon: Korleis opplever pleiarar det å delta i eit musikkterapeutisk kompetanseoverføringsstiltak i form av ein læringsmodell på arbeidsplassen?"*

## **1.6 Struktur for avhandlinga**

I neste kapittel vil eg ta føre meg det teoretiske rammeverket eg nytta i gjennomføringa av læringsmodellen. Vidare vil eg i metodekapitlet syne korleis eg utarbeide og gjennomførte læringsmodellen, både som fasilitator og forskar. Her vil eg greie ut om metodologiske implikasjoner som dukka opp undervegs. Deretter vil eg i kapittel fire presentere funna eg fann fram til ved å transkribere og analysere samtalen frå fokusgruppeintervjua. Til slutt vil eg i kapittel fem drøfte rundt dette i lys av teori og eigne refleksjonar.

## 2 LÆRINGSMODELLEN SITT TEORETISKE RAMMEVERK

---

*"It is not that theory is important in itself,  
but that it can challenge popular misconceptions;  
and it helps to generate sensitivity to areas of need,  
giving caring actions a clearer direction."*

Kitwood ref. i Kitwood (1997, s. 15)

Læringsmodellen var bygga opp av eit tresidig teoretisk rammeverk. Desse vil eg introdusere om litt, men først vil eg gje ei påminning om konteksten der læringsmodellen blei gjennomført. Læringsmodellen fann stad på ein aldersinstitusjon der eldre får døgnpleie, der var fokus på å betre krevande samhandling. Forstått ut ifrå Kitwood (1997) sine personsentrerte verdiar om interaksjon vil dette seie å det å dele meiningane som blir formidla, der dette inneber refleksjon, forventning og kreativitet. I kontekst av avhandlinga mi handlar dette om møta mellom pleiarane og bebuarane som ber preg av misforståingar og ueinigkeit, opplevd av ein eller begge partane.

Eg starta dette kapittelet med eit sitat av Kitwood, då desse fire linjene var ei inspirasjon og minning for meg i korleis eg ved å gjennomføre læringsmodellen ville ta i bruk teorien for å utvikle pleiepraksisen. Dette i form av å lære opp pleiarane til å bruke musikk i samhandlinga med bebuarar. Då det teoretiske rammeverket var så sentralt i gjennomføringa, valde eg å presentere det allereie i dette kapittelet, slik at eg i metodekapittelet kan visa korleis denne teoretiske ramma har hatt implikasjonar for forskingsprosessen.

Dette inneber teorien om personsentrert omsorg (Kitwood, 1997), som fungerte som verdigrunnlag for korleis samhandlinga skulle foregå. Ut ifrå dette grunnlaget blei teori om musikalske relasjonar syna (Malloch & Trevarthen, 2009; Small, 1998), som grunnlag i læringa av musikalske verktøy pleiarane kunne nytta i møte med bebuarane. Teorien om situert læring (Lave & Wenger, 2003) nytta eg i planlegginga av korleis læringsprosessane skulle foregå. I dette kapittelet vil eg forklare hensikta den enkelte teorien hadde i oppbygginga av læringsmodellen.

## **2.1 Personsentrert omsorg**

Som nemnd innleiingsvis var personsentrert omsorg verdigrunnlaget i læringsmodellen, meint som eit fundament bygga av verdiar for god samhandling. Denne teorien omsorg er utvikla av den engelske psykolog Tom Kitwood (1997), og er eit bidrag til korleis ein kan yte gode omsorgstenestar i møte med mennesker med demens. Her frammas perspektivet om å sjå kvar enkelt-person som eit sjølvstendig individ med ei unik historie og unike behov. Grunna dette bio-psyko-sosiale menneskesynet meiner eg, som nemnd innleiingsvis, at tilnærminga er gunstig i samhandling med alle eldre uavhengig av diagnose, som læringsmodellen er retta mot.

I dag er det nasjonalt eit auka fokus på den personsentrerte tilnærminga, særleg innanfor demensomsorga, der Helsedirektoratet har utvikla ei Nasjonal fagleg retningslinje som for tida er oppe til høyring. Her har personsentrert omsorg fått sterk anbefaling, med målet om å mellom anna betre samhandling i møte med personar med demens (Helsedirektoratet, 2016). Det er også gjennomført internasjonal forsking på effekten av å ta i bruk eit slikt personsentrert verdigrunnlag (Brooker, Wooley & Lee, 2007; Chenoweth et al., 2009; Fossey et al., 2006; Stein-Parbury et al., 2012).

### **2.1.1 Samhandling gjennom personstatus**

Å yte optimale helsetenester inneber god samhandling med bebuarane. Dette perspektivet er sentralt i den personsentrerte tilnærminga, og Kitwood forklarer dette ut ifrå omgrepet *personhood*. Dette omgrepet er også omtala i musikkterapeutisk litteratur, der Stige og Ridder (2016b, s. 23) har omsett til det norske *personstatus*. Dei forklarer at denne versjonen av omgrepet omfattar at ein er subjektiv, har verdigheit, har ein eigen identitet, og at ein sjølv både er privat og sosial. Her inngår det at personstatus går utover personlegdom, og at ein får bekrefte sin eksistens som menneske gjennom sosialt samspel med ein eller fleire aktørar.

Vidare i teksten vil eg nytte ordet personstatus, då Stige og Ridder si forståing av dette omgrepet samsvarar med mi oppfatning av det å sjå heilheitleg på menneske. Når eg derimot no i neste avsnitt skal skildre personstatus, tek eg utgangspunkt i Kitwood (1997) sitt framlegg av omgrepet ved boka si "*Dementia reconsidered: The person comes first*".

I denne boka blir personstatus skildra som eit eksperimentelt sjølv, der det er ein sjølv som erfarer det ein føretok seg. Kitwood skildrar korleis personstatus har blitt forbunde med ulike

diskursar. Ei av desse er transcendence (det oversanselege), der menneske blir sett på som noko heilagt, eit ikon av Gud. Personstatus er også forbunde med etisk diskurs, som framhevar korleis menneske i seg sjølv har absolutt verdi. Sosial-psykologisk diskurs er ei tredje, og personstatus trer der fram som ei meir fleksibel art, med vektlegging av den enkelte sin sjølvstilling. Her er det også fokus på vedkommande som del av ei gruppe, gjennom prestasjon og ulike roller.

I drøftinga av personstatus reiser Kitwood spørsmålet om kven som har rett til å bli behandla som ein person. Her viser han til utviklinga av samfunnsdebatten i løpet av 1900-tallet, og peiker på korleis personstatus i vestlig europeisk filosofitradisjon i stor grad har underkommunisert dei emosjonelle aspekta av menneske, til fordel for fokus på intellektet. Stige og Ridder (2016a, s. 237) skriv at slik filosofisk tenking der ein blir definert som person ut ifrå sine kognitive og kommunikative evner, si sjølvforståing, og evne til å tenke og handle rasjonelt, gjer at menneske med demens på mange måtar ikkje når opp til standarden av det å bli sett som ein person.

Resultatet av eit slikt intellektuelt fokus meiner Kitwood skaper mindre plass for relasjoner, forpliktingar, lidenskap, kjensler og emosjonar. Dette kan den personsentrert omsorga motverke, skriv Stige og Ridder (2016a, s. 237) og syner til Bartlett og O'connor (2007) om korleis personstatus har ført til ei meir human eldreomsorg. I læringsmodellen var personstatus eit sentralt element, med grunnlag i desse argumenta. Dette med fokus på å utvide perspektiva til pleiarane på, former samhandling med bebuarane kunne ha, i denne samanheng gjennom bruken av musikk.

### **2.1.2 Kitwood sine to omsorgsnivå**

I den personsentrerte tilnærminga vektlegg Kitwood to omsorgsnivå. Den eine inneber eit individfokus på den enkelte person med demens. Det andre nivået er organisasjonen, med forståing av at ein må sjå den enkelte person med demens i lys av konteksten, der det for bebuarar inneber eit institusjonsnivå.

Vidare i teksten vil eg ta utgongspunkt i personsentrert retta mot bebuarar på aldersinstitusjon, sjølv om ei slik tilnærming i stor grad er gjeldande for menneske med demens som bur i sin eigen heim.

Den personsentrerte omsorga er veklagt i Helsedirektoratet si utarbeiding av Nasjonale faglege retningslinjer for demensomsorga (Helsedirektoratet, 2016). Her nyttar dei Kitwood sine to nivå. Helsedirektoratet uttrykker korleis individnivået i Norsk demensomsorg skal innebere at pleiarar tek bebuarar sine individuelle rettigheitar og preferansar i vare. Dette gjennom å møte den enkelte med respekt, verdighet, aksept og empati, og sørge for at kjenselmessige uttrykk blir teke på alvor.

Dette føreset også at pleiaren tek omsyn til bebuares sine vaner, meiningar, ønskjer, kulturelle referanseramme og livshistorie. Særleg er det veklagt at pleiaren skal ha ei empatisk haldning, gjennom å søke å forstå situasjonar slik den blir oppfatta av den enkelte bebuar. Helsedirektoratet skriv også korleis utfordrande åtferd også skal tolkast som eit forsøk på å kommunisere psyko-sosiale behov som ikkje er blitt møtt. Difor skal pleiaren i desse tilfella prøve å finne meir skjulte årsaker, og sette i gong tiltak ut ifrå situasjonen.

I stor grad handlar dette om kva form for interaksjon som bør kjenneteiknast mellom pleiar og bebuar. Dette poengterer Kitwood (1997) viktigheita av. Han skildrar korleis ein gjennom varm interaksjon kan forbetra personstatus ved å styrke positive emosjonar, vere med på å lege psykiske vanskar, og vekke evner. Kitwood formidlar også ut ifrå perspektivet om at pleiarar har hovudansvaret for relasjonen, at dei difor bør ta ansvar for at interaksjonen er prega av anerkjenning, forhandling, samarbeid, leik, feiring, avslapping, validering og fasilitering. Samtidig inneber interaksjonen ei forventing om at kommunikasjon som mellom minst to partar, og bebuares sjølv må difor også få bidra, gjennom å skape og bidra i relasjonen.

I pleiaren og bebuares sine møter syner også ein filosofisk vinkel eit relevant aspekt av interaksjonen. Kitwood (1997) peiker på dette gjennom å syne til Martin Buber som skildrar to ulike måtar å delta i verda på, ved to måtar å relatere til menneske; "eg-du" eller "eg-det". Ved ei haldning i møte med menneske som eit "det", nærmest som eit objekt, vil det ikkje vere rom for personstatus, og ein treng dermed ikkje å være personleg. Har ein derimot ei "eg-du" haldning, vil ein naturleg gå inn i møtet med heile seg, og relasjonen blir primær. Kitwood (1997) skriv at assosiasjonar knytt til den siste haldninga er ord som openheit, ømheit, nærleik og bevissthet. Han samlar alle desse orda innanfor kategoriordet *nåde*, gjennom at dette føreset at det i relasjonen mellom menneskje er aksept, og fråvær av manipulasjon og utnytting.

I denne interaksjonen fremmer Kitwood eit perspektiv om at pleiarane også har sin eigen personstatus. Det er difor viktig at ein som pleiar kan vedkjenne seg at eins eigen fortid kan vekke sårbarheit, smerte eller angst i møte med bebuarane. Gjennom å sjå på møta med bebuarar som ei personleg vandring, der ein er villeg til å arbeide med seg sjølv undervegs, vil ein slik klare å vere meir til stades i relasjonen, skriv Kitwood (1997). For at det derimot skal være rom for at pleiarane tek sin eigen personstatus i vare, og utøver personsentrert omsorg, skriv Kitwood at omsorgsorganisasjonen må legge til rette for dette. Helsedirektoratet sine retningslinjer har også poengtert det same, og skriv at omsorgsarbeidarar må få tilstrekkeleg av opplæring og kompetanseutvikling. Her blir det utdjupa at det er organisasjonen sitt ansvar at tenestene som blir gjeve av pleiarane blir kontinuerlig evaluert, og at nødvendige forbetringar systematisk blir føreteke.

Læringsmodellen er bygga opp av Kitwood sine to omsorgsnivå. Her er fokuset på nivå to; konteksten rundt den enkelte bebuar, ved at pleiarane deltek i læringsmodellen. Samstundes handlar læringsmodellen om korleis pleiarane tek i bruk musikk med bebuarane, kor nivå ein er sentralt. I neste punkt vil eg gå meir inn på føresetningar for korleis desse møta kan fungere som musikalske relasjoner.

## 2.2 Musikalske relasjoner

I læringsmodellen var det teoretiske rammeverket meint å syna pleiarane ei personsentrert tilnærming som grunnlag for korleis dei kunne utvikle musikalske relasjoner. Litteraturen har vist at musikkterapi fungerer godt som personsentrert omsorg (Ridder & Stige, 2015; Stige & Ridder, 2016c). Dette mellom anna grunna dei relasjonelle verdiane og omsorgsfokuset dei begge deler. Musikkterapi kan også forståast ut ifrå personsentrerte verdiar om samhandling, som då fungerer som musikalsk samhandling.

Musikk fungerer også som ei non-verbal kommunikasjonsform, og er difor ei god interaksjonsform i møte med demensramma menneske som kan ha ulike kommunikative utfordringar. Dette er konklusjonen i litteraturgjennomgangen gjennomført av Ridder (2005). Særleg var musikkbruken gunstig i høve til å fange, samt halde merksemd over ein lengre tidsperiode, der musikken også hadde ei regulerande effekt, og fekk fram positiv respons. Ruud

(1990) kjem også med perspektivet om at musikk kan fungera som kommunikasjon og samhandling.

I læringsmodellen hadde eg primært fokus på to teoriar for å forstå musikalske relasjonar, som grunnlaget for samhandlinga. Den eine er teorien om *kommunikativ musicalitet* (Malloch & Trevarthen, 2009). Dette er ein teori om korleis alle menneske har medfødde kommunikative musikalske evner som gjev grunnlag for vår tidlige spedbarnskommunikasjon. Den andre er teorien om *musicking* (Small, 1998), der musikk blir forstått som eit sosialt fenomen, ei handling me føretok oss.

### **2.2.1 ”Kommunikativ musicalitet”**

Teorien om kommunikativ musicalitet har vaks fram dei siste fire tiåra, etter at ei handfull forskararar, mellom anna Stephen Malloch og Colwyn Trevarthen starta å gjennomføre observasjonsforsking på mødre og deira spedbarn sin kommunikative interaksjon i leik med kvarandre. Forskinga legg grunnlag for perspektivet om at alle menneske er født med ibuande, musikalske kommunikative evnar som gjer sosial interaksjonen mellom menneskjer mogeleg. Dette ligg til grunne for korleis alle menneske kan bruke kroppslege gestar for å dele emosjonar, for å oppnå vitalitet. Funna frå deira forsking synte korleis interaksjonen mellom mor og barn har musikalske kjenneteikn med ulike rytmemønstre. For å fange dynamikken i denne non-verbale kommunikasjonen blei dette beskriven som protosamtalar, inntoning (attunement) og meiningshandlingar (Malloch & Trevarthen, 2009).

Edwards (2011, s. 11) syner til Papousek om korleis ein ved å bruke eksempelvis melodiske konturar i interaksjonen lagar ”kommunikative kodar” som fungerer som ein form for musikalsk kommunikasjon. Dette gjer det mogeleg å formidle emosjonelle tilstandar til kvarandre. Trehub (2003) skriv korleis den kommunikative musicaliteten handlar om å dele kjensler og opplevelingar, så vel som å fungere som regulering av sosial åtferd.

Desse perspektiva innanfor teorien om kommunikativ musicalitet syner musikkens relevans i samhandling med bebuarar på aldersinstitusjon, ut ifrå ei personsentrert tilnærming. Dette då mange av elementa Kitwood (1997) skildra som viktig i ei personsentrert interaksjon blir mogeleggjort gjennom slik kommunikativ musicalitet. Denne forståing av samhandling er sosialt avhengig, då den oppstår mellom personar innanfor ei kontekst. I neste punkt vil dette sosiale aspektet av musikkbruk bli synt.

## 2.2.2 ”Musicking”

Omgrepet *musicking* er eit teoretisk bidrag til korleis ein kan forstå musikk som eit sosialt fenomen. Teorien blei utarbeidd av Christopher Small (1998), der ein av hans sentrale poeng er korleis musikk er eit verb, ei handling. Han forklarer korleis musikk ikkje berre omfattar framførte musikalske verk av dyktige musikarar, men også er noko som er ibuande alle menneske, og difor kjem til syne i handlingane. Small (1998, s. 8) beskriv dette slik:

*”The fundamental nature and meaning of music lie not in objects, not in musical works at all, but in action, in what people do. It is only by understanding what people do as they take part in a musical act that we can hope to understand its nature and the function it fulfills in human life.”*

Omgrepet *musicking* har blitt omsett på skandinaviske og germanske språk til *musisering*. Stige (2016, s. 47) peikar derimot på at den danske omsettinga *musikering* er meir passande, der dette på norsk blir *musikkering*. Stige forklarer korleis denne omsettinga, i større grad enn det som ligg i ordet *musisering*, får fram Small sitt poeng om eit konteksttuelt praksisperspektiv. I denne forståinga blir musikken noko ein gjer saman med andre i ein bestemt samanheng, og er slik ein situert aktivitet. Omsettinga til *musikkering* samsvarar også med Stortingsmelding (Meld. St. nr. 29 (2012-2013), 2012, s. 85) om korleis musikken kan bli nytta av helsepersonell med bebuarar på aldersinstitusjonar:

*”...Det er etter hvert utviklet ulike miljøtiltak og nye måter å møte pasientgrupper, som har vist seg å ha effekt på behandling, trivsel, medikamentbruk og personellressurser. Nyere studier viser at når ansatte får mulighet til å bruke sang og musikk terapeutisk, fungerer det mot uro og depresjon ved demens eller utagering ved stell og daglige aktiviteter (Myskja, 2011 og Sandell, 2013). Ved systematisk bruk av musikk i daglige aktiviteter ble brukerne roligere og mindre utagerende, bruk av psykofarmaka ble kraftig redusert, pårørende ble mer tilfredse, sykefraværet gikk ned og pasienter man før var tre om å stelle, kunne nå stelles av én person”.*

Dette utdraget syner at musikk nytta i daglege aktiviteter, som slik inneber eit sosialt aspekt, har effekt. Her viser Statsmeldinga at musikken gjev verktøy til pleiarar, som både er nyttige for pleiarane og bebuarane. Stige (2016, s. 46) viser i denne samanheng til Ruud sin humanistiske definisjon (1979) av musikkterapi som ”*bruken av musikk til å gje menneske nye*

*handlemogelegheiter* ”. Stige skriv korleis han ut ifrå denne definisjonen på 1980-talet reflekterte over at musikk ikkje berre er eit middel som med forhandsdefinerte mål skal påverke, men at musikken heller er ein mogelegheit for deltaking, handling og samhandling. Desse perspektiva såg eg som viktige å integrere i læringsmodellen, i høve til korleis pleiarane kunne nytte musikken med bebuarane.

## 2.3 Teorien om situert læring

I planlegginga av korleis læringsprosessen i gjennomføringa av læringsmodellen skulle fungere tok eg i bruk teorien om situert læring. Denne teorien blei utarbeid av forskarane Jean Lave og Etienne Wenger, som er presentert i boka deira ”*Situated learning, legitimate peripheral participation*”. I seinare tid har denne blitt omsett til ei rekke språk, mellom anna dansk, som er den versjonen eg leste (Lave & Wenger, 2003).

Her blir det presentert eit sosialt læringsperspektiv som står i kontrast med tradisjonell pedagogisk undervisningsform. Medan dei fleste læringsteoriar er prega av eit individualistisk fokus, der elevane lærer ved å få kunnskap overført til intellektet, og vidare etterlikna denne informasjonen, fremmar teorien om situert læring eit perspektiv der all form for læring er sosialt vilkårbunden (Lave & Wenger, 2003). Her inngår det at meining blir forhandla sosialt, og at læringa difor også er kontekstavhengig. Denne teorien er ein av nyare sosiale læringsteoriar, som har utspring frå det sosiokulturelle læringsperspektivet. Dette perspektivet har opphav i amerikansk pragmatisk tradisjon, med sentrale personar som Mead og Dewey, og russisk kulturhistorisk tradisjon, med Vygotsky som hovudperson (Tuastad, 2014, s. 21).

### 2.3.1 Læring gjennom praksisfellesskap

Eit sentralt poeng i teorien er korleis læringa skjer ved å delta i eit praksisfellesskap. Ved forfattarane si forsking på ulike formar for meisterlære såg dei korleis læringa hende ved at lærlingane deltok i noko forfattarane kallar *legitim perifer deltaking*. Dette omgrepet handlar om korleis lærlingane deltek i praksisfellesskapet. Her inngår det at den nye lærlingen er med i sosiokulturell praksis i eit fellesskap for å få ei tileigning og mestring av kunnskap.

Ei slik legitim perifer deltaking er dynamisk, og ein vil i læringsprosessen utvikle nye perspektiv, og dermed kunne skifte plassering i fellesskapet. Ein startar gjennom legitim perifer

deltaking, og ved å stadig engasjere seg meir, auke sin kompetanse, og slik forflytte seg mot full deltaking. Dette perspektivet mogeleggjer konstituering mellom aktør, verksemd og verda, ved at dei ulike aktørane i praksisfellesskapet dynamisk kan skifte roller (Lave & Wenger, 2003).

Praksisfellesskap i kontekst av situert læring kan ikkje omtalast som ei nøyaktig identifiserbar definert gruppe med sosialt synlige grenser. Det kan heller forståast som alle typar deltaking i eit praksisfellesskap der dei ulike aktørane delar ei forståing av det dei gjer, og kvifor dette er relevant for deira liv. Læringa innanfor ei slik forståing av eit praksisfellesskap kjenneteiknast som relasjonell, der heile personen blir inkludert. Ein lærer gjennom relasjonane i praksisfellesskapet, der desse relasjonane inneheld eit mangfald av roller, i spennet mellom nykommar og meister. Her forståast det samtidig at læraren ikkje framstår som eksperten, men heller skal ha ein meir fasilitterande rolle i læringa. Dette vil vere å støtte pleiarane si læring, der det er dei sjølve som er ekspertane i den gjeldande konteksten.

Læringa i praksisfellesskapet er tosidig, og hender slik både mellom meister og lærling, og gjennom relasjonen mellom lærlingane. Gjennom praksisfellesskapet formar lærlingar relasjonar med kvarandre, og anekdotisk dokumentasjon viser at det er gjennom desse relasjonane dei lærer mest, med den forståing at sirkulasjon av kunnskap blant lærlingar som er meir eller mindre likestilte skaper ei rask og effektiv spreiing av kunnskap (Lave & Wenger, 2003, s. 79).

Legitim perifer deltaking omfattar også eit skille frå tradisjonell pedagogisk læring, der ein gjerne snakkar *om praksis* på ein abstrakt måte. I legitim perifer deltaking snakkar ein heller *ut ifrå praksis* (Lave & Wenger, 2003, s. 91). At ein slik snakkar ut ifrå ein praksis omhandlar at ein både utvekslar informasjon som er relevant for aktivitetar innanfor gjeldande kontekst, og her deler historier ut ifrå felles tradisjonar. Denne måten å lære på kan understøtte ulike formar for felles hukommelse og refleksjon ut ifrå ein delt praksis (Lave & Wenger, 2003).

Å lære i eit praksisfellesskap handlar difor om å absorbere, samt bli absorbert i praksiskulturen gjennom deltaking. Ein vil då tilegne seg ein identitet i praksisfellesskapet, og gjennom læringsprosessane i praksisfellesskapet utvikle læringsidentiteten frå legitim perifer deltaking, i retning mot full deltaking. Denne læringa oppstår ved fellesskapet sine utviklingssyklusar, og ettersom alle praksisfellesskap har ulike syklusar og baner, kan ein ikkje lage ein mal, eller ein

bestemt læringsplan, slik ein kan ved tradisjonell pedagogisk læring. I staden for er det deltakarane i praksisfellesskapet som former desse, og slik utviklar eigne læringsplanar. Her vil poenget være å auke deltakinga og den faglege innsikta, men ikkje ved å følge eller etterlikne ein lærar eller meistar, men ved å kople saman arbeidsprosessar og læringsprosessar (Lave & Wenger, 2003).

## 3 METODE

---

I denne avhandlinga var siktemålet å utforske to pleiarar sine opplevingar av å delta i ein musikkterapeutisk læringsmodell, for slik å evaluere læringsmodellen. Dette blei gjord ved at eg tok føre meg denne problemstillinga:

*"Musikk som personsentrert omsorg i krevande samhandling med bebuarar på aldersinstitusjon: Korleis opplever pleiarar det å delta i eit musikkterapeutisk kompetanseoverføringstiltak på arbeidsplassen?"*

Oppbygginga og gjennomføringa av læringsmodellen, med fokusgruppeintervju som datainnsamlingsmetode, har hatt ulike metodiske implikasjonar. Særleg dreier dette seg om mine ulike roller i læringsmodellen, både som forskar og fasilitator, og korleis det teoretiske rammeverket har forma funna mine. Kvale og Brinkmann (2015) uttrykker korleis integriteten til forskaren, samt vedkommande sin rolle som person, er essensiell i møte med etiske avgjerder og kvaliteten i den kvalitative forskinga. For å sikre kvaliteten i forskinga mi, vil eg difor gjera greie ut om dei ulike delane av forskingsprosessen, og her vise min refleksivitet i alle desse delane.

### 3.1 Bakgrunn for val av metode

Problemstillinga for denne avhandlinga gjorde det naturleg for meg å velge ei kvalitativ forskingstradisjon. Dette då ein i kvalitativ forsking har fokus på meiningsinnhaldet i sosiale og kulturelle fenomen, der det blir tatt utgangspunkt i korleis dei involverte opplever gjeldande fenomen i ei gitt kontekst (Malterud, 2011). Dette samsvara med problemstillinga mi, då eg her var interessert i pleiarane sine opplevingar.

I kvalitativ forsking er det også vanleg at forskaren er eit aktivt instrument (Wheeler & Kenny, 2005), og i gjennomføringa av læringsmodellen var dette tilfelle både ved min rolle som forskar og som fasilitator. Denne kombinasjonen av roller nytta også Ottesen (2014) i sitt doktorgradsprosjekt, der ho i den samanheng peika på korleis det i lys av kvalitativ forsking ikkje er eit poeng å distansere seg frå deltakarane og analysen av dataa, men at ho heller fokuserte på å vere var på korleis ho som forskar påverka forskingsprosjektet, og forholda seg

refleksiv til det. Med Ottesen sine refleksjonar i bakhovudet prøvde eg gjennom heile forskingsprosessen å være refleksiv i høve til mine ulike rollar i læringsmodellen, og korleis bygginga mi av det teoretiske rammeverket var med å forme funna.

### 3.2 Kunnskapssyn

I evalueringen av læringsmodellen var målet mitt å utvikla ny kunnskap basert på pleiarane sine opplevelingar, og forskinga mi kan slik sjåast ut ifrå ei konstruktivistisk epistemologisk tilnærming. Ut ifrå dette kunnskapssynet blir verda konstruert gjennom intersubjektivitet, som følge av korleis personar opplever den, ut ifrå deira meningar og perspektiv (Edwards, 1999).

I gjennomføringa av læringsmodellen hadde eg også forkunnskap gjennom erfaring som pleieassistent og musikkterapistudent. Det er naturleg å tenke at dette også har lagt føring for funna som blei analysert, då eg var eit så aktivt instrument i forskingsprosessen. I den hermeneutiske tradisjon, som eg har valt å knytte analyseprosessen min opp mot, er det derimot vanleg at ein brukar seg sjølv som fortolkande reiskap i dette arbeidet (Kvale & Brinkmann, 2015). Her posisjonerte eg meg subjektivt som forskar, i tråd med den hermeneutiske tradisjonen, der det var viktig for meg å reflektere over korleis min bakgrunn, haldningar og verdiar spelte ei rolle inn i forskingsprosessen (Bruscia, 2005).

Det var difor viktig for meg å vere var på korleis mine rollar og det teoretiske rammeverket som var bygd i forkant av gjennomføringa læringsmodellen la føringar for pleiarane sine læringsprosessar, og slik kva funn som kom fram. Likevel såg eg også desse faktorane som ei styrke i tiltaksperioden, og i analysen av arbeidet. Dette då min forkunnskap gav meg ressursar pleiarane kunne nyttiggjera seg av i læringa av å bruka musikk. Det teoretiske rammeverket som inngjekk her var også meint å vere ei ressurs for pleiarane. Samtidig var eg i tiltaksperioden var på å høyra med pleiarane kor vidt dei opplevde teorien som relevant, og der eg påpeika at det var rom for å drøfte rundt aspekt som gjekk utover teorien eg hadde tatt med.

I lys av ei hermeneutisk forankring vil eg difor sjå min forkunnskap som ei ressurs i den fortolkande prosessen. Denne fortolkinga skjedde gjennom ein stadig fram og tilbakeprosess, som blir kalla den *hermeneutiske sirkelen*. Her inneber det at ein tek ein utgangspunkt i ei meir eller mindre klår og intuitiv forståing av heilskapen av det ein forskar på, som i studiens

kontekst kan omhandle både mi forkunnskap, og den teoretiske ramma eg hadde bygd. Ut ifrå dette prøver ein å fortolke delar, som i studien i stor grad handla om pleiarane sine opplevingar. Ut ifrå desse delane prøver ein å sette delane inn i ei ny og rikare heilheit, som summen av pleiarane sine opplevingar hadde som mål å presentere. Meir om korleis eg tok i bruk den hermeneutiske sirkel kjem i punkt 3.6.2 om gjennomføringa av analyseprosessen.

### 3.3 Utval og rekruttering

Aldersinstitusjonen der eg gjennomførte læringsmodellen består av bebuarar med anten moderat kognitiv svikt, eller andre mentale fysiologiske avgrensingar. På denne institusjonen hadde eg både før og under tiltakstida også min 90 timars eigenpraksis i høve med musikkterapistudiet. Når eg så skulle velge ut pleiarar til tiltaket, hadde eg difor kjennskap til mange av dei. Eg valde likevel å gjere denne prosessen saman med sjefen på institusjonen, å han hadde ei betre oversikt over kven som kunne vera passande å rekruttera.

Eg hadde på forhand bestemt meg for at eg ikkje ville at pleiarutvalet skulle vere heilt tilfeldig, då eg ville sikre den indre validiteten gjennom å samle pleiarar som eg tenkte kunne gje rikast informasjon om korleis læringsmodellen fungerte for dei i pleiekvarden (Malterud, 2011). Eg valde difor å ta i bruk *strategisk utval* ved å velge informasjonssterke deltakarar, og søkte ei djuptgåande forståing av den informasjonen dei gav (Patton, i Malterud, 2012, s. 42). Det var derimot mange kandidatar som passa denne skildringa, så avgjerd baserte seg på kven som framstod mest open for å ta i bruk musikk, samt hadde overskot til å delta. Ein slik utvalsstrategi kan også kallast tilgjengelegheitsutval, på engelsk kalla *convenience sample* (Thagaard, 2013).

Eg ville også ha eit utval som hadde ein balanse mellom homogenitet og variasjon, der Malterud (2012) skriv korleis homogenitet i ei fokusgruppe kan styrke gruppodynamikken, slik at deltakarane kan kjenne seg igjen i og spela på kvarandre sine opplevingar og erfaringar, så vel som at variasjonen kan vekke eit mangfold av erfaringar. Eg søkte pleiarar som var like nok til å kunne relatere til kvarandre sin kunnskap og erfaringar, men som samtidig var ulike nok til å kunne utfordre kvarandre i prosessen av å delta i læringsmodellen.

I utgangspunktet tenkte eg å ha eit utval på mellom 5-8 deltakarar, slik som Malterud (2012) anbefaler for fokusgruppeintervju. Sidan eg ikkje hadde leia eit slikt tiltak før, ville eg sikre at

eg klarte å følge opp alle deltarane, og bestemte meg heller difor for å berre ha to. Her var eg viss på at eg i staden for ville kunne kompensere for utvalstørrelsen ved å heller gå grundig i detalj på det eg samla inn av data.

Når omsyna ovanfor var teke, hadde eg to pleiarar eg ville rekruttere. Eg valde å rekruttere desse sjølv, sidan eg hadde best oversikt over tiltaket og studien. For å vere mest mogleg nøytral i denne prosessen, valde eg i første omgang å sende dei ein SMS<sup>4</sup> med informasjon om prosjektet, og kva deira deltaking ville innebere. Slik sikra eg at dei fekk tid til å tenkje seg om, utan å kjenne eit press på å blankt svare ja, som kunne ha hendt om eg hadde tilnærma meg dei i person.

Begge pleiarane svara ja, og eg hadde slik to deltarar der den eine var helsefagarbeider, og den andre var ufaglært. Ingen av dei hadde erfaring med å ta i bruk musikk i samhandlingssituasjonar med bebuarar. Å velge ein helsefagarbeidar og ein ufaglært pleiar var også bevisst val, då det er desse to titlane som i Norsk eldreomsorg i hovudsak har den gjennomgåande kontakten med bebuarane i kvardagen. Eg ville difor sjå om læringsmodellen kunne væra nyttig på tvers av dette spennet av titlar.

### **3.4 Læringsmodellen som praktisk arbeidsmetode**

Som skildra i kapittel ein og to bygga eg ein læringsmodell som fungerte som praktisk arbeidsmetode i den musikkterapeutiske kompetanseoverføringa (sjå figur 2). Som leiar av læringsmodellen fungerte eg sjølv som fasilitator. Dette kan sjåast både som ein styrke og ei svakheit. Då eg var ny i desse rollane, kan dette ha påverka læringsprosessane til pleiarane. Samstundes bygga læringsmodellen på teori eg i forkant hadde oversikt over, så vel som at eg i gjennomføringa tok i bruk min forkunnskap frå åtte år som pleieassistent. Eg valte difor å sjølv ha desse rollane, i staden for å leiga inn ein meir erfaren person til denne jobben. Dette fordi eg kjende eigarskap til prosjektet, og hadde grunna mi forkunnskap ei tru på at eg kunne klare å skape gode læringsprosessar for pleiarane. Meir kritiske refleksjonar til dette aspektet kjem derimot i siste kapittel i denne avhandlinga.

---

<sup>4</sup> Sjå vedlegg 2

Læringsmodellen sitt teoretisk rammeverk blei brukt aktivt i tiltaksperioden. Medan teorien om personsentrert omsorg og musikalske relasjoner blei brukt i sjølve læringa, var teorien om situert læring eit grunnlag for korleis læringa tok form ut ifrå pleiarane sin kontekst. At eg i forkant av gjennomføringa av læringsmodellen hadde bygga opp ei slik teoretisk referanseramme kan problematiserast. Dette mellom anna ved kor stor grad denne teoretiske føreforståinga har påverka funna ved å styra pleiarane inn på ulike emne. Samtidig var dette også eit poeng i seg sjølv, då eg gjennom inspirasjon av Ottesen (2014) sin læringsmodell såg at dette hadde blitt gjort før, og verka som å vere gunstig for pleiarar. Eg var derimot viss på i gjennomføringa av læringsmodellen å ikkje avgrense samtalane til det teoretiske rammeverket, men å samstundes spørje opent i kor stor grad pleiarane hadde nytte av desse teoriane.

Første fokusgruppeintervju	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Presentasjon av tiltaket, og felles drøfting rundt dette.</li> <li>• Presentasjon av teori, og felles drøfting rundt dette.</li> <li>• Felles drøfting over konkrete samhandlingssituasjoner, og korleis ta i bruk musikalske element.</li> <li>• Felles drøfting rundt forventingar og praktiske aspekt av tiltaket.</li> </ul>
Mellomperiode	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Pleiarane testar ut musikkbruk i arbeidskvardagen.</li> </ul>
Andre fokusgruppeintervju	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Felles drøfting over korleis mellomperioden har vore.             <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Utgangspunkt i konkrete samhandlingssituasjoner, der fasilitator knytter dette opp mot teorien introdusert på første fokusgruppeintervju.</li> </ul> </li> </ul>
Mellomperiode	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Pleiarane testar ut musikkbruk i arbeidskvardagen.</li> </ul>
Tredje fokusgruppeintervju	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Felles drøfting over korleis mellomperioden har vore.             <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Utgangspunkt i konkrete samhandlingssituasjoner, der fasilitator knytter dette opp mot teorien introdusert på dei tidlegare fokusgruppeintervjuia.</li> </ul> </li> <li>• Drøftingar over forventningar til vegen vidare etter tiltaksslutt.</li> </ul>
Ettertid	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Perioden etter tiltaksslutt.</li> </ul>
Oppfølgingsmøte	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Drøftingar over korleis perioden etter tiltaksslutt har vore, med tanke på bruken av musikk i arbeidskvardagen.</li> <li>• Drøftingar over læringsmodellen som heilheit.</li> <li>• Innvendingar på det som blei sagt på fokusgruppeintervjuia, etter å ha fått lese analysearbeidet.</li> </ul>

Figur 2: *Læringsmodellen*

### **3.5 Fokusgruppeintervju som datainnsamlingsmetode**

I kvalitativ forsking kan ein ta i bruk eit spenn av datainnsamlingsmetodar. I mi avgjerd for kva metode eg skulle velge i studien kom eg fram til at fokusgruppeintervju var passande. Dette då eg på denne måten samtidig kunne nytte desse som refleksjonsmøter integrert i læringsmodellen, og slik samle inn data gjennom pleiarane sine opplevelingar av læringsmodellen medan dei var i sjølve læringsprosessen. Eg syntes også at fokusgruppeintervju var gunstig då eg slik ville få data som kom ut ifrå at pleiarane bygga på kvarandre sine perspektiv og erfaringar ut ifrå felles erfaringar, synspunkt eller haldningar frå deira eigen kontekst (Malterud, 2012). Dette tenkte eg ville gje nyttige nyansar i vurderingen av læringsmodellen. Fokusgruppeintervjua passa saman med den situerte læringa (Lave & Wenger, 2003), der pleiarane kunne bygge på kvarandre sine perspektiv i eit fellesskap, og kome med modererte nyansar eller ueninigheiter.

Eg fungerte både som fasilitator og forskar i tiltaksperioden. Grunna denne noko tosidige rolla, og då læringsmodellen også innebar ein prosess, kunne det også ha vore passande med kasusstudie som metode (Andersen, 2013). Etter å ha lese bøker om begge desse tilnærmingane bestemte eg meg likevel for likevel å ta i bruk fokusgruppeintervju, sjølv om mi rolle då var litt utradisjonell.

Studien min innebar tre fokusgruppeintervju med pleiarane. Eigentleg er det uvanleg å gjennomføre meir enn eitt med same utval (Malterud, 2012), men sidan tiltaket mitt bestod av ein læringsprosess blei dette naturleg. Desse blei gjennomført innan ein månad, og hadde ei varighet på 30-45 minutter. Malterud (2012) anbefalte opphavleg ei varighet på 60-90 minutter, men i samråd med sjefen på institusjon fann me ut at det var mest hensiktsmessig i lys av pleiarane sin allereie hektiske arbeidskvardag å halvere tida.

I forkant av første fokusgruppeintervju utarbeidde eg i samråd med rettleiaren min ein intervjuguide<sup>5</sup>, med spørsmål ut ifrå problemstillinga. Denne tok føre seg spørsmål knytta til teori og pleiarane sine praksiserfaringar. Spørsmåla var delt inn i to nivå, det eine om pleiarane sine opplevelingar med bruken av musikk saman med bebuarar, det andre om pleiarane sine opplevelingar rundt læringsprosessen. I utarbeidinga av intervjuguiden prøvde eg å formulere mest mogleg opne spørsmål, då eg ønska å skape rom for pleiarane sine perspektiv, og nyansar

---

<sup>5</sup> Sjå vedlegg 5

av desse. Før første fokusgruppeintervju prøvde eg ut intervjuguiden i eit prøveintervju med ein ven. Dette både for å sjå om spørsmåla fungerte i praksis, og for å øve på rollen som moderator (Malterud, 2012).

For å finne tid for fokusgruppeintervjua, samrådde eg meg med sjefen på aldersinstitusjonen. Me la desse til dagar då begge pleiarane var på vakt, og ordna det slik at dei fekk avspasere for å delta på fokusgruppeintervju i løpet av arbeidstida. I gjennomføringa av dei tre fokusgruppeintervjua starta eg alltid med å tilby kaffi og noko attåt. Dette var for å syne pleiarane at eg sette pris på deira deltaking, der eg ville ufarleggjera intervjugusettinga (Ryen, 2002), og skape ei avslappa stemning. Alle samtalane blei teke opp på ein lydopptakar.

### **3.5.1 Første fokusgruppeintervju**

Før eg sette på lydopptakaren, delte eg ut informasjonsskrivet og eit samtykkeskjema som pleiarane skreiv under på. Samtidig informerte eg om at me måtte hugse på å anonymisere alle bebuarane som eventuelt blei nemnd som døme i intervjuet. Eg fortalte deretter om formålet med studien, og delte ut loggbok til kvar av pleiarane. Eg informerte om at dei kunne skrive ned opplevingar og refleksjonar i loggbökene.

Deretter slo eg på lydopptakaren, og gjorde ein presentasjon av tiltaket. Her delte eg min bakgrunn og motivasjon for å nytte musikk for å betre samhandling med bebuarar, så vel som teori om personsentrert omsorg, musikk og musikkterapi. Samtidig oppmuntra eg pleiarane til å stille spørsmål og kome med innvendingar. Under heile samlinga nytta eg intervjuguiden som mal, og eg veksla mellom å presentere teori, og stille spørsmål til pleiarane for å skape dialog.

### **3.5.2 Andre fokusgruppeintervju**

I forkant av andre fokusgruppeintervju hadde eg transkribert opptaket frå den første samlinga, som eg nytta for å gje endringar som kunne betre samtaleflyten, og følge opp emne som verka særleg relevante. Eg blei også her bevisst på å gje pleiarane meir tid til å kome med innspel utan at eg avbraut dei. Ut ifrå desse observasjonane reviderte eg intervjuguiden<sup>6</sup>, og såg korleis den no hadde eit fokus på prosessarbeid. Hovudspørsmåla i intervjuguiden oppdaterte eg slik at dei to nivåa allereie etablert inneholdt kategorien *interpersonleg*, med fokus på

---

<sup>6</sup> Sjå vedlegg 6

pleiarane sin interaksjon med bebuarane. Den andre kategorien kalla eg *læringsmodellen*, med fokus på korleis pleiarane opplevde læringsmodellen sin struktur og innhold.

I gjennomføringa av fokusgruppeintervjuet nytta eg den reviderte intervjuguiden for å skape dialog med pleiarane, for å bidra til deira læringsprosessar. Fokuset på denne samlinga var prosessarbeid, som gjekk ut på å drøfte erfaringane pleiarane hadde gjort seg, slik at dei betre var rusta til å halde fram med å hente inn fleire erfaringar etter møtet vårt. Det kom på dette møtet fram at pleiarane syntes at det var for tidkrevjande å notera i loggbökene, så dette blei ekskludert vidare i læringsprosessen.

### **3.5.3 Tredje fokusgruppeintervju**

Til denne fokusgruppesamlinga reviderte eg intervjuguiden<sup>7</sup> ut ifrå transkriberinga, slik eg gjorde etter første samling. Eg beheldt same struktur på intervjuguiden som eg hadde i andre fokusgruppesamling, men fylte på med oppfylgingsspørsmål. På same måte som forrige samling fungerte også dette fokusgruppeintervjuet som eit prosessarbeid, men i tillegg også som ei oppsummering av korleis læringsprosessane hadde vore for pleiarane. Avslutningsvis foreslo eg at eg kunne samla til eit møte på nyåret, då eg hadde analysert det eg hadde samla inn av data frå fokusgruppeintervjuia. Dette blei foreslått for å gje pleiarane mogelegheit for å kome med endringar eller utvida perspektiv i høve til læringsprosessane deira, og for at dei kunne få sjå gjennom dei analyserte dataa for å bekrefte at eg som forskar hadde tolka desse rett.

## **3.6 Transkribering, analyse og fortolking**

I etterarbeidet av dataa som kom fram i fokusgruppeintervjuet nytta eg ei hermeneutisk fortolkingsramme, som skildra i punkt 3.2, der eg gav rom for min eigen fortolking i heile prosessen. Mi teoretiske forkunnskap vil ha påverka korleis dataa blei analysert. Eg har derimot i denne prosessen stilt meg spørsmålet om *korleis* denne forkunnskapen har påverka, slik at eg har kunna nyttiggjort meg av det. Vidare ved å beskrive transkriberingsprosessen og analyseprosessen syne korleis dette gav utslag.

---

<sup>7</sup> Sjå vedlegg 7

### **3.6.1 Transkriberingsprosessen**

Å transkribere er synonymt med å transformere, og tyder det å skifte forma på noko. I studien har hensikta vore å arbeide med og organisere lyddata frå fokusgruppeintervjuet slik at den munnlege samtalen blei forma til skriftleg tekst og slik gjort tilgjengeleg for analyse (Malterud, 2011, 2012). Kvale og Brinkmann (2015, s. 205) påpeiker viktigeita av ei bevisstgjering rundt problematikk i forhold til denne prosessen, og poengterer at ei transkribering er avgrensa då den samanlikna med det originale intervjuet er ei svekka, dekontekstualisert attgjeving av desse.

Difor var det viktig for meg å tenke konkret over kva for nyansar eg ville henta frå transkripsjonane, og ei avgjerd i denne samanheng var at eg under transkriberinga beholdt tenkje pauses og mellomord som ”em, hm og mm”. Slik fekk eg fanga stemninga frå fokusgruppeintervjuet, som eg opplevde kunne ha samanheng med pleiarane sine læringsprosessar.

Eg starta transkriberinga same dag som kvart fokusgruppeintervju blei gjort, for å best kunne nytte hukommelsen min, og slik gje ei mest mogleg detaljert attgjeving. Malterud (2012, s. 75) skriv at transkribering for analyse i kvalitativ forsking alltid omfattar teksttolking, og eg var difor var på min eigen tolking av samtalen på lydbandet, i transformeringa til tekst. For å gjera denne tolkinga mest mogleg presis og nyansert, nytta eg feltnotatar frå kvart intervju. Eg nytta også transkriberingsprogrammet Express Scribe, som gjorde prosessen meir effektiv. Her nytta eg ei funksjon som reduserte farta på samtalen, som gjorde det lettare å høre kva som blei sagt. Eg transkriberte dataa i hastighet 75 %, og hørde deretter gjennom opptaka i originaltempo, for å sjå at eg ikkje har teke med tenkje pauses som følge av temporedusjonen. I dette programmet var det også ei rute der eg skreiv teksten direkte inn. Dette gjorde at eg kunne skrive uavbrote, utan å skifte mellom skjermar. Eg opplevde at dette frigjorde tankar hos meg, og lot meg komme inn i ein god skriveflyt.

I transkriberinga tok eg eit val om å skrive alt på nynorsk, sjølv om Malterud (2012) anbefaler å behalde dialekter og munnlege talemåtar i utskrivinga av transkripta, for å få ei autentisk og presis skriftleg attgjeving av den levande samtalen. Då eg var redd ein slik dialektisk skrivestil ville true anonymitet til deltakarane, ønska eg ikkje å risikere dette. Då det derimot var eg sjølv som transkriberte og intervjuet, trur eg at eg likevel har klart å sikre ei autentisk attgjeving av dialogen.

Nokre av sitata frå transkripta redigerte eg for at meiningsa skulle kome tydelegare fram (Kvale & Brinkmann, 2015), ein prosess eg utførte med varsamheit for at meiningsa ikkje skulle forsvinne. Dette innebar å fjerne ord som blei unødvendig gjenteke etter kvarandre i same setning, flytte om på ord der det passa betre opp mot det eg forstod at pleiaran opphavleg meinte, og fjerne stort forbruk av mellomord som ”em, hm”. Det var også sitat der pleiarane gjentok setningar frå til dømes bebuarar, og dette er markert med hermeteikn i sitatet. I nokre sitat var det også særlege kroppsuttrykk eller tonefall som verka avgjerande for å forstå meiningsa, og i desse tilfella har eg teke i bruk klamme [ ], kor eg har gjeve forklaring av kva eg tolka at pleiarane meinte. Denne klamma har eg også nytta på denne måten [...] på plassar kor sitatet var ein del av ein setning eller samtale, som ikkje var relevant nok til å ta med i det gjeldande sitatet.

Når eg hadde transkribert alle lydopptaka sat eg att med 54 sider datamateriale. For å sørge for anonymiseringen av pleiarane tok eg i bruk eit kodesystem der eg kalla pleiarane Gerd og Line. Eg brukte ikkje koplingsnøkkelen, eit val eg tok for å gjera sikkerheita høgast mogeleg med færrest ledd.

### **3.6.2 Analyseprosessen**

Å analysere tyder at ein samanfattar og fortolkar datamateriale (Malterud, 2011). Innanfor kvalitativ metode er det vanleg at dette arbeidet blir smidd av forskaren, slik at det best mogleg passar til materialet som skal analyserast. Då eg skulle gå i gong med analysearbeidet, hadde eg i forkant lese meg opp på ulike analysemetodar, og i staden for å ta utgangspunkt i ein av dei, nytta eg delar av fleire, slik eg såg det best i forhold til datamaterialet. Kvale og Brinkmann (2015) viser til Miles & Huberman sine ad hoc metodar, i prosessen med å skape meiningsut av kvalitative tekstar, som mellom anna handlar om å sjå mønster og tema, finne ut kva som passar saman, og å sjå på kontraster og samanlikningar i dataa. Eg har valt å ha desse teknikkane i bakhovudet som ein mal for analyseprosessen min.

Ut ifrå eit hermeneutiske ståstad innebar også prosessen ein kontinuerlig fram-og attendeprosess. Her veksla eg mellom å kode materialet, etablere kategoriar, vende attende til heile materialet, sjå om eg fann nye kodar, og igjen forme kategoriane ut ifrå dette. Då eg i forkant av studien hadde ei teoretisk ramme for læringsmodellen, var eg var på å ikkje la denne forkunnskapen råde i analyseprosessen. Målet var ikkje å fornekte denne ramma, men å heller vere viss på at den ikkje avgrensa meg til enkelte nyansar av dataa, ettersom eg gjerne ville få

flest mogleg nyansar av det pleiarane sa. Eg prøvde difor å analysere dataa konsekvent basert på problemstillinga mi, samtidig som eg var open for at pleiarane kunne ha belyst aspekt som gjekk utover dette.

Etter transkribering av dataa såg eg at det var særlege emne som gjekk att, og eg valde difor å analysere tematisk (Braun & Clarke, 2006). Slik kunne eg vise til emne som var viktige for pleiarane i tiltakstida. Denne analysen syntetiserte derimot ikkje tilstrekkelig kompleksiteten i emna og sjølve prosessen til pleiarane. For å synet dette valde eg difor å lage eit narrativ, som vil bli presentert først i kapittel 4.

I etterkant av tiltaket hadde eg eit oppfølgingsmøte, kor eg fekk tilbakemeldingar hjå pleiarane på i korleis bruken av musikk hadde vore. Her kom det fram informasjon som eg fann særleg relevant for drøftinga i kapittel fem. Eg valde difor å inkludera desse på slutten av kapittel fire, sjølv om det her berre blei nytta feltnotat som innsamlingsmetode. Den primære analyseprosessen vil eg no syna ved å forklara sju punkt.

1. Etter at alle fokusgruppeintervjuva var transkriberte, kopierte eg dei ut, og las gjennom, medan eg markerte og kommenterte ut ifrå relevans til problemstilling, samt nyansar som gjekk utover dette, i enkelte tilfelle. Prosessen var her å gå frå kaos til tema (Malterud, 2011).
2. Deretter lasta eg inn transkripta i analyseprogrammet NVivo, eit program som gjer det enkelt å lage kodar og kategoriar av transkripsjonane, der ein også kan skrive inn eigne kommentarar og refleksjonar. Samtidig såg eg attende på dei utskrivne transkripta, for å følgje min eigen resonnering og tolking av dataa.
3. Eg kategoriserte først transkripta i tre kasus, eit for kvar av pleiarane, og eit for meg som fasilitator. Eg tenkte at ei kasusanalyse kunne vise pleiarane sine ulike læringsprosessar. Eg såg derimot at denne inndelinga gjorde at eg mista samanhengen i samtalens, samtidig som eg såg at pleiarane sine læringsprosessar var så samanhevde at det ikkje var gunstig å skille dei i ulike kasus.
4. Eg gjorde deretter ein ny gjennomgang av transkripta der eg laga kodar, både i lys av problemstillinga, men også utover dette. Ei slik kodingsprosess er viktig for å sortere uttalingar i kategoriar som kan summere og systematisere datamaterialet (Kvale & Brinkmann, 2015). Eg

sat att med svært mange kodar, som representerte ulike tema, og mange av desse overlappa kvarandre. Samtidig såg eg eit tydelig skille i temaa, og fann slik fram til to hovudkategoriar.

5. Under hovudkategoriane var det mange emne, og sidan eg til no hadde teke med emne utover problemstillinga, måtte eg grunna plassmangel vere konsekvent på å berre ta med emne som belyste problemstillinga mi. Eg valde også å ta med mest av det pleiarane sa, og mindre av mitt eige bidrag, sidan studien fokuserer på pleiarane. Eg merka meg at den eine pleiaren snakka meir enn den andre. Då dette mest sannsynleg er grunna personlegdom, ser eg ikkje dette som problematisk. Eg såg også i gjennomlesinga av kasusfordelinga at begge pleiarane kom med like mange gode perspektiv, sjølv om den eine snakka meir enn den andre. Det kan sjølvsagt reflekterast rundt i kor stor grad eg som fasilitator klarte å fasilitera godt nok for at begge pleiarane skulle få kome fram i samtalen. Meir om dette kjem i siste kapittel.

6. Då dei to hovudkategoriane med underkategoriar og kodar var utarbeida, gjekk eg på nytt gjennom transkripta for å sjå om det dukka opp nye kodar. Her fann eg nokre nye nyansar, og idear til korleis revidere hovudkategoriane meir presist. Då sat eg att med nokre kodar basert på meiningsfortetting (Kvale & Brinkmann, 2015, s. 232), medan andre kom ut ifrå hensiktsmessige stikkord. Nokre av kodane var skildrande, medan andre meir teoribaserte. Her valde eg å ha ei pragmatisk tilnærming, slik at kodane ikkje skulle miste si opphavlege mening. Ut ifrå dei meiningsbærande kodane bygga eg opp ei tematisk analyse.

7. Det siste steget var å konstruere eit narrativ. For å få med heilheita i fortellinga gjorde eg dette ut ifrå transkripta, samtidig som eg tok utgangspunkt i den tematiske analysen for å få fram kompleksiteten i temaa pleiarane særleg fokuserte på. Historia er fortalt frå min ståstad, og ut ifrå mi tolking. For å gjere den røyndomsnær har eg teke meg fridom i å ha eit munnleg språk.

### **3.7 Konfidensialitet, informert samtykke og konsekvensar**

Tidleg i førebuingsfasen av studien kom den etiske føresetnaden om anonymisering. Ein slik konfidensialitet tyder at identiteten til deltakarane i studien ikkje blir avslørt i innsamlinga og analysen av dataa (Kvale & Brinkmann, 2015). Som skildra i 3.6.1 blei store delar av dette tatt

omsyn til i transkriberingsprosessen, men denne prosessen starta lenge før gjennomføringa av studien, ved at eg meldte prosjektet til Norsk Samfunnsvitskapleg datateneste (NSD)<sup>8</sup>.

Medan eg venta på godkjenning frå NSD byrja eg å skrive eit informasjonsskriv<sup>9</sup> og eit samtykkeskjema<sup>10</sup> til dei rekrutterte pleiarane, då dei før start av studien måtte gje informert samtykke (Thagaard, 2013). Skrivet innehald ei oversikt over kva studien gjekk ut på, kva deltakinga ville innebere, og ei presisering om at deltakarane ville bli anonymisert. Det skildra også konsekvensar ved å delta, i form av at det kom til å ta noko tid av arbeidskvarden, samstundes som fordelar ved deltakinga, gjennom ei auka kompetanse av musikkbruk med bebuarane, blei uttrykt.

Den første tilbakemeldinga frå NSD var at eg for å få godkjent prosjektet måtte utarbeide eit informasjonsskriv og samtykkeskjema til dei tre bebuarane som pleiarane eigentleg i hovudsak skulle prøve ut musikken med. Dette var eg i utgangspunktet negativ til, då eg var redd funna ville bli påverka av at bebuarane visste om at dei tok del i ein studie. Etter dialog med NSD konkluderte eg i staden for med at eg ikkje trong å avgrensa studien til å handla om desse tre bebuarane for å svare på problemstillinga, sidan fokuset i hovudsak var på korleis pleiarane opplevde ei slik læring. Difor gjorde eg prosjektet meir generelt, der pleiarane prøvde ut musikk med bebuarar dei sjølv syntes hadde utbyte av det, og med denne revideringa av prosjektskildringa godkjente NSD prosjektet.

Konsekvensen av dette gjorde at eg gjekk vekk i frå å ha eit overordna fokus på preferansebaserte musikklistar, som eg hadde utarbeidd for dei tre bebuarane i samband med eigenpraksisen min. Eg hadde eigentleg tenkt å ha dette som ei sentral del av pleiarane si læring, men eg opplevde at dette kunne true bebuarane sin anonymitet. Difor valte eg å heller ha eit fokus på ei meir utvida nytting av musikk i pleiarane si læring.

Ein føresetnad frå NSD var at bebuarane ikkje blei omtalt med namn eller andre identifiserande kjenneteikn. Dette informerte eg pleiarane om på første fokusgruppeintervju, slik at når pleiarane tok opp konkrete samhandlingssituasjonar med spesifikke bebuarar, snakke me om den enkelte på måtar som gjorde det umogleg for andre enn oss å vite kven det var. I pleiarane

---

<sup>8</sup> Sjå vedlegg 1

<sup>9</sup> Sjå vedlegg 3

<sup>10</sup> Sjå vedlegg 4

sine forklaringar om kven dei snakka om, peika dei ofte i retning av rommet deira, med i tillegg til skildringar som ”ho med det krøllete håret” og liknande. Slik kunne ikkje bebuarane kjennast att av andre enn meg og pleiarane. Informasjonsskrivet og samtykkeskjemaet delte eg ut på første fokusgruppesamling. Eigentleg hadde eg tenkt å gjere det på eit tidlegare tidspunkt, men grunna tidsknappheit blei ikkje dette gjort.

## 4 PRESENTASJON AV FUNN

---

Siktemålet i denne mastergradavhandlinga var å vise pleiarane sine opplevingar av å delta i læringsmodellen som eg hadde bygga praktisk arbeidsmetode for det musikkterapeutiske kompetanseoverføringstiltaket. Dette for å vurdere i kor stor grad ein slik læringsmodell kunne vere nyttig for pleiarane. Som skildra i forrige kapittel samla eg inn desse opplevingane gjennom fokusgruppeintervju, som samtidig fungerte som refleksjonsmøter som del av læringsmodellen. I dette kapittelet vil eg presentere den analyserte versjonen av pleiarane sine opplevingar og fortellingar, for å belyse problemstillinga mi:

*"Musikk som personsentrert omsorg i krevande samhandling med bebuarar på aldersinstitusjon: Korleis opplever pleiarar det å delta i eit musikkterapeutisk kompetanseoverføringstiltak på arbeidsplassen?"*

Presentasjonen vil bestå av eit narrativ og ei tematisk analyse (sjå figur 3). Gjennom narrativet vil eg skildra gjennomføringa av læringsmodellen, for å gje eit heilheitleg innblikk i korleis læringsmodellen såg ut i praksis. Her vil eg nytte mine eigne erfaringar som fasilitator og forskar, samtidig som pleiarane sine opplevingar er vektlagt. Eg vil deretter gje fullt rom til pleiarane sine fortellingar ved å presentere den tematiske analysen.

På fokusgruppeintervjua blei det teke opp mange spennande emne som kunne ha vore framstilt her, men grunna ordplass har eg vore konsekvent på å velge ut det som var direkte knytt til problemstillinga mi. Her var det to hovudkategoriar som blei etablert i analysearbeidet, der den første handlar om pleiarane sine opplevingar av å delta i læringsmodellen på arbeidsplassen deira (punkt 4.2), og den andre om pleiarane sine opplevingar av å nytte musikk i krevande samhandling med bebuarar (punkt 4.3).

Under punkt 4.3 er underemna delt inn i tre analysenivå; individ-, dyade-, og gruppenivå. Individnivået omhandlar den enkelte bebuar, dyadenivået inneber relasjonen mellom pleiarane og bebuarar, og gruppenivået tek føre seg pleiarane i møte med bebuarane som gruppe på institusjonen. Nivåoppsettet er gjort for å tydeliggjera korleis pleiarane sin musikkbruk blir utøva på fleire nivå, i bruken av musikk med bebuarane. Denne kategorien er vesentleg større enn kategori ein (punkt 4.2). Dette fordi dataa i stor grad dreia seg om refleksjonar om konkrete

samhandlingssituasjonar. Aspekta i begge punkta er derimot like viktige, sjølv om lengda er ulik. Avslutningsvis i dette kapitlet vil eg legge fram tilbakemeldingar som kom i etterkant av tiltaket.

<b>4.1 Eit narrativ frå gjennomføringa av læringsmodellen</b>	
<b>4.2 Pleiarane sine opplevingar av å delta i læringsmodellen på arbeidsplassen</b>	<b>4.3 Pleiarane sin bruk av musikk i krevande samhandling med bebuarar</b>
<ul style="list-style-type: none"> <li>Musikken aukar trivsel i pleiekvarden</li> <li>Tida er ei utfordring i pleiarane sin bruk av musikk med bebuarane</li> <li>Pleiarane sin overføring av musikalske verktøy til andre på institusjonen</li> <li>Vurdering av læringsmodellen sin struktur og innhald</li> </ul>	<p>4.3.1 Individnivå</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Musikken vekker emosjonar hos bebuarar</li> <li>Musikken vekker minner hos bebuarar</li> <li>Musikken påverkar bebuarar sine kroppar</li> </ul>
	<p>4.3.2 Dyadenivå</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Pleiarane har ei bevisstheit rundt stemme og kroppsspråk i møte med bebuarar</li> <li>Musikken skaper ein djupare kontakt mellom pleiarane og bebuarane</li> </ul>
	<p>4.3.3 Gruppenivå</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>Musikken skaper ei god stemning i daglegstova</li> <li>Musikken skaper ulike reaksjonar hos bebuarane</li> </ul>

Figur 3: Struktur for analyseoppsettet

#### **4.1 Eit narrativ frå gjennomføringa av læringsmodellen**

No er dagen endeleg komen for tiltaksstart, der eg saman med to engasjerte pleiarar den neste månaden skal leie pleiarane gjennom læringsprosessar som inneber å ta i bruk musikk for å betre krevande samhandlingssituasjonar med bebuarar på institusjonen. Kaffidufta rådar i det passeleg store møterommet, pleiarane Line og Gerd fremstår spente der dei sit med koppen i handa, og eg sjølv sit med tusen tankar i hovudet. Kva vil den neste månaden bringe? Kjem pleiarane til å få gode læringsprosessar? Og kjem eg til å klare, ny i rollen som fasilitator, å

*legge til rette for slik læring? Kva vil pleiarane erfare som følge av det me drøfter på møta våre? Forventingsfull sit eg og undrar over korleis svara på desse spørsmåla den neste månaden vil utarte seg.*

*Me er på første fokusgruppeintervju, og lydopptakaren har akkurat passert tre minutt. Eg har presentert tiltaket i grove trekk, med ei teoretisk oversikt som me saman drøftar opp mot korleis Gerd og Line kan nytte dette i kvardagen med bebuarane. Eg presiserer korleis læringsmodellen er av eit utprøvande format, og slik bygd opp for å sjå i kor stor grad eit slikt tiltak kan ha nytteverdi for pleiarane i bruken av musikk for å betra krevjande samhandlingssituasjonar med bebuarar på institusjonen. Difor ber eg pleiarane om å vere frimodige når det gjeld tilbakemeldingar på læringsmodellen både når det gjeld struktur og innhald.*

*Deretter flyttar eg fokuset innover hos pleiarane ved å spørre dei kva dei personleg forbinder med ordet musikk. Eit vel-gjennomtenkt spørsmål frå mi side, meint å gjere musikken nærare og meir personleg, med eit underliggende poeng om viktigheita av å nytte musikken frå ein personleg ståstad i møte med bebuarane. Line fortel kontant at ho overraskande nok ikkje før har tenkt over dette spørsmålet. Gerd seier undrande at ho forbinder musikken med fridom og kjærleik. Desse orda verkar å få Line inn på ei tankerekke om forbindigar til ord som lettheit, ein indre tilstand. Kjensler, dei gode kjenslene som oppstår, eller ikkje oppstår. Musikken kan trigge heile spennet av kjensler i ein person, positivt og negativt, fortel ho. Medan me kik på kvarandre opplever eg at stemning i rommet er prega ei varme, og eg får kjensla av at me alle tre fekk ei felles forståing av kor vakker musikken eigentleg er.*

*Eg let stillheita råde for å behalde denne atmosfæren, før eg vidare knytter desse refleksjonane opp til eit musikkteoretisk perspektiv om korleis musikk kan forståast som relasjonell, kommunikativ og samhandlande. Eg nyttar dømer frå min eigen musikkterapeutiske praksis på aldersinstitusjonen når eg fortel om korleis eg har utvikla musikalske relasjonar med bebuarar gjennom tonar, rytmor, rørsle, og kroppsspråk. Døma gjev eg for å gje pleiarane musikalske verktøy dei sjølv kan nytte i pleiekvarden.*

*Med dette friskt i minne spør eg pleiarane om dei har nokre tankar rundt det å nytte musikk for å betre krevjande samhandlingssituasjonar. Line trur dei i byrjinga vil vere nøydde til å aktivt tenke over korleis nytte musikken, då det er ein ny metode, men at det etter kvart vil vere enklare*

å ta det i bruk, og vil difor ikkje ta ekstra tid. Gerd nikkar, og dei er begge einige om å sjå korleis det faktisk blir i praksis. Eg spør vidare om pleiarane kan komme på spesifikke krevande samhandlingssituasjonar på institusjonen, og om dei har tankar om korleis ein eventuelt kan nytte musikken der. Etter ein tenkepause fortel både Gerd og Line at morgonstellet med enkelte bebruarar kan opplevast særleg krevande for pleiarane.

Gerd fortel i forbinding til dette om korleis ho har opplevd at opningslinja "god morgen", som ho møter bebruarane med om morgonen, har vore avgjerande for korleis stellesituasjonen har utarta seg. Her fortel ho at tonefallet hennar synest å påverke bebuaren sitt humør. Ho spør samtidig om det er slik at alle bebruarar vil ha utbytte av musikkbruk i samhandlingssituasjonar. Dette har eg ikkje ein absolutt fasit på, men leier heller samtalen inn på eit sentralt emne om viktigheita av å tilpasse musikken til den enkelte bebruar. Line tek så ordet med eit døme frå ein samhandlingssituasjon med ein bebruar, der situasjonen hadde blitt prega av musikalske element. Ho hadde knipsa, og straks byrja bebuaren å danse. Slike augonblikkar har skapa ein heilt annan forbinding mellom dei, fortel ho.

Vidare fortel pleiarane om fleire krevande samhandlingssituasjonar, og me drøfter lenge rundt korleis ein kan tilpasse bruken av musikk i desse situasjonane. Døma frå denne drøftinga handla om utfordringar med at bebruarar ofte i kvardagen avviser deira innbyding til interaksjon, ikkje er motiverte for å stå opp, eller verkar isolerte. Pleiarane kjem i denne samanheng med forslag om å ta i bruk cd-spelar. Dette er ein god idé synest eg, og tek dei med på ein refleksjon om fordelen av å ta utgangspunkt i musikk vedkommande likar, deira musikkpreferansar. Eg oppmuntrar pleiarane til å spørre bebruarane om musikkpreferansar der dette er mogeleg.

På dette tidspunktet er det tid for å avslutte møtet, så eg rundar av med ei oppmuntring til pleiarane om å prøve ut musikk med bebruarane i pleiekvarden, ut ifrå det me har reflektert rundt på møtet, og minner om at me skal drøfte rundt dette på neste møte om to veker.

To veker seinare er me samla igjen. Gro og Line smilar, tek ein slurk av kaffien, medan eg spent spør om dei har tankar dei vil dela om erfaringar frå mellomperioden. Pleiarane tek straks ordet, og fortel korleis dei seg i mellom har diskutert korleis dei ville nytte musikken i pleiekvarden. Begge skildrar møter med bebruarar der dei nytte kroppen i form av gestar og tonefall for å tone seg inn på bebruarane. På forrige møte hadde eg presentert musikalsk teori

*kring dette, og pleiarane hadde testa ut denne teorien i praksis. Pleiarane fortel om det å prøve å vere bevisste på deira eige kroppsspråk og stemmebruk i samhandlinga med bebuarar. Medan latteren heng laust mellom pleiarane fortel dei korleis dette ikkje alltid kjennest naturleg, og at bebuarane verka å synest at dei var rare og litt galne når dei tok det i bruk.*

*Pleiarane fortel også samstundes om korleis denne tilnærminga innimellom har fungert, og Gerd synest at det i stor grad varierer frå kven av bebuarane som responderer på det. Ho undrar over om dette kan ha samanheng med der stor tru bebuaren har på medmenneska eller ei. Vidare fortel Line om ein episode der måten ho sa "god morgen" påverka bebuaren, i likskap med Gerd sitt døme frå første samling. Når eg presiserer at dette også inngår i den musikalske teorien, fortel pleiarane at det kanskje er meir naturleg å nytte dette for dei enn kva dei i utgangspunktet trudde. Dei innser at dei har teke i bruk dette naturleg utan å tenkje over det. Line deler også eit perspektiv om korleis ein kan nytte bevisstgjering rundt slike kroppslege gestar ved å ta i bruk ei stemme som gjev omsorg, slik at bebuarar som til dømes er redde eller sørger, skal kjenne seg sett. Eit flott perspektiv, stadfester eg.*

*Eg leier samtalen inn på teorien om personsentrert omsorg, som presentert på første samling. Eg spør pleiarane om dei har fått bruk for denne tilnærminga i kvardagen. Line fortel at ho ikkje aktivt har tenkt på dette, men at ho trur ho gjennom å få ei innføring i tilnærminga naturleg nytter den ved å ta i bruk musikk med bebuarane. Vidare fortel både Gerd og Line om fleire opplevelingar av å ta i bruk musikk med bebuarar, og me nytter den resterande tida på drøfting rundt konkrete samhandlingssituasjonar.*

*I ein av situasjonane me drøfter skildrar Gerd korleis ein bebruar under morgonstellet først verka å ha utbytte av musikken, for så å bli svært uroleg. Dette er ein bebruar som slit psykisk, og Gerd spør om det finnast kontra-indikasjonar i bruken av musikk, der nokre tilstandar og sjukdommar ikkje responderer godt til musikk. Eg fortel at det ikkje er noko regel på dette, og frammar eit perspektiv om viktigheita av sensitivitet i musikkbruken med bebuarar. Pleiarane stadfester viktigheita av dette, og me drøfter korleis me kan få dette til ved å legge til rette musikken for bebuaren i Gerd sitt døme. Line deler eit perspektiv om at musikken kanskje hentar fram kjensler i bebuaren, at det trigger noko i ho. Kven veit kva som vil hende når ein først opnar opp, seier ho undrande, der ho her sikter til kva som ved bruken av musikk kan kome fram hos bebuarar av tidlegare emosjonell bagasje og minner. Dette perspektivet leier igjen til ein samtale om viktigheita av sensitivitet i møte med bebuarane.*

*Ei vike seinare er me samla for siste fokusgruppeintervju, og eg er spent på å høyre korleis læringsprosessen har vore sidan sist. Gerd fortel om ei oppleving der ho tilbydde musikk til ein bebuar, men fekk avslag. I denne hendinga undra ho seg over om denne avvisinga hadde samanheng med kjenslene til bebuaren, i form av at han ikkje stolte på ho, eller om han kanskje berre hadde ein dårleg dag. Ho tenkte samstundes at det kunne vere at musikken kom overraskande på, då denne bebuaren trenger klare rammer for å ha ei kjensle av kontroll. Gerd sine refleksjonar rundt dette drøftar me på djupna, og igjen kjem me inn på emne om viktigheita av sensitivitet i møte med den enkelte bebuar, og det å ta utgangspunkt i kva bebuaren har lyst til.*

*Vidare held Line fram med ei situasjonsskildring. I døme hennar har musikken verka å utvikla relasjonen deira over tid, som førte til ei oppleving der det verka som bebuaren starta å assosiera pleiaren med musikken, og på den måten følte han måtte vere aktiv når ho var i nærleiken. Ho merka at dette var slitsamt for bebuaren, og hadde difor eit opphold i bruken av musikk med vedkommande. Når ho så eit par dagar seinare hadde morgonstell med denne bebuaren utan musikk, merka ho ei tydeleg kontrast frå korleis kroppen hans verka ved musikkbruken. Line fortel korleis dette har lært ho kor viktig det er at ho i bruken av musikk med bebuarar finn ein mellomveg for dei.*

*Line fortel også om korleis musikkbruk med bebuarar også kan opplevast som tøft for ein sjølv, då musikken opnar opp for både det gode og vonde, og at relasjonen mellom pleiaren og bebuaren blir meir open for begge desse aspekta. Ho fortel at det kan vere utfordrande å stå i dette, og om korleis ho av og til vil lukke igjen og halde att, men at ein då samtidig går glipp av det gode i relasjonen.*

*Denne refleksjonen blir eit springbrett til ei tankerekke om korleis pleiarane kan og bør ivareta seg sjølv i relasjonen til bebuarane. Eg fortel at det kan vere viktig å sette grenser for kor djupt inn i det emosjonelle livet til bebuaren ein vil gå. Line kommenterer dette spørrande gjennom å seie at ho synest dette er vanskeleg å vurdere, då ein ikkje kan styre kva musikken opnar opp hos bebuarane. Me reflekterer rundt korleis det kan vere utfordrande å sette grenser for seg sjølv, då ein som pleiar alltid så inderleg vil gje bebuarane det beste.*

*Etter desse refleksjonane er tida snart inne for å runde av siste fokusgruppesamling, og eg spør Line og Gerd om dei har nokre tankar om nyttinga av musikk etter at tiltaket offisielt er over. Dei er begge einige om at dei har lyst til å halde fram med å nytte musikk, men uttrykker eit sukk over korleis dette til no ikkje er lagt til rette på institusjonen. Eg spør dei samtidig om korleis det har vore å delta i læringsmodellen, og om dei har innvendingar eller forslag til betringar og justeringar. Her fortel begge pleiarane korleis læringsmodellen har fungert bra, og poengterer nytten av å drøfte rundt konkrete samhandlingssituasjonar, i høve til korleis ein kan ta i bruk musikk.*

*Dette er siste samtale før lydopptakaren blir skrudd av. Eg merker det er vemodig å skulle avslutte tiltaket, då eg set att med ei kjensle av å nettopp ha byrja ei vandring med pleiarane, som plutselig skal avsluttast. Eg takkar pleiarane for deira bidrag, og oppmuntrar dei til å halde fram med å nytte musikken i pleiekvarden. Samstundes foreslår eg også at me tek eit oppfølgingsmøte om eit par månadar, og pleiarane er svært positive til dette.*

## **4.2 Pleiarane sine opplevingar av å delta i læringsmodellen på arbeidsplassen**

På fokusgruppeintervjuet er eg interessert i Gerd og Line sine læringsprosessar, i form av kva dei fekk ut av å delta i læringsmodellen. Eg stiller difor aktivt slike spørsmål i løpet av tiltaksperioden. Emna som kjem opp her er korleis musikken auka trivselen deira i pleiekvarden, og korleis tida er ei utfordring i bruken av musikk. Pleiarane kjem også med refleksjonar rundt prosessen med å overføre musikalske verktøy til andre pleiarar på institusjonen, og ei generell vurdering av læringsmodellen.

### ***Musikken aukar trivsel i pleiekvarden***

Eg som fasilitator spør pleiarane korleis dei har opplevd musikken for sin eigen del, i høve til om den har gjeve dei noko i retur. Begge pleiarane fortel om ei auka trivsel, der musikken gjev meir energi og glede i pleiekvarden. Gerd fortel korleis ho opplever situasjonar som mindre seriøse ved å nytte musikk. Line er einig og seier at dagen blir mykje kjekkare når ho nyttar musikken. Gerd skildrar ein situasjon der musikkbruken under morgenstell med ein bebuar gjorde at pleiaren blei opprømt, og Line framhevar korleis utbyttet hennar også grunnar ut ifrå å sjå kor glade bebuarane vert ved bruken av musikk.

*Gerd: Det var så tideleg på morgenon, og eg følte meg sånn: "åh" [viser eit opprømt kroppsspråk, medan ho ler], veldig positiv, og eg hadde meir energi. Det var mi oppleving, for eg er veldig glad i musikk.*

*Line: Og så er det så utrulig kjekt å sjå, særleg i stova, når folk smilar, småtrippar litt og kosar seg. Det er fantastisk. Og så også det at i dei enkelte situasjonane så opnar du opp noko som gjer at du får ein betre kontakt med den enkelte. Og det er veldig fint, det er det.*

Pleiarane skildrar også ei oppleving av å innimellom ha kjensla av ikkje å vere på jobb når dei tek i bruk musikk med bebuarane, då situasjonane i arbeidskvarldagen blir meir positiv.

#### ***Tida er ei utfordring i pleiarane sin bruk av musikk med bebuarane***

På fokusgruppesamlingane fortel pleiarane om at tidspress er ei utfordring i det å få tid til, å få kontinuitet i dei musikalske møta med bebuarane. Dette er mellom anna grunna praktiske arbeidsoppgåver som er pålagt pleiarane å utføre i løpet av vakta, og fordi pleiarane i løpet av dei ulike vaktene ofte vekslar mellom kva for bebuarar dei møter.

*Line: For min del er det kanskje meir slik: "åh, det var så gøy å være her, men eg har eigentleg ikkje tid, og det er nokre ting eg ikkje kan nedprioritere, så då må eg gå. Men så keisamt å gå ifrå dette her, for dette var gøy".*

*Line: Får ikkje kontinuitet.*

*Gerd: Fordi me har så kort tid.*

Line skildrar også ei sut i forhold til ikkje å alltid ha tid til å følgje opp bebuarane, der ho er redd ho ved å nytte musikken har starta prosessar i bebuarane som vekker sterke kjensler, som ho på grunn av tidsmangel ikkje får følgt opp. Me drøfter korleis ein ikkje alltid kan vere til stades for bebuarane, og viktigheita av å vere så sensitiv som mogeleg i val av musikalske tilnærmingar, samstundes som at ein som pleiar ikkje kan hindre at vonde emosjonar dukkar opp hos bebuarane.

### **Pleiarane sin overføring av musikalske verktøy til andre pleiarar på institusjonen**

I tiltaksperioden der pleiarane nytter musikk aktivt med bebuarane, fokuserer dei også på å overføre denne kompetansen til andre pleiarar på institusjonen. I møte med andre pleiarar deler dei erfaringar om korleis bebuarar reagerer på musikk og oppmuntrar pleiarar til å bruke cd-spelaren i samhandlingssituasjonar. Denne overføringa fungerer derimot i stor grad ikkje, då det kan sjå ut som at dei andre pleiarane syns det er eit for stort tiltak å ta i bruk musikken i ein elles travel pleiekvartdag.

*Line: [...] Det som eg opplever litt er at eg føler at me kan gjere dette fordi me er med i prosjektet. Men når eg prøver å foreslå det til for eksempel kollegaer, og seier kor stort utbytte vedkommande har når ein tok på musikken, så seier eg "den står der og den står der [musikkutstyret], det er berre til å ta det med inn". Det skjer ikkje, det blir med sånn "mh" [responsen frå andre pleiarar, som Line formidlar at er litt stridig]. Ja, det er noko ekstra, litt tiltak.*

Pleiarane synest det er vanskeleg å få til kompetanseoverføring av musikalske verktøy til andre pleiarar på institusjonen, men Line poengterer at dersom ein ikkje klarer å få til denne overføringa, vil bruken av musikk mest sannsynleg døy ut i pleiekvartdagen. Line kjem også med eit døme på korleis ho opplever eit behov for at kompetansen skal bli delt med andre pleiarar. Dette då ho merkar skilnad i måten ho sjølv nytter musikken meir bevisst med bebuarar, og når andre pleiarar som ikkje er med i tiltaket nytter den. Dette bringer opp ein frustrasjon i ho, sidan ho ser alt som kunne ha vore gjort annleis.

*Line: Og så kjem det ulike folk heile tida [her meiner ho at det kjem ulike pleiarar inn til bebuarane]. Og så ser eg at dei tek på sånn og dei gjer sånn, og så kjenner eg inni meg sjølv kor irritert eg blir. Og så berre tenkjer eg "nei, okei, eg kan ikkje gjera det, eg må berre akseptere at det er slik det er" [her meiner ho at ho ikkje kan styra korleis andre pleiarar tek i bruk musikken med bebuarane]. Det synest eg har vore vanskeleg.*

Me drøftar også korleis ein kan overføre kompetanse om bruken av musikk til andre enn pleiarar, og Line framhevar korleis ein kan inkludere pårørande i denne prosessen, så vel som bebuaren sjølv.

### **Vurdering av læringsmodellen sin struktur og innhold**

Heilt frå tiltaket starta har eg vore tydeleg på at pleiarane gjerne må vere med å påverke korleis samlingane våre skal fungere, både når det gjeldt struktur og innhold, og me har difor ein open dialog om dette i løpet av heile tiltaksperioden. Pleiarane kjem med tilbakemeldingar om at dei er nøgde med måten læringsmodellen er sett opp, då den passar godt inn i arbeidskvardena deira. Pleiarane fortel at dei har utbytte av å ha ein open dialog der det er rom for å drøfte musikkbruken opp mot konkrete samhandlingssituasjonar med bebuarar. Line fortel at det er nyttig med jamleg innputt ved å møtast, då det skjer mykje i løpet av arbeidsvakter som er hensiktsmessig å drøfte rundt, for å kunne nytte musikken forsvarleg med bebuarane. Pleiarane er einige om at den opne strukturen som læringsmodellen har, passar betre for dei enn eit meir fastlåst undervisningsoppsett. Dette då tida ville gjere det vanskeleg for pleiarane å få til innlevering av oppgåver og liknande.

*Line: Dersom me skulle hatt eit mål og ein plan, og skrive ned og notere og sånn, så veit eg ikkje om me eigentleg hadde hatt tid til det. Det kjem veldig mykje ut av det å berre sitte og prate om det.*

*Gerd: Eg håper at det hjelpte deg, at me snakka slik, ikke sånn veldig strukturert.*

Til slutt i siste fokusgruppeintervjuet spør eg pleiarane om kva dei tenker om vegen vidare, då tiltaket snart offisielt er over. Line fortel om eit ønskje om å halde fram, men og om korleis dette ikkje til no er tilrettelagt hos bebuarane, i form av musikkutstyr.

*Line: Eg har lyst til å halde fram, og prøve det ut på litt fleire kanskje, og nytte det der eg ser det fungerer. Eg skulle berre ynskje at det var meir tilrettelagt for det hos den enkelte.*

Begge pleiarane fortel bestemt om korleis musikken har vore nyttig i samhandlingssituasjonar, og uttrykker at dei ynskjer å halde fram med å ta dette i bruk.

## **4.3 Pleiarane sin bruk av musikk i krevande samhandling med bebuarar**

På fokusgruppessamlingane reflekterer pleiarane i stor grad over konkrete samhandlingssituasjonar med bebuarar, og utprøving av musikk i desse settingane. Fortellingane foregår på tre nivå, ei inndeling eg i analysen av dataa såg var hensiktsmessig for å syne musikken sine ulike funksjonar. På individnivået fokuserer pleiarane på korleis musikken vekker emosjonar og minner, og påverker kroppen til bebuarane. På dyadenivået skildrar pleiarane sin bevisstheit rundt stemme og kroppsspråk, og korleis musikken skapar ei djupare kontakt mellom pleiarane og bebuarane. Gruppenivået omhandlar pleiarane sine opplevelingar av korleis musikken skapar ei betre stemning i stova, og ei drøfting om korleis musikken verkar ulikt i møte med dei enkelte bebuarane.

### **4.3.1 Individnivå**

#### ***Musikken vekker emosjonar hos bebuarar***

Når pleiarane tek i bruk musikk i samhandlingssituasjonar opplever dei at eit spenn av emosjonar blir vekka hos bebuarar, og dei erfarer at musikksjangrane påverker kva for emosjonar som blir framma. Der klassisk musikk som regel vekker emosjonar som gjer bebuarar meir rolege, vekker country og liknande sjangrar dei meir lystona emosjonane. Pleiarane fortel om gjentakande opplevelingar der bebuarar blir glade av å delta i musikken, samtidig som nokre av fortellingane inneber at musikken verkar å gjere bebuarar tankefulle og nedstemte. Andre fortellingar inneber samhandlingssituasjonar der emosjonspennet blir vekka i løpet av pleiaaren og bebuaren sitt møte, og Gerd skildrar dette ved å fortelle om ein bebruar som får angst under musikkbruke. Ho spør på samlinga om det finnast kontra-indikasjonar der bebuarar med nokre typar diagnosar ikkje responderer godt på musikk.

*Gerd: [...] Eg har hatt litt opplevelinga av at det i byrjinga var veldig fint [...] og ho hadde det bra. Og så etterpå hadde ho lyst til å ta CD spelaren ut, hadde veldig angst og tenkte at det var noko som skjedde inne i CD spelaren.*

Line fortel også om korleis musikken kan framme både positive og negative emosjonar hos bebuarar, og korleis dette avhenger av kva for musikk ho tek på, dersom ho brukar cd spelar.

*Line: [...] Eg pleier å byrje med klassisk musikk, og slik som i dag under morgonstellet høyrdde me på Vivaldi. Og så berre ser eg at han får tårer i auga, og så seier han; "åh,*

*eg kjenner ein slik enorm lykkerus. Det går gjennom heile kroppen. Dette er ein av dei mest fantastiske augonblinkane eg har opplevd". Og bebuaren held fram med å seie: "Eg berre kjenner ei slik stor glede, eg har aldri opplevd noko slikt." Og det var så rart å høyre. Og det har vore mange slike episodar. [...] Han er veldig, veldig open. Og eg har merka at dersom eg tek på noko klassisk musikk, som speler på dei litt lågare kjenslene, så blir han deretter. Med ein gong eg set på noko glad-musikk så er han fantastisk glad.*

Den emosjonelle verknaden musikken synest å ha på bebruarar er mykje vektlagt i pleiarane sine refleksjonar i løpet av fokusgruppesamlingane. I forbinding med dette søker ofte pleiarane kompetanse på korleis nytte musikken på ein måte som tek omsyn til bebruarane sine emosjonar. Gerd frammar eit perspektiv om at det kan vere slik at bebruarar har ei grense eller ein terskel for kor mykje dei toler, og at slike grenser er ulike frå bebruar til bebruar. Her drøfter me korleis musikken må leggast til rette innanfor desse grensene hos den enkelte bebuaren. Line reflekterer over om det kan vere slik at musikken bringer fram uarbeidde emosjonar og opplevelingar frå bebruarane sine liv, der dette kan bli opna ved hennar bruk av musikk i møte med dei. Dette perspektivet fører til ei vidare drøfting over viktigheita av sensitivitet i dei musikalske møta med bebruarane, med omsyn til emosjonane deira.

### ***Musikken vekker minner hos bebruarar***

På dei to siste fokusgruppeintervjua fortel Line om opplevelingar der musikken vekker minner hos bebruarar, der den eine bebuaren deler frå fortida si med pleiaren på ein måte vedkommande ikkje har gjort før, som gjer at pleiaren blir betre kjend med bebuaren.

*Line: [...] Eg har merka i ettertid at han byrja å prate og fortelje mykje meir. Opne seg opp, og gå tilbake og fortelle om utfordringar tilbake i tid. Og det har eg ikkje opplevd hos han før.*

Bebuarar fortel engasjert frå livet sitt, og også meir kjenselsladd om opplevelingar i livet som har vore vanskeleg.

*Line: [...] Eg har også merka at han har det litt tungt, fordi noko av musikken eg har spelt har aktivert gamle minner, særleg julemusikken som er på i stova no. Så fleire gonger har han teke til tårene og mimra om gamledagar og ting som har vore vanskeleg.*

I Line sine opplevingar vekker musikken ei likevekt av gode og dårlige minner hos bebuarane.

### ***Musikken påverkar bebuarar sine kroppar***

I løpet av månaden pleiarane deltek i læringsmodellen opplever dei tydeleg korleis musikken påverker kroppen til bebuarane, og korleis dei ulike musikksjangrane er avgjerande for i kor stor grad bebuarane blir rolegare og meir avslappa, eller meir aktiverte.

*Gerd: [...] men det er litt ulikt ut ifrå kva for type musikk det er, om det er for å roe seg ned, eller for å kome opp [her tolka eg at ho meinte at musikksjangeren påverkar om bebuarane blir meir roleg eller meir aktiverete og opplyfta]. Dersom det er klassisk musikk roer dei seg ned, og med sånn musikk som er litt rar, dansemusikk eller country, røyrer på seg.*

*Line: [...] men det er veldig rart. Tek du på noko roleg, så blir [ho tek ein tenkepause]. Tek du på noko som lyfter opp, så blir det jo [ho tek ein tenkepause]. Det er veldig rart, heilt fascinerande. [Her brukte Line i delar av samtalens kroppsspråket i staden for ord. Eg tolkar at difor at ho formidlar at dersom ein tek på roleg musikk, blir bebuaren også roleg, medan om ein nytter musikk som lyftar opp, der eg trur ho siktat til meir livlege sjangrar, blir bebuaren også meir glad og opplyfta].*

Pleiarane fortel om korleis musikkbruk i morgenstell gjer at bebuarar har betre kontroll over kroppen sin. Musikken bidreg til betre balanse og reduksjon av angst hos bebuarar, som igjen gjer at bebuarane i større grad sjølv klarer å utføre stell og påkledning. Dette uttrykker pleiarane at effektiviserer stellesituasjonen.

*Gerd: Bebuaren kjende seg mykje betre, og hadde ikkje så mykje angst. Og ho kunne gjere mange ting åleine, og trong ikkje så mykje hjelp og slikt.*

*Line: [...] Kroppen har byrja å fungere mykje betre, frå å nesten ikkje kunne gå eller ha balanse, til å nå ned i golvet og danse under morgenstell. Eg bytter til slik glad-country*

*og dansar, og det har ein heilt klar effekt. Han gjer meir sjølv, og av og til i takt med musikken, slik at det jo går litt raskare.*

Line gjer seg ei erfaring når det gjeld kontrasten av bruk kontra ikkje bruk av musikk i morgenstell med ein og same bebruar.

*Line: [...] Og då ser eg skilnaden på korleis han er om morgonen [her tolkar eg at ho meiner utan musikken], og korleis han er om morgonen med musikken. Mykje tyngre [her tolkar eg at ho meiner utan musikken], slit meir med helsa, med å finna seg sjølv, orientere seg, svimmelheit. Så det er veldig fascinerande å sjå kor stor effekt det har på han og [her tolkar eg at ho meiner at musikken har effekt på bebuaren].*

Etter å ha teke i bruk musikk i ein periode har ho eit lite opphold med dette, og når ho då har morgenstell med denne bebuaren utan musikk, merkar ho at bebuaren er tydeleg tyngre i kroppen utan musikken. Denne opplevinga gjer at Line forstår ho kor god effekt musikken faktisk har på nettopp denne bebuaren.

#### **4.3.2 Dyadenivå**

##### ***Pleiarane har ei bevisstheit rundt stemme og kroppsspråk i møte med bebruarane***

I ulike samhandlingssituasjonar nytter pleiarane kroppen sin som eit musikalsk verktøy. Dette ved å vere bevisst på stemmebruk når dei til dømes seier "god morgen" til ein bebruar, eller måten dei bruker kroppsspråket sitt i møte med den enkelte, til dømes ved å ta i bruk dans. Begge pleiarane skildrar blanda opplevingar av det å bruke denne bevisstheita for å mellom anna motivere bebruarar til å stå opp, eller for å møte emosjonane deira. I enkelte situasjonar kjenner dei at bebruarane synest dei er litt rare eller galne, medan dei andre gongar opplever at det fører til at dei klarer å møte bebruarane nærmare deira emosjonsnivå.

*Gerd: Eg har prøvd med ein bebruar med litt dans og litt sånn, fordi den bebuaren ikkje hadde lyst til å komme opp frå senga, og var litt deprimert. Og eg byrja slik [ho ler, og viser eit morosamt kroppsspråk]. Og det såg ut som bebuaren tenkte "åh, ho er litt gal". Eg byrja å syngje litt og sånn.*

*Line: [...] Så har eg jo også merka at dersom du hevar stemma og prøver å ha ei litt lys, positiv stemme når du snakkar til bebuauren; "god morgen" [ho seier dette med tydeleg positiv uttale], i staden for "god morgen" [veldig roleg uttale], så gjev det ein heilt annan effekt. Men det kjem an på stemningsleiet til vedkommande også. Det kan verke provoserande dersom du er på ditt djupaste og så kjem det nokon inn og berre "ho ho" [sagt på ein over-positiv måte]. [...] men det har jo ei effekt, absolutt. Og dersom du då nyttar ei slik stemme som gir omsorg, så kjenner dei seg litt sett på ein måte. Og det har også god effekt, har eg merka.*

Ut ifrå desse opplevelingane startar ein refleksjon rundt kvifor reaksjonane på dette er så ulike mellom bebuarane, og Gerd frammar eit perspektiv om korleis denne variasjonen kanskje kan dreie seg om i kor stor grad bebuarane har tru på menneske, eller ei samanheng med opplevelingar tidlegare i livet sitt. Line merkar særleg effekten av ein slik måte å bruke kroppen og stemma, dersom ho prøver å vere bevisst på å nytte ei stemme som signaliserer omsorg til bebuauren.

### ***Musikken skaper ein djupare kontakt mellom pleiarane og bebuarane***

Musikken bidreg til å skape ein djupare kontakt mellom pleiarane og bebuarane. Dette kjem pleiarane med mange døme på i løpet av alle fokusgruppessamlingane, ved at musikken mogleggjer ein heilt annan forbinding og eit anna samspele med bebuarar. Pleiarane kjem både med døme der dette opplevast som positivt, men også eit tilfelle der musikken verkar å skape ei tvungen åtferd. I dei fleste fortellingane fortel pleiarane om opplevelingar der musikken skaper ein kontakt som gjer situasjonane meir avslappande.

*Gerd: [...] Eg synest det er berre gode ting som kjem med musikk. [...] Heile situasjonen blir meir avslappande, rolegare, finare, så eg trur det hjelper mykje, både me som arbeider som pleiarar og dei som er bebuarar her.*

Line fortel stadig om møter med ein spesifikk bebuar, der musikken verkar å mogleggjere ein djupare kontakt mellom dei. Samstundes skildrar ho korleis musikkbruken også etter ein periode verka å føre til at bebuauren fekk ei tvungen åtferd. Vidare skildrar ho korleis musikken først verkar å forsterke god kontakt, gjennom danse-seansar på rommet til bebuauren:

*Line: Eg merkar at me har fått ein heilt anna kontakt etterpå. Ei ikkje-språkleg kontakt. Og me har hatt mange slike danse-seansar på rommet, og ja, det er fantastisk.*

Samtidig fortel pleiaeren om ei oppleving der den djupe kontakten ikkje nødvendigvis alltid er positiv. Etter å ha brukt mykje musikk med bebuaren, opplever ho at bebuaren startar å assosiere ho med musikk, og at det verkar som at bebuaren kjenner at han difor må opptre musikalsk når ho er i nærleiken, utan å nødvendigvis ha overskot til dette. Denne opplevinga gjer at Line i etterkant er meir bevisst på å bruke musikk på ein måte som ikkje aktiverer han for mykje, for å ivareta ein sunn kontakt.

*Line: [...] slik at når han møtte meg i alle typar settingar så tenkte han ”åh, der er ho som eg dansar med”. Og så trur han, slik eg forstår det i alle fall, at det er eg som har lyst til å få han til å danse. Så med ein gong han ser meg så tenkjer han ”åh, der er ho som likar å danse, då må eg danse”, sjølv om han eigentleg ikkje heilt har overskot til det, eller energi til det. Ein dag så satt han i stova, og eg kom inn. Eg skulle snakke med nokon andre. Så ser han meg, og så reiser han seg opp med ein gong og byrjer å danse. Men så dansar han vekk ifrå meg, langt vekk, og set seg på pianokrakken. Det var som om han tenkte ”er ho nøgd no” [ho seier dette på ein humoristisk måte]. Då tenkte eg at no har me teke det ganske langt.*

I Line si skildring av korleis denne djupe kontakten ikkje alltid er lysstona, skildrar ho korleis musikkbruken hennar har mogleggjort møter med bebuarane der ho har opplevd å bli meir knytta til dei, og korleis dette kan vere utfordrande.

*Line: [...] Eg har merka etter at eg har spelt litt musikk, at du knyter deg meir til den enkelte. Du opnar opp for vedkommande, og vedkommande opnar seg opp for deg. Og det kan vere litt tøft, faktisk. Det blir veldig intenst. Altså, du blir meir open for alt. Ikkje berre dei gode tinga, men også dei triste tinga. Og du ser mykje trist på jobb. Så eg har merka det litt på meg sjølv også. Så du har veldig lyst å berre lukka igjen. Det er lettare å handtere på ein måte. Men då går du glipp av dei fine tinga også [her trur eg ho meiner det som oppstår i relasjonen].*

Pleiarane reflekterer også rundt korleis bebuarar innimellom ikkje har lyst til å ha musikk i kvardagen sin. Gerd fortel om ei oppleving der ein bebuar avviser hennar tilbod om å høre på musikk i lag. Ho reflekterer rundt korleis ei mogleg tolking av denne situasjonen kan vere at bebuaren ikkje stoler nok på ho til å høre på musikk saman. Me drøfter dette med ein førebels

konklusjon om at det er viktig å ta utgangspunkt i kva bebuaren har behov for der og då, og at det ikkje alltid er eit ønskje frå bebuaren si side å ta i bruk musikken.

### 4.3.3 Gruppenivå

Datamaterialet på dette analysenivået er tynnare enn på dei to foreståande nivåa. Dette er derimot naturleg då fokuset under fokusgruppeintervju i stor grad var retta mot konkrete samhandlingssituasjonar med bebruarar, der dette i dei fleste tilfella fann stad på individ- og dyadenivå.

#### ***Musikken skaper ei god stemning i daglegstova***

Pleiarane fortel at dei både før og under gjennomføringa av læringsmodellen har vore vande med å sette på musikk til bebruarane i daglegstova. Som regel skjer dette på ettermiddagen, etter at kaffimaten er servert. Pleiarane fortel at musikken skaper ei god stemning, og dei skildrar eit svært tydeleg skille mellom gongane musikken er av og på. Dei fortel at den gode stemninga som kjem ved musikken er ei motsetting til den heller nærast klamme og intrigeprega stemninga som er til stades utan musikken.

*Line: [...] Eg synest den stemninga i stova er veldig sånn til å ta og føle på, den er veldig tung, og litt clam på ein måte. Det er veldig mykje småkviskring og skuling. Men når du då tek på musikk, så endrar det seg. Det lettar på ein heilt annan måte.*

Gerd opplever atmosfären i stova som rolegare og meir avslappande når musikken er på, men kva for type stemning som kjem fram varierer ut ifrå val av cd. Medan enkelte typar musikk verkar å roe bebruarane ned, som instrumental- og klassisk musikk, gjer dansemusikk og countrymusikk at bebruarane verkar meir oppløfta. Pleiarane skildrar også korleis countrymusikk og dansemusikk ofte får bebruarane til å smile og småtrippe.

Å sette på ein cd er derimot ikkje alltid ein uproblematisk prosess, kjem det fram hos pleiarane, og dei fortel at dei alltid først prøver å tolke den kollektive stemninga i stova før dei spør kva dei vil høre på eller eventuelt foreslår ein cd.

### ***Musikken skapar ulike reaksjonar hos bebuarane***

Line skildrar to samhandlingssituasjonar med to ulike bebuar, der ho fortel at musikken synest å ha effekt i morgenstellet med den eine men ikkje med den andre. Bebuarane reagerer ulikt på musikken, der musikken i det eine tilfellet har bidrege til at stellesituasjonen går raskare, medan den hos den andre bebuaren vekker minner. Line fortel at musikken har effekt på den fyrste, men ikkje den andre bebuaren.

Eg spør eit opent spørsmål om kva effekt eigentleg inneber i denne situasjonen, og spør samtidig om me då tolkar effekt i form av at stellet skal gå raskare. Line stadfester at det var eit slikt resonnement ho hadde, ut ifrå dei synspunkta ho hadde fått som følgje av å vere pleiar på aldersinstitusjonen. Me drøftar då alternative måtar ein kan tolke effekt, og eg frammar eit perspektiv der effekt blir tolka ut ifrå situasjonar der både pleiarane og bebuarane opplever ei god samhandling, og der relasjonen opplevast å bli utvikla. Tidsperspektiv er eit element her, men ikkje det einaste. Etter refleksjonane om dette synet på effekt, seier Line at musikken eigentleg har hatt effekt på alle ho har vore i samhandling med, og Gerd nikkar også til dette.

### **4.4 Tilbakemeldingar ved oppfølgingsmøte**

Siste del av oppsettet i læringsmodellen er eit oppfølgingsmøte der pleiarane kan komme med tilbakemeldingar om korleis dei har opplevd det å nytte musikk på eigenhand. Her kan dei også komme med kommentarar for element dei i ettertid har kome på at kunne vore annleis i læringsmodellen. Pleiarane har på dette møtet ingen innvendingar på læringsmodellen. Tilbakemeldingane om korleis musikkbruken har vore etter tiltaksslutt kjem i frå Line, då Gerd rett etter tiltaket hadde avslutta si stilling på aldersinstitusjonen. På dette møtet er det ikkje teke i bruk lydopptak, og eg nytta i staden for feltnotat. Sjølv om datametodeinnsamlinga under dette punktet ikkje er i like høg kvalitet som dei forrige punkta, ser eg tilbakemeldingane som svært relevante for drøftinga i neste kapittel, og har difor valt å inkludere dei.

Line fortel at ho ikkje har teke i bruk musikk i samhandlinga med bebuarar etter læringsmodellen var gjennomført. Ho forklarer dette ved hovudsakleg to faktorar, der den eine er tidsknappheit, og den andre er grunna sårbarheita som dukkar opp ved dei musikalske relasjonane.

*Line: Bruken av musikk gjer at ein kjem nær, men så flyttar eller døyr plutselig  
bebuaren, og då blir det veldig tungt.*

Ho seier at ho har vegra seg for å nytte musikken då det kjennest tungt å sleppe bebuaren inn, før vedkommende plutselig kan forsvinne, anten ved flytting eller dødsfall. I samband med dette presiserer ho kor viktig det er å ha ein musikkterapeut på institusjonen, som kan læra pleiarane å skåne seg sjølv i bruken av musikk med bebuarar.

## 5 DRØFTING

---

Til no har eg i denne avhandlinga tatt føre meg korleis eg har utvikla og gjennomført ein læringsmodell som musikkterapeutisk kompetanseoverføring. Her var siktet målet å evaluere læringsmodellen gjennom pleiarane sine opplevelingar av å delta. Dette gjorde eg gjennom å ha problemstillinga mi som utgongspunkt:

*"Musikk som personsentrert omsorg i krevande samhandling med bebuarar på aldersinstitusjon: Korleis opplever pleiarar det å delta i eit musikkterapeutisk kompetanseoverføringstiltak på arbeidsplassen?"*

Dette resulterte i funna presentert i forrige kapittel. Der presenterte eg først eit narrativ frå gjennomføringa av læringsmodellen (punkt 4.1). Vidare presenterte eg ei tematisk analyse som syntetiserte ulike nivå, strukturert som punkt 4.2 og 4.3. Her var målet å gje ein forenkla oversikt over emna som kom fram. Punkt 4.2 hadde overskrifta *pleiarane sine opplevelingar av å delta i læringsmodellen på arbeidsplassen*, der deira fortellingar rundt ulike aspekt av det å delta i det musikkterapeutiske læringsmodellen på arbeidsplassen kom fram. Dette handla om musikkbruken i lys av ein travle pleiekvartdag, erfaringane med å overføre musikalske verktøy til andre pleiarar på institusjonen, korleis musikken hadde nytte i pleiekvartdagen, og ei vurdering av læringsmodellen sin struktur og innhald.

Punkt 4.2 hadde overskrifta *pleiarane sin bruk av musikk i krevande samhandlingssituasjoner*, som tok føre seg pleiarane sine fortellingar og refleksjonar rundt musikkbruk i møte med bebuarar på institusjonen. Dette punktet blei delt inn i tre analysenivå, då det kom fram i pleiarane sine fortellingar at musikkbruken kunne sjåast på desse tre plana. På individnivået fortalte pleiarane om korleis musikken vekka emosjonar, vekka minner og påverka kroppen til bebuarar. Dyadenivået innebar pleiarane sine refleksjonar rundt det å vere bevisst på si eiga stemme og kroppsspråk i møte med bebuarar, og korleis dei opplevde at musikken skapa ein djupare kontakt mellom dei og bebuarane. På gruppenivå fortalte pleiarane om det å ta i bruk musikk i fellesarealet på institusjonen, og korleis musikken skapte ulike reaksjonar hos bebuarar.

I dette kapittelet vil eg drøfte rundt aspekt av funna som eg særleg syntes peika mot ny kunnskap for praksisområde og forskingsfelt. Funna presenterte svært mange spanande emne, men grunna ordplass måtte eg konsekvent velge emna eg tolka hadde høgast grad av relevans og anvendelegheit i høve til å vurdere læringsmodellen (Malterud, 2011). Eg måtte difor velje vekk emne som likevel kunne vore svært spanande å drøfta rundt, mellom anna korleis pleiarane tilpassa musikkbruken i møte med bebuarar, pleiarane sin bruk av musikk i fellesarealet på institusjonen, og emne i høve til implementering av musikken. Slik enda eg opp med tre hovudpunkt eg vidare i kapittelet skal drøfta rundt:

- Arbeidsplassen som læringsarena
- Pleiarane sin musikkbruk med bebuarar har ulike funksjonar
- Ivaretaking av pleiarane sin eigenomsorg i pleiekvarden

Første punkt handlar om korleis læringa til pleiarane var påverka av at læringsmodellen tok stad på arbeidsplassen deira. Deretter vil neste punkt dreie seg om dei ulike funksjonane pleiarane sin musikkbruk hadde på i møte med bebuarane institusjonen. Siste punkt vil bygge på dei to første, der det vil bli tatt opp emne om pleiarane sin eigenomsorg, då viktigheita av dette kom implisitt fram på fokusgruppeintervjuet. Då slike aspekt ikkje kom fram i Ottesen (2014) ser eg det som eit relevant bidrag i høve til utvikling av musikkterapeutiske læringsmodellar for pleiarar i eldreomsorga. I drøftingen vil eg knytte funna mine til læringsmodellen sitt teoretiske rammeverk. Eg vil også bruke mine eigne refleksjonar ut ifrå mine ulike roller som forskar og fasilitator, og min forkunnskap som musikkterapistudent og pleieassistent. Til slutt i dette kapitlet vil eg også syne implikasjonar for vidare forsking og praksisutvikling, og kome med eit kritisk blikk over forskinga mi.

## 5.1 Arbeidsplassen som læringsarena

På fokusgruppeintervjuet tok pleiarane ofte opp konkrete samhandlingssituasjonar med bebuarar på aldersinstitusjonen, med drøftingar og spørsmål angåande bruken av musikk. Pleiarane uttrykte at denne forma for samtale var særleg nyttig, der det var rom for å reflektere fritt over konkrete situasjonar, gjennom den lite formelle strukturen læringsmodellen hadde. Sett i tråd med teorien om situert læring var det nyttig for pleiarane å snakke ut ifrå praksisen deira (Lave & Wenger, 2003, s. 91).

Oppfølging i bruken av musikk blei trukke fram som viktig for å kunne nytte musikken forsvarleg med bebuarane, og pleiarane meinte dei fekk dette ved å møtast på jamnleg basis for å reflektere rundt konkrete samhandlingssituasjonar saman med meg som fasilitator. Læringsprosessen til pleiarane synest difor å vere påverka av at læringsmodellen fann stad på arbeidsplassen deira.

Då samtalene i stor grad handla om ulike bebuarar på aldersinstitusjonen, verka det som det var ein fordel at eg også hadde hatt eigenpraksis på institusjonen. Dette då eg slik hadde kjennskap til og erfaring med musikalsk arbeid med bebuarane, og kunne på dette grunnlaget støtte pleiarane sine refleksjonar og rådgje dei ut ifrå ei felles forståing. Litteraturen peiker også på viktigheita av dette, der Sandve og Enge (2014) forklarar korleis ein gjennom direkte arbeid utviklar musikalsk relasjonskompetanse som er nyttig i indirekte arbeid. Ridder (2016b) skriv også at det direkte arbeidet dannar grunnlaget for vidareformidling av erfaring og kunnskap i indirekte arbeid. Samtidig hadde eg gjennom det direkte arbeidet også lært meg å kjenne den same konteksten som pleiarane arbeida i, og læringsprosessane kunne slik fungera ut ifrå ei situert læring (Lave & Wenger, 2003), då det direkte arbeidet gav moglegheit for ei felles forståing av konteksten til pleiarane.

Pleiarane fortalte også korleis dei i pleiekvarden hadde drøfta seg imellom korleis dei ville ta i bruk musikken med bebuarane. At pleiarane nytta kvarandre i kvarden stadfester for meg styrken av at kollegaer saman tek del i kompetanseutvikling. Ved at pleiarane deltok saman i læringsmodellen, gav det dei mogelegheit til å støtte kvarandre i bruken av musikk gjennom pleiekvarden. I situert læring (Lave & Wenger, 2003) blir denne måten å læra av kvarandre drege fram som den mest effektive læringsforma. Dersom ein tenkjer på korleis musikkbruken på lang sikt kan bli integrert som ein del av pleiarane sin kvardag, meiner eg dette samarbeidet pleiarar imellom spelar ein sentral rolle.

I gjennomføringa av tiltaket var eg interessert i å sjå korleis pleiarane opplevde å nytte musikken i lys av ein travel pleiekvartdag. På første fokusgruppeintervju fortalte Line at ho trudde musikkbruken ikkje ville ta ekstra tid i kvarden når dei blei vande med å nytte den. På siste møte fortalte derimot pleiarane at travelheita hadde vore ei utfordring når dei nytta musikk, der dei skildra ei kjensle av ikkje å få kontinuitet, og korleis dette skapte ein uro for om musikken hadde skapa prosessar i bebuarane som grunna tidsmangel ikkje blei følgd opp.

Dette stadfesta mi forkunnskap om at tida ville vere ei utfordring for pleiarane. Her verka det dessutan også som at Line hadde ei kjensle av at tidspresset gjorde musikkbruken uforsvarleg, då ho ikkje fekk følgt opp bebuarar sine indre prosessar. I musikkterapilitteraturen har eg ikkje lese om bebuarar sine indre prosessar i bruken av musikk. Ottesen (2014) sine funn synte at bebuarar får auka livskvalitet og trivsel i kvardagen, der ho også hadde fokus på emosjonell regulering. Omgrepet indre prosessar blei derimot ikkje brukt her.

Dette aspektet av funna mine gjorde at eg starta å undre over om indre prosessar hjå bebuarane var ei nyanse av emosjonell regulering, som Ottesen (2014) inkluderte i sitt teoretiske rammeverk. Eg sette omgrepet også opp mot anna musikkterapeutisk litteratur eg hadde lese, som til dømes musikalsk inntoning. Likevel hadde eg ei kjensle av at funna mine peika i ein litt annan retning enn omgropa litteraturen presenterte. Eg hadde eit inntrykk av at pleiarane i større grad omtala bebuarane sine indre prosessar med eit implisitt spenn, som inkluderte bebuaren sine minner og arbeidd emosjonell bagasje frå livet, og at musikken gjorde at dette kunne komme til syne. I samband med dette formidla pleiarane eit ansvar av å ta i vare desse prosessane hjå bebuarane.

Slik eg ser det handlar dette om meir enn å regulere emosjonane til bebuarane, då dette inneber å gå meir aktivt inn og arbeida ut ulike opplevingar frå livet. Eg trur derimot ikkje at slike emne er neglisjert i musikkterapeutisk litteratur. Kanskje er slike emne heller røyrd ved gjennom andre omgrep? Samstundes kan det også tenkast at funna mine viser ei nyanse som ikkje er så godt etablert i litteraturen. I så fall kan dette vere eit bidrag til å potensielt sett utvide omgropa innanfor denne litteraturen, med mål om å betre kunne ivareta bebuarar sine psyko-sosiale behov. I tråd med Helsedirektoratet si utarbeiding av Nasjonal fagleg retningslinje om personsentrerte omsorg (Helsedirektoratet, 2016), kan det også vere relevant å ymte fram at det burde vore større rom for dei indre prosessane til bebuarane på aldersinstitusjonar, i forståinga av dette som aspekt av psyko-sosiale behov.

Pr. i dag er tidsknapheit ein faktor som gjer dette vanskeleg. Men sjølv om tidsmangel var ein vesentleg faktor i pleiarane sin musikkbruk, fortalte dei også om korleis musikken skapa glede og energi i arbeidsdagen deira. Pleiarane forklarte også korleis denne gleda blei fremma av å sjå kor glade bebuarane blei når musikken blei nytta. Dette får meg til å undrast over om kanskje musikk kan nyttast som ressurs også for å motivere pleiarane til å tåla tempoet som norsk

eldreomsorg i dag ber preg av, der svært mange arbeidsoppgåver skal gjerast på kortast mogeleg tid, som Vike (2007) set lys på i sin artikkel om eldreomsorga som dognadskultur.

Samtidig ser eg at resonneringa ovanfor i stor grad er prega av mitt tankesett som pleieassistent, der eg søker å finne verktøy for å klare å halde institusjonstempoet oppe. Perspektiv i høve til tidseffektivitet kom også fram då Line på andre fokusgruppeintervju fortalte at ho forband effekt av musikken i høve til om stellesituasjonane blei meir tidseffektive. Vike (2007) skriv om den høge arbeidsmoralen i eldreomsorga, og om korleis den også kan innebere ei viss utnytting av dei som arbeider der, ved at dei ber ”samfunnets ansvar” på sine skuldrar. Dette utan at samfunnet nødvendigvis gjev rimelege arbeidsvilkår. Det er difor ikkje uproblematisk å tenkje seg at musikken skal bidra til å motivere pleiarane til å halde ut tempoet.

## **5.2 Pleiarane sin musikkbruk med bebuarar har ulike funksjonar**

Ut ifrå pleiarane sine fortellingar fortolka eg at musikken hadde ulike funksjonar i møte med bebuarane, som i analysekapitlet er synt gjennom den tematiske analysen under punkt 4.3. Den eine var korleis pleiarane sin musikkbruk vekka emosjonar hos bebuarar. Pleiarane hadde i løpet av tiltaksperioden opplevelingar av at musikken vekka både positive og negative emosjonar i samhandlingssituasjonar, der dei skildra ulike situasjonar der dei i musikkbruken opplevde at bebuar blei glade, rolegare, fekk angst, fekk mindre angst, blei tankefulle, og verka som å få ei tvungen åferd. I pleiarane sine fortellingar skildra dei i størst grad situasjonar der musikken vekka positive emosjonar. Likevel er det interessant at pleiarane sine fortellingar også peiker på korleis deira musikkbruk vekka vonde kjensler hos bebuarar.

Musikkterapeutisk litteratur stadfester funna mine som viser korleis musikken vekker positive emosjonar, kor mellom anna Kvamme (2013) syner korleis musikken betrar sinnstemningar og lindrar depresjon hos eldre. Ein merknad er derimot at litteraturen eg har lese ikkje har fokus på korleis musikken kan vekka dei vondare kjenslene hos bebuarar. Kvifor kom det då opp gjentakande i mine funn? Slik eg ser det kan dette tolkast på fleire måtar, og eg vil nemne to. Dei vonde kjenslene kan ha vore eit resultat av at pleiarane ikkje tok omsyn til bebuarane i bruken av musikk. Dette var truleg ikkje tilfelle, då pleiarane i så stor grad i heile læringsprosessen alltid hadde fokus på å tilpasse musikken til den enkelte bebuar. Ei anna forklaring, som synest meir logisk for meg, er at pleiarane i musikkbruken med bebuarane

skapte eit rom der det var fritt for å uttrykkje heile emosjonsspennet. Dette samsvarar også med mi praktiske erfaring med å bruka musikk med bebuarar, kor både positive og negative emosjonar pleier å komme opp. I tilfella då negative emosjonar har blitt vekka, har bebuarar ofte fortalt meg at det var godt å få uttrykkje dette. Dersom me ut ifrå ei personsentrert omsorg tenkjer at me skal ta heile bebuaren sin personstatus i vare i dei musikalske møta, inneber vel dette også at vedkommande sine vonde kjensler må få plass?

Ein annan funksjon pleiarane sin musikkbruk peika på var vekking av minner hjå bebuarane. Line skildrar særleg slike situasjonar, der ho forklarte at bebuarane mimra om gode og vonde minner. Her var det likevekt mellom dei gode og vonde minna som kom fram hjå bebuarane. Dette skil seg frå eksisterande litteratur som beskriv korleis musikk hovudsakleg vekker gode minner (Ridder, 2011). Eit interessant spørsmål er kvifor funna mine viste at også vonde minner kom opp, der ei merknad er at det berre var Line som skildra dette. Dersom ein tek Line sin personstatus i betraktning kan dette tolkast som at ho særleg hadde fokus på bebuarane sine indre prosessar, og at ho grunna desse eigenskapane gav rom for at bebuarar sine vonde minner også fekk kome fram. Dette er derimot berre ei fortolking, og ei endeleg konklusjon kan neppe dragast frå eit så lite utval pleiarar.

Pleiarane fortalte også om fleire funksjonar av musikkbruken, og om korleis desse funksjonane ofte innebar samtidige prosessar. Musikken hadde direkte verknad på bebuarane sine kroppar, der pleiarane hadde observert at bebuarar under musikkbruken fekk betre balanse, og i større grad klarte å stella seg sjølv om morgonen. Her peika pleiarane på korleis dette hang saman med bebuarane sine emosjonar, der Gerd mellom anna fortalte om ein bebuar i morgenstell som fekk mindre angst gjennom musikken, der dette gjorde at bebuaren betre klarte å utføre morgenstellet. Fleire slike koplingar mellom musikkens funksjonar var til stades i pleiarane sine fortellingar, og synte korleis musikkens påverka flere funksjonar samstundes. At musikken hadde ulike funksjonar i møte med bebuarane samsvarar med Ottesen (2014), der ho i hennar funn viser korleis bebuarane fekk auka livskvalitet og trivsel i kvardagen, ut ifrå at dei deltok meir og verka gladare i kvardagen.

Koplingar i musikkfunksjonane innebar også pleiarane sine relasjonar til bebuarane, der dei fortalte om korleis musikken skapa ein djupare kontakt mellom dei. Gerd skildra korleis samhandlinga blei meir avslappande, og Line fortalte korleis det å høyre ein bebuar mimre om livet sitt gav ho kjensla av å bli betre kjend med vedkommande. Dette går også overeins med

Ottesen (2014) sine funn som syner korleis pleiarane fekk ein djupare kontakt med bebuarane, og at musikkbruken påverka bebuarane sin livskvalitet og trivsel. Musikken sine ulike funksjonar i møte med bebuauren kan forståast i lys av musikkering, kor Small (1998, s. 8) skriver:

*"The fundamental nature and meaning of music lie not in objects, not in musical works at all, but in action, in what people do. It is only by understanding what people do as they take part in a musical act that we can hope to understand its nature and the function it fulfills in human life."*

Musikken blir her forstått som noko som skjer når menneskjer handlar, og i lys av læringsmodellen omfattar dette korleis pleiarane og bebuarane samhandlar. Eit relevant poeng her, sentralt i teorien om musikkering, er at ein i likskap med ei personsentrert omsorg også må ta omsyn til konteksten. Musikkbruk i eit slikt perspektiv kan også knyttast opp til ulik musikkterapeutisk litteratur. Ein nyanse her er Ruud (1979) sin definisjon av musikkterapi som *"bruken av musikk til å gje mennesker nye handlemoglegheiter."*. Der blir musikken ei moglegheit for deltaking, handling og samhandling (Stige & Ridder, 2016c, s. 46).

Pleiarane sin musikkbruk kan sjåast i lys av ein slik definisjon, då dei ulike funksjonane i musikken også gav bebuarane og pleiarane nye handlemogelegheiter. Til dømes at bebuarane klarte seg betre i stellesituasjonar, og at relasjonen mellom pleiarane og bebuarane blei djupare. Dette er også i tråd med det økologiske perspektivet innanfor samfunnsmusikkterapien (Stige & Aarø, 2012), om at musikken er sosio-musikalsk gjennom å ha smitteeffekt på fleire plan på institusjonen (Pavlicevic et al., 2015). Pleiarane sin musikkbruk vil her tenkast å kunne gjere noko med heile institusjonsmiljøet, i lys av at musikkbruken både påverkar bebuarane og deira eigen pleiekvardag, som skriven i punkt 5.1.

### **5.3 Ivaretaking av pleiarane sin eigenomsorg i pleiekvarden**

Som punkt 5.1 og 5.2 synt, omhandla pleiarane sine opplevelingar av å nytte musikk i på arbeidsplassen, ofte i samhandlingssituasjonar med bebuarar. I stor grad var pleiarane sine skildringar positive, men det kom også fram utfordringar ved det å nytte musikk med bebuarane. Særleg omhandla dette korleis den djupare kontakten til bebuarane også kunne

opplevast tøff, då det var sårbart å komme så nær. Ut ifrå Kitwood (1997) inkluderer personsentrert interaksjon openheit, nærliek, ømheit, bevisstheit, forpliktingar, lidenskap, kjensler og emosjonar. I pleiarane sine opplevingar var mange av desse orda nemnd, som tyda på at den personsentrerte tilnærminga fungerte naturleg gjennom musikken. Dette stadfesta også Line på eit fokusgruppeintervju, då ho sa at læringa om personsentrert omsorga pleiarane hadde fått, gjorde at ho fekk ei djupare kontakt med bebuarar når ho nytta musikken. Ho sa at dette skjedde naturleg, utan at ho tenkte over den personsentrerte tilnærminga i pleiekvarden.

Som skildra i punkt 5.1 tok pleiarane opp emne om bebuarar sine indre prosessar. Line sa at det kunne vere vanskeleg å sette grenser for kor langt inn i relasjonen til bebuaren ho ville gå, då ho berre ville bebuaren sitt beste. Samstundes uttrykte Line at ho av og til fekk lyst til å berre halde igjen og stenge att, då den djupare kontakten med bebuaren opplevdes tøff, då ho blei meir knytta til bebuarane. Gerd kom med dømer på om bebuarar ikkje tok imot tilbod om musikk, med årsak av at vedkommande ikkje stolte på ho.

Desse aspekta får meg til å tenke på Kitwood sitt perspektiv om at pleiarar også har ein eigen personstatus, som gjer at pleiaren i møte med bebuarar kan møte på emosjonell bagasje frå sin eigen fortid. I møte med bebuarane kan dette vekke sårbarheit, smerte eller angst. Nok ein gong synest eg dette peiker på korleis pleiarane si musikknytting fungerer gjennom ei personsentrert tilnærming. Dette perspektivet støttar opp under musikkterapeutisk litteratur som beskriv korleis musikkterapi fungerer som personsentrert omsorg (Stige & Ridder, 2016c).

På ei side tenker eg at det er bra at musikken gjev rom til ei slik personsentrert utfolding. Samstundes vekker det også ei uro i meg. Dette fordi eg då får ei kjensle av å ha opna ei dør som potensielt sett kan gjera at pleiarane ved å lære å nytte musikk, gjev enno meir av seg sjølv i møte med bebuarane. Om ikkje dei samstundes blir ivareteke i desse prosessane, trur eg dette kan bli ei emosjonell påkjenning for pleiarane i pleiekvarden.

Denne uroa har fått meg til å reflektere over viktigheita av å ta pleiarane sin eigenomsorg i vare, eit emne eg trur samstundes handlar om å ta sin eigen personstatus på alvor. Eigenomsorg meiner eg i denne samanheng mellom anna inneber at pleiarane får moglegheit til å bearbeide tøffe inntrykk frå arbeidskvarden, og får tilstrekkeleg oppfølging og kompetanse. Arbeidsvilkår meiner eg også feller innunder dette omgrepet.

Ironisk nok har eg gjennom mine åtte år som pleiar i liten grad hatt fokus på min eigenomsorg, då fokuset mitt har alltid vore på bebuaren. Slik trur eg eigentleg det er for mange pleiarar. Eg utførte eit google-søk for å sjå kva tilgjengeleg informasjon det var om helsepersonell sin eigenomsorg, der eg fann tilnærma ingenting, med unntak av for helsepersonell innanfor palliativ omsorg. Det får meg til å tenke at me treng eit skifte i haldninga når det gjeld pleiarar si eigenomsorg. Eit sentralt spørsmål er då korleis ein kan ivareta aldersinstitusjonspleiarar sin eigenomsorg. Ut ifrå funna og teorien vil eg peike på to faktorar.

Eigenomsorg må leggast til rette på institusjonen der pleiarar arbeider. Dette er eit personsentrert poeng, då Kitwood (1997) skriv at omsorgsorganisasjonen må legge til rette for at pleiarar kan ta sin eigen personstatus i vare. Helsedirektoratet (2016) gjennom Nasjonale faglege retningslinjer poengterer det same ved å skrive at omsorgsarbeidarar må få tilstrekkeleg av opplæring og kompetanseutvikling. Her blir det utdjupa at det er organisasjonen sitt ansvar at tenestene som blir gjeve av pleiarane blir kontinuerlig evaluert, og at nødvendige forbeteringar systematisk blir føreteke.

Den andre faktoren for korleis ivareta pleiarane sin eigenomsorg er ved å ta i bruk musikkterapeutisk kompetanseoverføring. Det er interessant å diskutere om slike tiltak kan fungere som ei slik kontinuerlig evaluering, med systematiske forbeteringar. Ut ifrå pleiarane sine opplevelingar tolkar eg at læringsmodellen hadde ei slik eigenskap i gjennomføringa. Dette ved å jamnleg møtast på refleksjonsmøter, der det blei drøfta over pleiarane sine prosessar av å nytta musikk med bebruarar. Læringsprosessen var her prega av å forbetre bruken av musikk ut ifrå erfaringane pleiarane gjorde seg i pleiekvarden, for at samhandlingssituasjonane skulle bli meir betre.

Som skildra i byrjinga av dette punktet, fungerer musikkterapi som personsentrert omsorg. Slike tiltak kan difor tenkast å kunna vere med å endre pleiekulturen til å ta i vare både pleiarane og bebruarane sine personstatusar. I Line sine tilbakemeldingar i etterkant av tiltaket fortalte ho korleis ho hadde vegra seg frå å nytte musikken med bebruarar. Dette på grunn av sårbarheita i å sleppe vedkommande inn, for så å måtte gje slepp på bebuaren, anten grunna dødsfall eller omplassering. I samband med dette presiserte ho viktigheita av å ha ein musikkterapeut på institusjonen, for å læra pleiarane å skåne seg sjølv når dei nytta musikk med bebruarar.

Desse tilbakemeldingane får meg til å undra over om kanskje musikkterapeutar med fordel kan ha ei sentral rolle i å ivareta eigenomsorga til pleiarar på norske aldersinstitusjonar. Dette ved å følgje opp pleiarane jamnleg i deira nytting av musikk, og vere disponibel for å drøfte utfordrande situasjonar som dukka opp ved bruk av musikken. Kanskje kan dette vere med å bidra til pleiarane sin eigenomsorg i pleiekvarden, då dei ved å jamnleg delta på refleksjonsmøter har ein arena der det ut ifrå ei personsentrert tilnærming er rom for bearbeiding av hendingar, som inneber drøftingar over korleis utøva ein pleiepraksis som både tek i vare pleiarane og bebuarane sine personstatusar.

For at eit slikt tiltak skal fungere, må det peikast tilbake til organisasjonen, då ein på dette planet må prioritere og legge til rette for dette. Då den personsentrerte tilnærminga i stor grad er veklagt i dei Nasjonale faglege retningslinjene (Helsedirektoratet, 2016), burde kanskje slike tiltak verta prioritert?

#### **5.4 Implikasjonar for praksis og forsking**

I denne avhandlinga var siktemålet mitt å evaluere læringsmodellen ved to pleiarar sine opplevelingar, med fokus om å gå i detalj i pleiarane sine fortellingar. Difor har det ikkje vore eit mål for meg å prøve å generalisere i høve til korleis pleiarar generelt opplever ein slik læringsmodell. For at ein derimot skal kunne utvikle læringsmodellar som potensielt sett kan takast i bruk på eit spenn aldersinstitusjonar i Noreg, er det behov for fleire studiar som viser eit spenn av pleiaropplevelingar. Det kunne også her ha vore interessant å forske på korleis bebuarar og pårørande opplever at ein slik læringsmodell blir gjennomført på institusjonen.

Eit aspekt av funna som er drøfta i dette kapittelet, er korleis tida var ei utfordring for pleiarane i høve til å ta i bruk musikken med bebuarar i pleiekvarden. Av denne årsaken blei heller ikkje musikken implementert som del av miljøbehandlinga på lang basis, fortalte Line i etterkant av tiltaket. Eg meiner dette set lys på Vike (2007) sitt perspektiv om dugnadskulturen, der pleiarane i stor grad kjempar mot klokka i oppgåvene som er pålagt dei utføre i løpet av ei arbeidsvakt. Innanfor desse rammene kan det vere utfordrande å skape plass til andre element, i dette tilfellet musikken.

Dette får meg til å tenke at det trengst politisk handling for å gjera arbeidsvilkåra til pleiarar på aldersinstitusjon meir gunstige. Bodskapen kjem jo tydeleg fram i Statsmelding 29, der det blir

peika på studiar der det er ein fordel for både pleiarar, bebuarar og pårørande når pleiarane får moglegheit til å ta i bruk song og musikk (Meld. St. nr. 29 (2012-2013), 2012, s. 85). Likevel viser funna mine at tida gjer det utfordrande å få til å nytte musikken. Kanskje bør det i pleiepraksisen frigjerast meir tid, slik at pleiarane kan nytta musikken med bebuarane?

Eit anna aspekt av tida var tiltaksvarigheita. Her finnast implikasjonar for vidare forsking. Bøysen og Salhus (2014) skriv at det er ei føresetnad at opplæringa foregår over eit visst tidsrom, då kunnskapen slik kan bli reflektert over og modnast gjennom ein læringsprosess. Læringsmodellen sitt omfang opplevde eg som litt knapt til å få til læringsprosessar som gjorde pleiarane sjølvskre på å nytte musikken i etterkant av tiltaket. Dette blei også stadfesta av Line på oppfølgingsmøtet, då ho påpeika viktigheita av å ha ein musikkterapeut til stades på institusjonen for å ivareta pleiarane i musikkbruken.

I høve til vidare utbygging av læringsmodellar om musikkterapeutisk kompetanseoverføring viser dette korleis det er gunstig med oppfylging over ei lengre tidsperiode. Ein kunne eksempelvis utvida læringsmodellen til at ein etter den intensive perioden trappa ned til å ha jamne refleksjonsmøter ein gong i månaden over ein lengre periode. Optimalt sett burde ein sjølvsagt hatt ein tilsett musikkterapeut fast ved den enkelte institusjonen.

Drøftinga gjort i dette kapittelet tok også opp emnet om bebuarane sin indre prosessar, der det blei synt at dette omgrepet ikkje er etablert i musikkterapeutisk litteratur. Kanskje kan dette peike på behovet for vidare utforsking av omgrep som tek føre seg fleire aspekt av eldre sine psyko-sosiale behov, som det å bearbeide opplevelingar frå livet? Mulig omgrepet indre prosessar ikkje er det endelege som skal takast i bruk, men kanskje kan det fungere som eit aspekt til bidrag i vidare forsking, i utviding av omgrep som til dømes emosjonell regulering?

Som litteraturen og funna mine viser er ei musikkterapeutisk tilnærming i kompetanseoverføring for pleiarar på aldersinstitusjon ei praktisering av personsentrert omsorg. Denne tilnærminga har fått eit stort fokus både nasjonalt i form av utarbeidning av ei Nasjonale fagleg retningslinje (Helsedirektoratet, 2016), og internasjonalt (Brooker et al., 2007; Chenoweth et al., 2009; Fossey et al., 2006; Stein-Parbury et al., 2012). Kanskje kunne det difor vore ein fordel å gje meir plass til utvikling av musikkterapeutiske kompetanseoverføringstiltak i form av læringsmodellar på norske aldersinstitusjonar i framtida?

## **5.5 Kritisk blikk på eiga forsking**

I gjennomføringa av læringsmodellen hadde eg både rolle som fasilitator og forskar, samstundes som eg hadde musikkterapeutisk eigenpraksis på institusjonen. Rollane som fasilitator og forskar var derimot nye for meg, og eg er audmjuk for at dette kan ha påverka læringsprosessane til pleiarane. Eg valte å leia heile læringsmodellen sjølv, og slik vere sjølvstendig som fasilitator. Dette fordi eg som nesten ferdig utdanna musikkterapeut, og med ei forkunnskap som pleiar kjende meg sjølvsikker på at eg ville klare å få til gode læringsprosessar hos pleiarane. På møta våre hadde eg fokus på å ta pleiarane sine personstatusar i vare, i form av å møte dei med respekt, og tilpasse læringa ut ifrå deira individuelle preferansar og behov. Eg er likevel audmjuk for at det at eg var ny i denne rollen kan ha påverka kvaliteten i læringa.

Å vere både fasilitator og forskar i ein læringsmodell kan skape potensielle utfordringar, og dette stilte krav til min integritet som forskar. Ei potensiell utfordring eg sjølv reflekterte over i gjennomføringa av læringsmodellen, var om eg stilte spørsmål til pleiarane som la føringar for korleis dei svara. Då eg i forkant av gjennomføringa hadde bygga eit teoretisk rammeverk som var aktivt med i læringa, skjedde slike føringar, då eg i intervjuguiden hadde spørsmål direkte knytt til teorien. Dette ser eg derimot ikkje på som negativt, då eg ville sjå korleis denne teorien passa for pleiarane i læringa av musikalske verktøy for å betre samhandlinga med bebuarane deira. Eg var her også var på å ha ei open haldning i møte med pleiarane, der eg ikkje avgrensa meg til å berre drøfta ut ifrå teorien, men ut ifrå å ta i vare pleiarane sine personstatusar, der eg følgde deira preferansar og ønskjer for læringa.

Ei tenkeleg konsekvens av at eg var ny i forskarrollen, er at dette påverka korleis funna, så vel som korleis drøftinga blei bygga opp. Dette er naturleg, då ein ut ifrå ein hermeneutisk ståstad bruker seg sjølv som fortolkingsreiskap. Eg var derimot var på å ha kontinuerlig oppfølging hjå rettleiar for å drøfte rundt dei ulike delane av forskingsprosessen, der dette var særleg nødvendig i utarbeidning av funna i kapittel fire. Slik meiner eg at eg har klart å sikre ei kvalitet i forskinga.

## 6 AVSLUTNING

---

Ut ifrå mitt ønskje om å sjå om musikalske verktøy kunne hjelpe fleire pleiarar på aldersinstitusjonen i samhandling med bebuarar, utvikla eg i forbinding med mitt masterprosjekt ein læringsmodell. I denne avhandlinga har eg presentert korleis eg har bygga og gjennomført denne, som musikkterapeutisk kompetanseoverføringsarbeid. Læringsmodellen blei evaluert gjennom to pleiarar sine opplevingar av å delta.

Her kom det fram at læringsmodellen var nyttig for pleiarane, både for deira eigen del i pleiekvarden, og i møte med bebuarane deira. Pleiarane sin musikkbruk hadde ulike funksjonar i møte med den enkelte bebuar, der minner og emosjonar blei vekka, og kroppen verka betre. Pleiarane la vekt på korleis musikken kunne sette i gong indre prosessar hjå bebuarane, som grunna tidsknappheit var vanskeleg å følgje opp. Pleiarane fortalte også om korleis musikken skapa ein djupare kontakt, der dette blei opplevd som både fint og utfordrande. Særleg Line syntes det kunne vere tøft og sårbart å kome så nær bebuarar. Dette så vel som fleire emne i funna syner viktigheita av å ta i vare pleiarane sin eigenomsorg, eit emne lite omtalt både i pleiepraksis og litteraturen.

Funna mine hadde ein del likskapstrekk med Ottesen (2014), medan nyansane om bebuarane sine indre prosessar, og behovet for å ivareta pleiarar sin eigenomsorg er nye bidrag i forskingsfeltet. Desse funna blir for meg ei stadfesting om at me treng å endra omsorgskulturen til å i større grad gje rom til ei personsentrert omsorg, der ein som pleiar har tid og ressursar til å yte omsorgstenestar ut ifrå sin eigen personstatus, i møte med bebuarane sine personstatusar. Den musikkterapeutiske læringsmodellen har slik vore eit bidrag til korleis me kan skape ei meir personsentrert omsorgstilnærming på norske aldersinstitusjonar.

Læringsmodellen min blei ikkje implementert på lang sikt på aldersinstitusjonen, og funna peiker på at dette er grunna tidsknappheit og sårbarheita i det å nytte musikken. I vidare forsking og praksisutvikling er det nyttig å ha fokus på å etablere musikkterapeutiske læringsmodellar. Samstundes vil nok ramma rundt, der tid er eit sentralt emne, fortsette å vere ei utfordring på norske aldersinstitusjonar.

## 7 LITTERATURLISTE

---

Andersen, S. S. (2013). *Casestudier: Forskningsstrategi, generalisering og forklaring* (2). Oslo: Fagbokforlaget.

Berentsen, V. D. (2008). *Demensboka: Lærebok for pleie-og omsorgspersonell*. Tønsberg: Forlaget Aldring og helse.

Braun, V. & Clarke, V. (2006). Using thematic analysis in psychology. *Qualitative Research in Psychology*, 3(2), 77-101. doi: <http://dx.doi.org/10.1191/1478088706qp063oa>

Brooker, D., Wooley, R. & Lee, D. (2007). Enriching opportunities for people living with dementia in nursing homes: An evaluation of a multi-level activity-based model of care. *Aging and Mental Health*, 11(4), 361-370.

Bruscia, K. E. (2005). Designing qualitative research. I: B. L. Wheeler (Red.), *Music therapy research* (s. 129-137). Gilsum, NH: Barcelona Publishers.

Bøysen, B. & Salhus, Ø. (2014). Opplæring av helsepersonell og andre samarbeidspartnere. I: B. Stige (Red.), *Ressurshefte for musikkterapeuter i eldreomsorgen. Nettverket musikk og eldre: Samarbeid for forskning og kunnskapsutvikling om musikk, musikkterapi og eldre (2008-2014)*. Bergen: GAMUT - Griegakademiets senter for musikkterapiforskning, Uni Research Helse.

Chenoweth, L., King, M. T., Jeon, Y. H., Brodaty, H., Stein-Parbury, J., Norman, R., . . .

Luscombe, G. (2009). Caring for agged dementia care resident study (cadres) of person-centered care, dementia-care mapping, and usual care in dementia: a cluster-randomised trial. *The Lancet Neurology*, 8(4), 317-325.

Choi, A.-N., Soo Lee, M., Cheong, K.-J. & Lee, J.-S. (2009). Effects of group music intervention on behavioral and psychological symptoms in patients with dementia: A pilot-controlled trial. *International Journal of Neuroscience*, 119(4), 471-481. doi: <http://dx.doi.org/10.1080/00207450802328136>

Edwards, J. (1999). Considering the paradigmatic frame: social science research approaches relevant to research in music therapy. *The Arts in Psychotherapy*, 26(2), 73-80.

Edwards, J. (Red.). (2011). *Music therapy and parent-infant bonding*. New York: Oxford University Press.

Engedal, K. (2014). Alderssykdommer. *Store norske leksikon*. Hentet fra  
<https://sml.snl.no/alderdomssykdommer>

Erlandsen, C. (2014). Tanker rundt fagpolitisk strategi. I: *Ressurshefte for musikkterapeuter i eldreomsorgen. Nettverket Musikk og eldre: Samarbeid for forskning og kunnskapsutvikling om musikk, musikkterapi og eldre (2008-2014)* (s. 31-33). Bergen: GAMUT - Griegakademiets senter for musikkterapiforskning, Uni Research Helse.

Fossey, J., Ballard, C., Juszczak, E., James, I., Alder, N., Jacoby, R. & Howard, R. (2006). Effect of enhanced psychosocial care on antipsychotic use in nursing home residents with severe dementia: Cluster randomised trial. *British Medical Journal*, 332(7544), 756-758.

Gøtell, E., Brown, S. & Ekman, S.-L. (2002). Caregiver singing and background music in dementia care. *Western Journal of Nursing Research*, 24(2), 195-216. doi:  
<https://doi.org/10.1177/019394590202400208>

Gøtell, E., Brown, S. & Ekman, S.-L. (2003). Influence on caregiver singing and background music on posture, movement, and sensory awareness in dementia care. *International Psychogeriatrics*, 15(4), 411-430. doi: <https://doi.org/10.1017/S1041610203009657>

Gøtell, E., Brown, S. & Ekman, S.-L. (2009). The influence of caregiver singing and background music on vocally expressed emotions and moods in dementia care: A qualitative analysis. *International Journal of Nursing Studies*, 46(4), 422-430. doi: 10.1016/j.ijnurstu.2007.11.001

Hammar, L. M., Emami, A., Götell, E. & Engström, G. (2011). The impact of caregivers' singing on expressions of emotion and resistance during morning care situations in persons with dementia: an intervention in dementia care. *Journal of Clinical Nursing*, 20(7-8), 969-978. doi: 10.1111/j.1365-2702.2010.03386.x

Helsedirektoratet. (2016). *Nasjonal faglig retningslinje om demens - Eksternt høringsutkast*  
Helsedirektoratet. Hentet fra <https://www.magicapp.org/app-/guideline/1369>

Helsedirektoratet. (2017). *Kompetanseløft 2020*. Hentet fra  
<https://helsedirektoratet.no/kompetanseloft-2020-5.-bidra-til-god-praksis,-fagleg-utvikling,-større-fagleg-breidd-og-kunnskapsspreiing>

Hyldgaard, Å. (2016). Musikterapi, magtanvendelse og arbejdsmiljø. I: B. Stige & H. M. Ridder (Red.). *Musikkterapi og eldrehelse* (s. 211-220). Oslo: Universitetsforlaget.

Høstmælingen, J. (2009, juni). *Verdsettes som unike*. Hentet 19. april fra  
<http://www.nordemens.no/?PageID=6604&ItemID=5335>

Johannessen, A.-K. M. (2015). Pasientsentrert eldreomsorg. *Sykepleien*, 103(7), 66-69. doi: 10.4220/Sykepleiens.2015.54648.

Kitwood, T. (1997). *Dementia reconsidered: The person comes first*. Buckingham: Open University Press.

Kvale, S. & Brinkmann, S. (2015). *Det kvalitative forskningsintervju* (3). Oslo: Gyldendal Norsk Forlag AS.

Kvamme, T. S. (2013). *Glimt av glede: Musikkterapi med demensrammede som har symptomer på depresjon og angst* (Doktorgradsavhandling, Norges musikhøgskole, Oslo). Hentet fra  
[https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/id/156778/Kvamme\\_Avhandling.pdf](https://brage.bibsys.no/xmlui/bitstream/id/156778/Kvamme_Avhandling.pdf)

Langballe, E. M. & Hånes, H. (2015, 31. mars). *Demens-faktaark: Demens er fellesnemninga på fleire sjukdommar som i første rekke inneber problem med minnet, men også*

*andre alvorlege symptom.* Hentet 16. april fra  
<https://www.fhi.no/fp/psykiskhelse/psykiskhelse/demens/>

Lave, J. & Wenger, E. (2003). *Situeret læring - og andre tekster* (B. Nake, Trans.).  
København: Hans Reitzels.

Livingston, G., Kelly, L., Lewis-Holmes, E., Baio, G., Morris, S., Patel, N., . . . Cooper, C. (2014). A systematic review of the clinical effectiveness and cost-effectiveness of sensory, psychological and behavioural interventions for managing agitation in older adults with dementia. *Health Technology Assessment*, 18(39), 1-226. doi: DOI 10.3310/hta18390

Malloch, S. & Trevarthen, C. (Red.). (2009). *Communicative musicality: Exploring the basis of human companionship*. Oxford: Oxford University Press.

Malterud, K. (2011). *Kvalitative metoder i medisinsk forskning* (3). Oslo: Universitetsforlaget.

Malterud, K. (2012). *Fokusgrupper som forskningsmetode for medisin og helsefag*. Oslo: Universitetsforlaget.

McDermott, O., Crellin, N., Ridder, H. M. O. & Orrell, M. (2013). Music therapy in dementia: a narrative synthesis systematic review. *International Journal of Geriatric Psychiatry*, 28(8), 781-794. doi: 10.1002/gps.3895

Meld. St. nr. 29 (2012-2013). (2012). *Morgendagens omsorg*. Oslo: Helse- og omsorgsdepartementet.

Nasjonalt kompetansesenter for aldring og helse. (2017). *ABC musikkbasert miljøbehandling*. Hentet 03. mai

Nasjonalt kompetansesenter for kultur - helse og omsorg.). *Musikkbasert miljøbehandling*. Hentet 03. mai fra <https://kulturoghelse.no/opplaeringsprogrammet-musikkbasert-miljøbehandling/>

Ottesen, A. M. (2014). *Anvendelse af musikterapi og Dementia Care Mapping i en læringsmodell til udvikling af musiske og interpersonelle kompetencer hos omsorgsgivere til personer med demens: et casestudie med en ethnografisk tilgang* (Doktorgradsavhandling). Det Humanistiske Fakultet, Aalborg Universitet, Denmark.  
Hentet fra [http://vbn.aau.dk/files/204113759/Aase\\_Marie\\_Ottesen\\_august\\_2014.pdf](http://vbn.aau.dk/files/204113759/Aase_Marie_Ottesen_august_2014.pdf)

Ottesen, A. M. & Jacobsen, F. (2016). Musikterapi som læringsrum for professionelle omsorgsgivere. I: B. Stige & H. M. Ridder (Red.). *Musikkterapi og eldrehelse* (s. 199-210). Oslo: Universitetsforlaget.

Pavlicevic, M., Tsiris, G., Wood, S., Powell, H., Graham, J., Sanderson, R., . . . Gibson, J. (2015). The "ripple effect": Towards researching improvisational music therapy in dementia care homes. *Dementia*, 14(5), 659-679. doi: <https://doi.org/10.1177/1471301213514419>

Ridder, H. M. O. (2005). An overview of therapeutic initiatives when working with persons suffering from dementia. I: D. Aldridge (Red.), *Music therapy and neurological rehabilitation* (s. 61-82). London: Jessica Kingsley Publishers.

Ridder, H. M. O. (2011). Musikterapi med demensramte: hukommelse, identitet og musikreminiscens. I: K. Stensæth & L. O. Bonde (Red.). *Musikk, helse, identitet: Skriftserie fra Senter for musikk og helse*, 4 (s. 61-83). Oslo: N.M.H. Publikasjoner.

Ridder, H. M. O. (2016a). Musikaktiviteter ledet af omsorgsgivere. I: B. Stige & H. M. O. Ridder (Red.). *Musikkterapi og eldrehelse* (s. 97-108). Oslo: Universitetsforlaget.

Ridder, H. M. O. (2016b). Musikterapi i en psykosocial demensomsorg i plejebolig. I: B. Stige & H. M. O. Ridder (Red.). *Musikkterapi og eldrehelse* (s. 133-145). Oslo: Universitetsforlaget.

Ridder, H. M. O. (2016c). Musikterapi og personafstemt interaktion i demensomsorgen. *Dansk musikterapi*, 13(1), 38-40.

Ridder, H. M. O. & Stige, B. (2015). Musikterapi til reduktion af agitation hos personer med demens. *Omsorg*, 32(1), 61-65.

Ridder, H. M. O., Stige, B., Qvale, L. G. & Gold, C. (2013). Individual music therapy for agitation in dementia: an exploratory randomized controlled trial. *Aging & Mental Health*, 17(6), 667-678. doi: 10.1080/13607863.2013.790926

Ruud, E. (1979). Musikkterapi. *Musikk i skolen*, 4, 34-35.

Ruud, E. (1990). *Musikk som kommunikasjon og samhandling. Teoretiske perspektiv på musikkterapien*. Oslo: Solum.

Ryen, A. (2002). *Det kvalitative intervjuet: fra vitenskapsteori til feltarbeid*. Bergen: Fagbokforlaget.

Sandve, O. & Enge, K. E. (2014). Musikkterapeutens rolle vs. andre faggruppers rolle. I: B. Stige (Red.), *Ressurshefte for musikkterapeuter i eldreomsorgen. Nettverket Musikk og eldre: Samarbeid for forsking og kunnskapsutvikling om musikk, musikkterapi og eldre (2008-2014)*. Bergen: GAMUT - Griegakademiets senter for musikkterapiforskning, Uni Research Helse.

Skingley, A. & Vella-Burrows, T. (2010). Therapeutic effects of music and singing for older people. *Nursing Standard*, 24(19), 35-41. doi: <http://dx.doi.org/10.7748/ns2010.01.24.19.35.c7446>

Skirbekk, V. F., Strand, B. H. & Tambs, K. (2015). *Demens*: Folkehelseinstituttet Hentet fra <https://www.fhi.no/nettpub/hin/helse-og-sykdom/demens---folkehelserapporten-2014/>

Small, C. (1998). *Musicking. The meanings of performing and listening*. Hanover, NH: Wesleyan University Press.

Stein-Parbury, J., Chenoweth, L., Jeon, Y. H., Brodaty, H., Haas, M. & Norman, R. (2012). Implementing person-centered care in residential dementia care. *Clinical Gerontologist*, 35(5), 404-424.

Stige, B. (2016). Helsemusikkering i et sosiokulturelt perspektiv. I: B. Stige & H. M. Ridder (Red.). *Musikterapi og eldrehelse* (s. 45-56). Oslo: Universitetsforlaget.

Stige, B. (Red.). (2014). *Ressurshefte basert i prosjektet "Musikk og eldre 2008-2014"*. Bergen: GAMUT - Griegakademiets senter for musikkterapiforskning (Universitetet i Bergen og Uni Research Helse).

Stige, B. & Ridder, H. M. O. (2016a). Fagutvikling i praksis. I: B. Stige & H. M. O. Ridder (Red.). *Musikkterapi og eldrehelse* (s. 234-238). Oslo: Universitetsforlaget.

Stige, B. & Ridder, H. M. O. (2016b). Musikk som mulighet og rettighet. I: B. Stige & H. M. O. Ridder (Red.). *Musikk og eldrehelse* (s. 21-27). Oslo: Universitetsforlaget.

Stige, B. & Ridder, H. M. O. (Red.). (2016c). *Musikkterapi og eldrehelse*. Oslo: Universitetsforlaget.

Stige, B. & Aarø, L. E. (2012). *Invitation to community music therapy*. New York: Routledge.

Thagaard, T. (2013). *Systematikk og innlevelse: En innføring i kvalitativ metode* (4). Bergen: Fagbokforlaget.

Trehub, S. E. (2003). The developmental origins of musicality. *Nature Neuroscience*, 6(7), 669-673. doi: 10.1038/nn1084

Tuastad, L. (2014). *Innanfor og utanfor: rockens rolle innan kriminalomsorg og ettervern* (Doktorgradsavhandling). Universitetet i Bergen, Bergen.

Verdighetsgarantiforskriften. (2011). *Forskrift om en verdig eldreomsorg (verdighetsgarantien)*. Hentet 20. mai fra  
<https://lovdata.no/dokument/SF/forskrift/2010-11-12-1426?q=verdighetsgaranti>

Vike, H. (2007). Kvinnelig bemanning - og dugnaden i velferdsstaten. *Sykepleielederen*, 2, s. 21-31.

Wheeler, B. L. & Kenny, C. (2005). Principles of qualitative research. I: B. L. Wheeler (Red.), *Music therapy research* (2.utg., s. 59-71). Gilsum, NH: Barcelona Publishers.

World Health Organisation. (2016, april ). *Dementia*. Hentet 16. mai fra  
<http://www.who.int/mediacentre/factsheets/fs362/en/>

## Vedlegg 1: Kvittering for prosjektgodkjenning frå NSD

---



Brynjulf Stige  
Griegakademiet - Institutt for musikk Universitetet i Bergen  
Postboks 7800  
5020 BERGEN

Vår dato: 31.10.2016

Vår ref: 50143 / 3 / HJP

Deres dato:

Deres ref:

### TILBAKEMELDING PÅ MELDING OM BEHANDLING AV PERSONOPPLYSNINGER

Vi viser til melding om behandling av personopplysninger, mottatt 22.09.2016. Meldingen gjelder prosjektet:

50143	<i>Musikkterapi i krevjande samhandlingssituasjoner på aldersinstitusjon</i>
Behandlingsansvarlig	<i>Universitetet i Bergen, ved institusjonens øverste leder</i>
Daglig ansvarlig	<i>Brynjulf Stige</i>
Student	<i>Camilla Hay</i>

Personvernombudet har vurdert prosjektet og finner at behandlingen av personopplysninger er meldepliktig i henhold til personopplysningsloven § 31. Behandlingen tilfredsstiller kravene i personopplysningsloven.

Personvernombudets vurdering forutsetter at prosjektet gjennomføres i tråd med opplysningsene gitt i meldeskjemaet, korrespondanse med ombudet, ombudets kommentarer samt personopplysningsloven og helseregisterloven med forskrifter. Behandlingen av personopplysninger kan settes i gang.

Det gjøres oppmerksom på at det skal gis ny melding dersom behandlingen endres i forhold til de opplysninger som ligger til grunn for personvernombudets vurdering. Endringsmeldinger gis via et eget skjema, <http://www.nsd.uib.no/personvern/meldeplikt/skjema.html>. Det skal også gis melding etter tre år dersom prosjektet fortsatt pågår. Meldinger skal skje skriftlig til ombudet.

Personvernombudet har lagt ut opplysninger om prosjektet i en offentlig database, <http://pvo.nsd.no/prosjekt>.

Personvernombudet vil ved prosjektets avslutning, 09.12.2016, rette en henvendelse angående status for behandlingen av personopplysninger.

Vennlig hilsen

Kjersti Haugstvedt

Hanne Johansen-Pekovic

Kontaktperson: Hanne Johansen-Pekovic tlf: 55 58 31 18

Vedlegg: Prosjektvurdering

*Dokumentet er elektronisk produsert og godkjent ved NSDs rutiner for elektronisk godkjenning.*

## Vedlegg 2: Tekstmelding (SMS) som rekrutteringsform

---

[Teksten under er ei direkte attgjeving av tekstmeldinga som eg sendte til pleiarane eg ønska å rekruttere].

Heisann! Eg har eit spørsmål, og eg skriv det på mld så du kan tenke over det uten press! Eg skal jo i november gjennomføra ei studie på arbeidsplassen din, og eg vil gjerne ha deg med om du har lyst og mulighet 😊

Temaet er å bruka musikk for å betre krevjande samhandlingssituasjonar med dei eldre, og studien har fokus på 3 bebuarar kor situasjonar som eksempelvis morgonstell kan være særleg utfordrande.

Heilt konkret inneber deltaking i studien å i løpet av november være med på tre gruppessamlinger på ca 45 min saman med ca. 1 annan pleiar og meg (gruppene vil skje i arbeidstida, og det vil bli servert noko spanande;)).

På fyrste samling vil eg gje ei innføring i korleis ein som pleiar enkelt kan bruka musikk i samhandlingssituasjonar, og gruppene vil på denne måten fungere som ein slags læringsarena, samt ein arena for å diskutera og dele perspektiv og tankar rundt tema. Parallelt med dette inneber deltakinga at du som pleiar mellom gruppessamlingane er open for å prøve ut musikk når du er i pleiesituasjonar med dei utvalte bebuarane, kor eg har forberedt musikkliste for desse bebuarane. Her er det ingen forutsetting at ein skal ha musikalsk kompetanse, då bruken av musikk her er i enkel forstand, og like mykje kan bety å snakke om kva ein song har betydd for bebuaren osb.

Hensikten med studien er å høre deka opplevelser og tankar som pleiarar i forhold til det å bruke musikk på denne måten. Om slik bruk av musikk oppleves hensiktsmessig for dykk eller ikkje 😊

Samtalane i gruppene blir tatt opp, då eg vil bruke det som kjem fram som grunnlag for masteroppgåva mi, men all informasjonen vil bli anonymisert.

Eg vil presisera at ein ikkje treng noko musikalsk kunnskap for å delta i studien! :)

Ring meg veldig gjerne visst du vil snakka litt rundt studien osb. Eg berre tenkte det var greit å gje deg ei lita oversikt på melding i første runde 😊

Eg trur dette blir veldig spanande, og eg håpar sjølvsagt at du er så nysgjerrig at du slenger deg på ;)

## **Vedlegg 3: Førespurnad om deltaking i forskingsstudie**

---

### **Musikkterapi for å betre krevjande samhandlingssituasjonar på aldersinstitusjon**

**Ei kvalitativ studie som utforskar korleis musikkterapeuten kan stimulere pleiepersonell si læring i forhold til krevjande samhandlingssituasjonar med bebuarar på aldersinstitusjon**

#### **Bakgrunn og formål**

Har du lyst å delta i ei spanande forskingsstudie i samband med masteravhandlinga mi i musikkterapi ved Griegakademiet i Bergen? Dette er ei studie som skal utforske korleis de som pleiepersonell opplever det å ta i bruk musikk og gestar for å betre krevjande samhandlingssituasjonar med bebuarar på institusjonen. Musikken vil i dette tilfellet være basert på bebuarane sine preferansar, og gestbruken vil skje i form av å tone seg inn på bebuarane sin energi og kjensleuttrykk. Motivasjonen for å laga ei studie rundt dette temaet grunnar ut ifrå samtalar eg som pleiar har hatt med kollegaer i eldreomsorga, om kor utfordrande det kan være å få gode samhandlingssituasjonar med bebuarar som har utvida utfordringar og diagnosar. Då eg sjølv har opplevd det hjelpsamt å bruka musikk i denne samanheng, vil eg difor gjennomföra ei studie som skal utforska kor vidt fleire pleiarar kan dra nytte av å bruka musikk på denne måten.

#### **Kva inneber det å være med i studien?**

For å delta i studien bør du som pleiar være nysgjerrig og open for å læra å ta i bruk musikk og gestar med bebuarane i kvardagen, og samtidig gjennom studien være interessert i å dela av din kompetanse og erfaring som pleiepersonell i relevans opp mot temaet. Som deltakar i studien vil du være med i tre fokusgruppeintervju i haust, kor desse vil fungera som ein læringsprosess i forhold til korleis de som pleiarar kan bruka musikk i kvardagen med bebuarane, med intensjon om å skapa betre samhandling. I gruppene vil me ta utgangspunkt i tre bebuarar kor samhandling kan være særleg krevjande, og eg vil i forkant av den første gruppa, i samband med min musikkterapeutiske eigenpraksis på 90 timer, ta for meg desse tre bebuarane i form av individuell musikkterapi. Der blir fokuset å utvikle preferansebaserte musikklistar, som igjen vil bli veklagt i fokusgruppene, saman med læring om bruken av gestar, og teori knytt til eldreomsorga. De som pleiarar vil innleiingsvis på fyrste fokusgruppe få innsikt i korleis bruка

musikk i lys av dette, samt bli oppmuntra til å ta i bruk slik musikk med bebuarane i kvardagen. Erfaringane som de gjer dykk i institusjonskvardagen vil igjen bli grunnlag for refleksjon og samtale i dei neste fokusgruppесamlingane. Fokusgruppene vil ta plass på aldersinstitusjonen, vare i ca. 45 minuttar, og skje i løpet av arbeidstida. Det vil også bli matservering.

### **Kva skjer med informasjonen om deg?**

Samtalen frå fokusgruppeintervjua vil bli tatt opp på lydopptakar, då eg i etterkant vil transkribera og analysera informasjonen opp mot problemstillinga for masteravhandlinga mi. Det vil berre være eg sjølv som har tilgang til denne lydopptakaren, og opptaka vil umiddelbart bli sletta etter transkriberinga. Alle opplysningar som kan knytast til pleiarar og bebuarar vil anonymiserast i eit kodesystem allereie i transkriberingsprosessen, så full anonymitet vil utøvast både her og i det ferdige resultatet av masteravhandlinga, som skal leverast i mai 2017. Deltaking i studien er frivillig, og ein kan kor tid som helst trekkja seg utan grunngjeving.

Ynskjer du å delta, skriv du under samtykkeskjemaet på neste side. Har du spørsmål utover dette, eller seinare ynskjer å trekke deg ifrå studien, kan du ta kontakt med meg på mobil: 91830809, eller e-post: [haycamilla@gmail.com](mailto:haycamilla@gmail.com)

Forskningsstudien er meldt til Personvernombodet for forsking, Norsk senter for forskningsdata AS.

Venleg helsing

Camilla Hay, under rettleiing av Brynjulf Stige

## **Vedlegg 4: Samtykkeskjema**

---

### **Samtykke til deltaking i forskingsstudien**

Eg har mottatt informasjon om studien ”Musikkterapi for å betre krevjande samhandlingssituasjoner på aldersinstitusjon”, og er villig til å være deltakar.

---

(Signert av studiedeltakar, dato)

## Vedlegg 5: Intervjuguide 1

---

Nivå 1: klinisk	Utdjuping av spørsmåla
Kva tenkjer de rundt det å ta i bruk musikk for å betre kreyjande samhandlingssituasjonar med bebuarane?	<ul style="list-style-type: none"> <li>• F1: Tankar på forhand om kvifor slik bruk av musikk kan fungere for samhandling?</li> <li>• F1: Har de tidlegare erfaring med å bruka musikk med bebuarar?</li> <li>• F1: Har de tankar rundt korleis musikk med bebuarane kan støtte dykk som pleiarar i ein pleiekvartdag?</li> <li>• F1: Ein pleiekvartdag er jo ofte travel; vil musikken passa inn? Eller bere bli eit ekstra stressmoment/ ”noko ein berre må gjera”?</li> <li>• F1: Når er musikkbruk med bebuarar ikkje hensiktsmessig? Når kan det verka mot si hensikt?</li> </ul>

Nivå 2: læringsprosessen	Utdjuping av spørsmåla
Korleis opplever de ei slik læringsform som forskingsstudien presenterer, for å betre samhandlingssituasjonar med bebuarane?	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Tankar rundt dette? Er det ein god måte å lære på?</li> <li>• Korleis kunne det blitt gjort annleis for å betre læringsprosessen?</li> <li>• Modellen er jo veldig enkel; for enkel? Kva kunne supplert?</li> </ul>

## Vedlegg 6: Intervjuguide 2

---

### PROSESSARBEID

#### Interpersonleg

##### **Personsentrert omsorg**

Har de tenkt noko på personsentrert omsorg sidan sist?

Var det noko ved denne tilnærminga som var særlig nyttig å læra?

Har de tenkt noko på denne tilnærminga i møte med bebuarane?

##### **Musikkterapi**

Korleis har det vore å ta i bruk musikk med bebuarane ut ifrå det me snakka om sist?

Har de hatt noko erfaring med å ta i bruk musikkpreferansene sidan sist?

Har de erfaringar/opplevingar på når musikk var nyttig å bruka/ikkje bruka?

Har de erfaringar/opplevingar der de merka at musikk var nyttig for å betra krevjande samhandlingssituasjonar?

Har dykk som pleiarar hatt nytte av å bruka musikken? Stressreduksjon?

Korleis har det vore å skulla prøva ut musikk i ein travel pleiekveldag?

#### Læringsmodellen

Ser dykk for dykk at det er nyttig at ein musikkterapeut arbeider med å overføre teknikkar til pleiarar?

Kva synes dykk om denne læringsmodellen som ein måte å gjera dette på?

#### **Struktur**

Korleis fungerar strukturen på møtene våre?

#### **Innhold**

Har de nokre tankar i forhold til innholdet på desse gruppene? Noko meir som kunne vore med?

## Vedlegg 7: Intervjuguide 3

---

Målet for denne samlinga er å snakke litt om erfaringar/opplevingar sidan sist.

Denne samlinga skal fungera som ei oppsummering av kva som fungerer/ikkje fungerer når det gjeld klinisk arbeid og læringsmodellen.

Snakka litt om vegen vidare, korleis dei kan fortsette å bruke musikken vidare.

Informer om at me kan møtast igjen over nyttår, når analysen utarbeidast. Dette for å gje dei innsikt i måten eg har analysert det dei har sagt, samt fylgje opp korleis det i ettertid har vore å ta i bruk musikken, og at dette vil skje utan lydopptakar.

### Spørjemål:

#### I møte med bebuarane

Korleis har det vore sidan sist, i forhold til bruk av musikk med bebuarane?

Nokre tankar om når det generelt passer/ikkje passer å bruke musikk med bebuarane?

#### Læringsmodellen

Korleis har læringsmodellen vore?

#### Vegen vidare

Har de tankar om korleis det blir å bruka musikken framover, når desse samlingane er slutt?

Er verktøya de har fått relevante i framtida?